


# PLAN FOR KULTURMINNEVERNET I MØRE OG ROMSDAL

## DEL AV FYLKESDELPLAN FOR KULTUR



- GRUNLAG FOR PLANARBEIDET
- STATUS FOR KULTURMINNEVERNET  
I MØRE OG ROMSDAL

Illustrasjonen er den "Julianske borg" -ein labyrinth på Vartdalsfjellet i Ørsta kommune  
Teikning: Arkeolog Øyunn Kleiva



MØRE OG ROMSDAL  
FYLKESKOMMUNE

## INNHALD

	<b>Side</b>
<b>3. GRUNNLAG FOR PLANARBEIDET</b>	<b>3</b>
3.1. Planen sin status	3
3.2. Organisering av arbeidet	3
3.3. Heimel for planarbeidet	3
3.4. Statlege føringar	4
3.5. Omgrep – avklaringar	6
<b>4. STATUS FOR KULTURMINNEVERNET I MØRE OG ROMSDAL</b>	<b>8</b>
4.1. Kulturhistorisk oversyn	8
4.2. Verneoppgåvene i fylket	22
4.3. Forvaltninga	30
4.4. Kva er gjort til no?	34
4.5. Evaluering av arbeidet til no	48
4.6. Utvikling innan andre sektorar som berører vern av faste kulturminne	54

### FYLKESDELPLAN FOR KULTURMINNEVERNET I MØRE OG ROMSDAL, PLANHEFTE 2

**Utgjevar:** Møre og Romsdal fylkeskommune  
Kulturavdelinga  
Fylkeshuset, 6404 Molde  
**telefon:** 71 25 80 00/71 25 88 33  
**telefax:** 71 25 88 37  
**e-post:** kultur@mr-fylke.org

**Utarbeidd av:** tekst: fylkeskonservator Jens Peter Ringstad  
illustrasjon-/fotoredaktør: kulturvernkonsulent Brit Hansen

**Layout og pretrykk:** Grafisk seksjon v/grafisk konsulent Jostein Fuglset

**Trykt:** Betten Grafiske AS 12.2002

**Opplag:** 1500 eks

# 3. GRUNNLAG FOR PLANARBEIDET

## 3.1. PLANEN SIN STATUS

Planen skal ha status som fylkesdelplan etter Plan- og bygningsslova (PBL) sin § 19-1 om fylkesplanlegging som i sjette ledd gir høve til å utarbeide slik plan: "Når det er hensiktsmessig, kan det utarbeides fylkesplan for bestemte virksomhetsområder eller grupper av tiltak fylkesplanleggingen omfatter og for deler av fylket". Etter § 19-3 i PBL er det oppnemnt ei tverrsektoriell styringsgruppe og ei fagleg arbeidsgruppe til planarbeidet. Kommunane har gjennom kunngjering, rundskriv og prosessmøte vorte inviterte til å gi innspel i planprosessen.

Etter bestemmingane i § 19-4 i PBL skal planforslaget utsendast på offentlig ettersyn og vedtakast av fylkestinget før den vert lagt fram for Miljøverndepartementet til godkjenning. Etter PBL § 19-6 skal fylkesplan (og fylkesdelplan) leggst til grunn for fylkeskommunal verksemd og vere retningsgivande for kommunal og statleg planlegging. Fylkesdelplanen vil bli lagt til grunn når fylkeskommunen og den regionale statsforvaltninga uttalar seg til kommune- og reguleringsplanar.

## 3.2. ORGANISERING AV ARBEIDET

### 3.2.01. OPPNEMNING AV TVERRSEKTORIELL STYRINGSGRUPPE

Etter vedtak i kulturutval og fylkesutval (sak U-78/98A) vart hovudutvala i fylkeskommunen, fylkesmannen, Statens vegvesen og KORG oppmoda om å oppnemne representantar til ei styringsgruppe for planarbeidet.

#### Styringsgruppa er slik samansett:

oppnemnt av:

- |   |                                       |
|---|---------------------------------------|
| - kulturutvalet:                                  | Per Arne Skomsø, Rauma                |
| - kulturutvalet:                                  | Eva Kolås, Ørsta                      |
| - nærings- og miljøutvalet:                       | Ingvald Olav Hatløy, Ulstein          |
| - samferdselsutvalet:                             | Kjell Øie, Kristiansund               |
| - helse- og sosialutvalet:                        | Viggo Jordahl, Kristiansund           |
| - utdanningsutvalet:                              | Veslemøy Hungnes, Vestnes             |
| - fylkesmannen, miljøvernavdelinga:               | Trond Haukebø, Molde                  |
| - fylkesmannen, landbruksavdelinga:               | Kari Wiggen, Molde/<br>Synnøve Valle* |
| - Statens vegvesen, vegkontoret i Møre og Romsdal | Geirmund Nordal, Molde                |
| - KORG (kulturvernets fellesorganisasjon)         | Odd Williamsen, Kristiansund          |

\*Frå 1. januar 1999 vart Kari Wiggen erstatta av Synnøve Valle, Fræna.

### 3.2.02. OPPNEMNING AV ARBEIDSGRUPPE

Etter vedtak i kulturutvalet og fylkesutvalet (sak U-78/98A) vart fylkesmannen, nærings- og miljøsjefen og kultursjefen oppmoda om å oppnemne representantar til ei fagleg arbeidsgruppe for fylkesdelplanarbeidet.

#### Arbeidsgruppa er slik samansett

oppnemnt av:

- |                             |  |
|-----------------------------|--|
| - fylkesmannen:             | Kari Wiggen/Synnøve Valle*                               |
| - nærings- og miljøsjefen:  | Helge Aarset   |
| - kultursjefen:             | 1 arkeolog (Bjørn Ringstad og Øyunn Kleiva deler vervet) |
| - oppnemnt av kultursjefen: | Christ Allan Sylthe                                      |

\*Frå 1. januar 1999 vart Kari Wiggen erstatta av Synnøve Valle.

### 3.2.03. KONSTITUERING AV STYRINGSGRUPPE

Styringsgruppa konstituerte seg i møte 24. september 1998. Per Arne Skomsø vart valt som leiar og Veslemøy Hungnes som nestleiar.

## 3.3. HEIMEL FOR PLANARBEIDET

### 3.3.01. TID FOR KULTUR

Den kulturpolitiske strategiplanen for Møre og Romsdal, Tid for kultur vart vedteken av fylkestinget i juni 1995. Frå innleiingskapittelet kvifor kulturpolitisk strategiplan vil eg sitere: Med planen vil vi:

- vise korleis vi i fellesskap kan utvikle Møre og Romsdal som kulturfylke gjennom å bygge på dei fellestrekk og særdrag som finst i dei ulike delane av fylket.
- få ein overordna plan for delplanar innan kulturområdet, slik som museumsplanen, bibliotekplanen, kulturbyggplanen, plan for kulturminnevernet osv.

Frå opplistinga av dei ni viktigaste utfordringane er teke med som sitat nokre av utfordringane frå tre av overskriftene:

1. Forankring i kulturarven – "Byggje vidare på og utvikle eksisterande enkeltbygg og bygnings- og landskapsmiljø. Desse må utviklast som miljø- og identitetsskapande samlingspunkt og til inspirasjon for flest mogleg. Gi rammevilkår som gjer det mogleg å verne om kulturarven og ta den i bruk. Skoleverket, biblioteka, barnehagane og reiselivet må ta i bruk dei tilgjengelege kulturminna i arbeidet med å bevisstgjere vår eigenart og det særeigne ved kulturarven".
4. Omgivnader som trivselsfaktor – For kommunane: Bruke kulturhistoriske og estetiske verdiar som utgangspunkt for og rettesnor i arealplanlegginga og byggesaksbehandlinga. For fylkeskommunen: Samarbeide med og oppmode kommunar med truga kulturhistoriske verdiar til å utarbeide verneplanar. Vere med å til rette leggje for styrking av kulturhistorisk og estetisk kompetanse i kommunane. Sette opp krav til vidareføring av særpreg, byggjeskikk og tradisjonar som vilkår for å få økonomisk stønad til idrettsbygg, regionale og lokale kulturbygg. For fylkeskommunen - i samarbeid med andre offentlege instansar, frivillige og institusjonar: Utvikle og delta aktivt

med informasjon for auka forståing for vidareføring av tradisjonar og særpreg og estetiske verdiar. Gi råd til huseigarar om byggjeskikk og særpreg for Møre og Romsdal.

9. Kultur er verdiskaping – For fylkeskommunen og kommunane: Bli medvitne om sin lokale og regionale eigenart i høve til kultur og oppvekstmiljø. Vidareutvikle denne eigenarten i eit aktivt og positivt samarbeid med næringslivet på ein slik måte at forankringa i kulturarven og den kulturelle eigenverdien ikkje går tapt.

#### Forpliktande tiltak

Kapittelet om forpliktande tiltak er delt i fem avsnitt. Tiltaksavsnitt 4 har overskrifta: Kulturminne og kulturvern som framtidig identitets- og trivselsfaktor. Eit av dei fire enkelttiltaka som er opplista er: Utarbeide plan for kulturminnevernet utanom musea.

#### 3.3.02. FYLKESPLAN 1997-2000

Under hovudavsnittet regional miljøpolitikk er det lista opp fire utfordringar. To av dei vedkjem kulturminnevernet:

Kyst- og strandsona og utmarka blir mykje brukt. Konflikatar mellom vern og næringsinteresser er vanleg. Utsette kulturmiljø, og tettstader som treng opprustning, har vi mange av i Møre og Romsdal. Hovudavsnittet er vidare inndelt i seks kapittel med kvar si tiltaksliste. To av kapitla vedkjem særleg kulturminnevernet:

#### 5. Kulturmiljø. Tiltak:

1. Vurdere korleis det er mogleg å styrkje informasjons- og rådgivingstenesta for forvaltning og vern av kulturmiljø i fylket.
  2. Ta initiativ til freding/vern av eit representativt utval av verdifulle kulturmiljø og setje av nødvendige midlar til stimulans av skjøtsel av desse miljøa. I ei slik vurdering skal aktiv bruk vurderast.
6. *Tettstadsutvikling. Tiltak:*
2. Vidareføring av Tettstadsprogrammet.

#### 3.3.03. FYLKESTINGSMÅL

For økonomiplanperioden 1996-1999 blei det vedteke seks fylkestingsmål (FT-mål) for kulturområdet. Fylkestingsmål 1 omfattar planar som skal utarbeidast og ferdigbehandlast i planperioden. Av dei fem planane som er opplista der, er det plan for kulturminnevern som er sist ut med oppstart. I årsrapporten til kulturavdelinga er det rapportert til dette punktet under FT-mål: "Arbeidet har ikkje starta opp. Det er naudsynt med ekstra ressursar".

#### 3.3.04. SAK KU-24/98A, SAK U-78/98A

Etter fullført sakshandsaming gjorde fylkesutvalet i sak U-78/98A vedtak etter framlegg frå kulturutvalet i sak KU-24/98A. Eg siterar frå fylkesutvalet sitt vedtak:

1. Det skal utarbeidast ein fylkesdelplan for kulturminnevernet i Møre og Romsdal.
2. *Organisering:* Arbeidet skal organiserast med ei tverrsektoriell styringsgruppe, ei arbeidsgruppe og eit sekretariat. Planen skal kunngjerast og sendast på høyring etter reglane for fylkesdelplanar. Fylkeskulturavdelinga skal vere sekreta-

riat for arbeidet med utgreiinga i samarbeid med fylkesplansekretariatet. Fylkesdelplanen for kulturminnevernet skal vere ein retningsgivande plan for kulturminnevernet i Møre og Romsdal.

3. *Mandat:* Planen skal byggje på nasjonale mål for området, fylkesplanen for Møre og Romsdal, fylkestingsmål og kulturpolitisk strategiplan. Hovudutfordringa ligg i å gi kulturminnevernet ein plass i ei heilheitleg ressurs- og miljøforvaltning i Møre og Romsdal. Planen skal innehalde status, mål, strategiar og handlingsprogram".

## 3.4. STATLEGE FØRINGAR

Nasjonale mål for kulturvern arbeidet er nedfelt i ei rekkje dokument som: stortingsmeldingar, rundskriv og utgreiingar.

#### 3.4.01. OPPFØLGING AV RIO-KONFERANSEN 1992

Norge si oppfølging av Rio-konferansen har resultert i tre viktige dokument:

- Stortingsmelding nr. 58 (1996-97), "Bærekraft-meldinga"
- T-937 "Tenke globalt - handle lokalt"
- Regjeringa sitt langtidsprogram (AGENDA 21)

Dokumenta slår fast at det overordna miljøvernarbeidet skal bygge på følgjande hovudprinsipp:

- Bærekraftig utvikling respekt for naturen sine tålegrensar, som inneber at noverande generasjonar sine behov bør dekkast utan at ein svekker moglegheitene for at framtidige generasjonar skal få sine behov dekt.
- Berekraftig kulturminnevern, som inneber at framtidige generasjonar får same vilkår som vår generasjon til å forstå og oppleve historia.
- Miljøvern som sektorovergripande ansvar, som inneber at miljøvernmyndighetene er med og set miljøkrav for andre sektorar.
- Sektorprinsippet, som inneber at andre sektorar, både offentlege og private har sjølvstendig ansvar for å ta miljøomsyn.
- Førre var prinsippet, som inneber at tvilen skal kome miljøet til gode når det er tvil om konsekvensane av eit tiltak.
- Kostnadseffektivitet, som inneber at miljømåla skal nåast til lavast mogleg samfunnsøkonomiske kostnader.

I rundskriv T-937 Tenke globalt – handle lokalt står det at kulturvern er eit viktig satsingsområde i det kommunale miljøvernarbeidet. Ein må sjå kulturminne, kulturlandskap og kulturmiljø i samheng med arealpolitikk og utvilking. Dei kommunane utfordringane vert:

- å bevare kulturminne, kulturlandskap og kulturmiljø som har meining og verdi lokalt.
- å leggje til rette for bruk, vedlikehald og formidling av tradisjonar og oppbygging av kompetanse.

Lokal Agenda 21 (LA21) er den lokale delen av regjeringa sitt langtidsprogram på feltet. LA21 har også danna grunnlaget for den såkalla Fredrikstad erklæringa (1998), som mange kommunar, fylkeskommunar og organisasjonar har slutta seg

til. I erklæringa sitt punkt i står: "ta vare på kulturminner og kulturmiljø som en del av vår identitet og miljø".

I sak T-64/98 gjorde Møre og Romsdal fylkesting vedtak om å slutte seg til Fredrikstad erklæringa og legge intensjonane i erklæringa til grunn for utviklinga av "Fylkesplan 2001-2004".

#### **3.4.02. ST.MELDING NR.29 (1996-97), "REGIONAL PLAN-LEGGING OG AREALPOLITIKK"**

Meldinga legg vekt på at arealforvaltninga skal sikre natur- og kulturopplevingar, rekreasjon og friluftsliv.

#### **3.4.03. ST.MELDING NR.61 (1991-92), "KULTUR I TIDEN"**

I meldinga vert det slått fast at det er viktig å bygge bru mellom bevaring og endring.

#### **3.4.04. T-4/92, KULTURMINNEVERN OG PLANLEGGING ETTER PLAN- OG BYGNINGSLOVA**

Under punkt 2.4 Fylkesplanlegging står: "I fylkesplanene må hensynet til kulturminnene i langt sterkere grad enn hittil trekkes inn når arealbruk og lokalisering av utbyggingstiltak skal avklares. Det er også viktig for å kunne føre en helhetlig og samordnet miljøvernpolitikk, at kulturminner og kulturmiljø av nasjonal og regional betydning blir innarbeidet og omtalt i planen som en del av det samlede miljøvern."

#### **3.4.05. T-6/90, HOVEDREVISJON AV FYLKESPLANLEGGINGEN**

Under overskrifta: Bærekraftig utvikling og miljøhensyn står: "tråd med Stortingsmelding nr. 46 (1988-89) mener departementet at fylkeskommunene må integrere hensynet til miljøet og utnyttelsen av naturressursene og de fysiske kulturminnene i sin planlegging. Gjennom fylkesplanleggingen må langsiktige miljø- og ressursvurderinger trekkes sterkere inn i arbeidet med å avklare arealbruk og utbyggingsmønster. Samtidig skal miljøhensynene bringes inn i landbruk, fiskeri, industri og annen næringsvirksomhet. Fylkeskommunen har også klare oppfølgingsoppgaver innenfor egne forvaltningsområder, i første rekke samferdselspolitikken, energiforsyningen, kulturminnevernet og skoleverket."

#### **3.4.06. T-2/98, NASJONALE MÅL OG INTERESSER I FYLKES- OG KOMMUNEPLANLEGGINGA**

Rundskrivet er inndelt i fem kapitler. I kapittel 1; det regionale plansystemet, under avsnittet om tilhøvet til sektorlovgevinga står: "For bruk og vern av areal, kulturminne og naturressursar vil enkelte sektorlover vere viktige planleggings- og styringsreiskap i tillegg til plan- og bygningslova. Behandlinga, både etter plan- og bygningslova og sektorlovene, skal vere forankra i solide, faglege vurderingar. Organ som har oppgåver knytt til ressursforvaltning, vernetiltak, utbygging eller sosial og kulturell utvikling innanfor kommunen sitt område, skal gje kommunen nødvendig hjelp i planleggingsarbeidet. Siktemålet er å få eit godt samspel mellom sektorane sine faglege vurderingar og kommunen sin lokal-kunnskap."

I kapittel 2; Bærekraftig utvikling og ressursforvaltning, under avsnittet om kvardagsliv og nærmiljø står: "Kulturminne og kulturmiljø er viktige kvalitetar i omgivnadene, og plasserar

dagens samfunn i ei historisk utvikling. Dette har mykje å seie for staden sin identitet, og for bandet til komande generasjonar. Verneverdige bygningar og bygningsmiljø må i større grad forvaltast gjennom plan- og bygningslova. Hovudansvaret ligg hos kommunane. Kommuneplanen bør innehalde ein klar politikk for kulturminna i kommunen og korleis den skal gjennomførast, m.a. i arealplanar og byggjesaksbehandling. Kulturminnestyremaktene på regionalt nivå, dvs. fylkeskommunane, bør medverke aktivt i kommunen si planlegging og gjennomføring.

Forsvaret sin eldre bygningsmasse vert vurdert av Forsvarets kulturminneprosjekt (FKP), i regi av Forsvarets bygningsteneste og Riksantikvaren. Nyare bygningsmasse, anlegg og tiltak vert vurdert ut frå strenge krav om funksjonelle og nøkterne omsyn, og nye krav om estetiske kvalitetar.

Til støtte for kommunane bør fylkeskommunen utarbeide fylkes(del)planar som klargjer korleis kulturminna i fylket kan verte verna og forvalta som ressurs og miljøfaktor."

#### **3.4.07. T-3/98, ARBEIDET MED FYLKESPLANANE - FYLKESKOMMUNEN OG STATEN SINE ROLLER OG OPPGÅVER**

(Rundskrivet var varsla i T-2/98, men har endå ikkje kome pr. 01.03.1999)

#### **3.4.08. HANDLINGSPLAN FOR KULTURMINNEFORVALTNINGA (MD-92)**

Planen tek for seg kulturminnevernet i høve til andre sektorar og understrekar den enkelte samfunnssektor sitt ansvar for dei kulturminna den forvaltar. Planen slår fast behovet for eit sektorovergripande perspektiv i kulturminnevernet. Miljøverndepartementet rår til at Riksantikvaren utarbeidar nasjonale verneplanar (landsverneplanar) for marine kulturminne, fartøy, fyr stasjonar og kyrkjer. Det vart foreslått å utarbeide fylkesvise planar for vern av etterreformatoriske kulturminne, for vern av kulturmiljø og for forvaltning av freda kulturminne.

Riksantikvaren følgjer opp handlingsplanen i sin strategiske plan 1996-1999 der følgjande nasjonale hovudmål er formulert:

- "Kulturminner og kulturmiljø skal brukes og forvaltes slik at verdiene i dem bevarer og aktiviseres som bidrag til en bærekraftig utvikling.
- Vernet og forvaltningen av kulturminner og kulturmiljøer skal ha stor geografisk, sosial, etnisk og tidsmessig bredde.
- Kulturminner og kulturmiljøer skal gi premisser for bruk av arealer og for utforming av steder og aktuelle anleggs-, ombyggings- og utbyggingstiltak.
- Internasjonalt arbeid skal bidra til å sikre kulturelle rettigheter, utveksle kunnskap og etablere kulturminnevern som en viktig del av et sektorovergripende miljøvern."

#### **3.4.09. NASJONALE VERNEPLANAR**

##### **KYSTKULTUR**

Riksantikvaren starta kring 1990 opp arbeidet med å lage ein nasjonal verneplan for kystkultur. Fylkeskommunane gav etter oppmoding frå Riksantikvaren innspel til planprosessen. Men under vegg i prosessen vart "kursen" lagt om frå målet om nasjonal verneplan til sikring av ein del registrerte kystkulturanlegg som var trua. For Møre og Romsdal førte det til

freding av losstasjonen på Teistklubben i Fræna med ni bygningar og eit stort område kring i 1993.

#### **FYRSTASJONAR**

Nasjonal verneplan for fyr stasjonar vart utgitt av Riksantikvaren i april 1997. I alt er 88 fyr stasjonar i landet foreslått freda. Av desse 88 ligg 9 i Møre og Romsdal. Nærare omtale under 4.4.03. Freding.

#### **FORSVARSANLEGG**

Forsvaret sin eldre bygningsmasse vert vurdert av Forsvarets kulturminneprosjekt (FKP), i regi av Forsvarets bygnings-teneste og Riksantikvaren. Aktuelt anlegg i Møre og Romsdal er eldre bygningar på Setnesmoen.

#### **JARNBANEBYGNINGAR**

Aktuelle bygningar og anlegg i Møre og Romsdal er element av Raumabanen på Åndalsnes og Verma stasjon.

#### **TEKNISKE OG INDUSTRIELLE KULTURMINNE**

Verneplan for tekniske og industrielle kulturminne vart utgitt av Riksantikvaren i juni 1994. Nærare omtale under 4.2.10. Tekniske og industrielle kulturminne.

### **3.5. OMGREP – AVKLARINGAR**

Ein har funne det føremålstenleg å prøve å gi definisjonar av viktige faglege omgrep som er nytta i plandokumentet.

#### **3.5.01. KULTURVERN**

Kulturvern er å ta vare på kulturelle verdiar, både materielle (faste og lause ting) og immaterielle (eksempel stadnamn, tradisjonar, folkemusikk, segn).

#### **3.5.02. KULTURMINNE**

Omgrepet kulturminne er i plandokumentet brukt slik det er definert i kulturminnelova (kml) sin § 2: "Med kulturminner menes alle spor etter menneskelig virksomhet i vårt fysiske miljø, herunder lokaliteter det knytter seg historiske hendelser til."

#### **3.5.03. KULTURMILJØ**

Eit kulturmiljø er eit område der kulturminne inngår som ein del av ein større heilskap eller samanheng. (kml § 2).

#### **3.5.04. KULTURMINNEVERN**

Kulturminnevern er å ta vare på kulturminne (jfr. 3.5.02).

#### **3.5.05. KULTURLANDSKAP**

Kulturlandskap er menneskeforma landskap som inneheld biologiske og kulturhistoriske element. I nasjonal registrering av verdifulle kulturlandskap i Norge har også nytta denne definisjonen: "Kulturlandskap er verdifulle trekk eller elementer som er trua i det (nye) menneskeskapte landskap."

#### **3.5.06. FORMELT VERN**

Vern ved bruk av lovgiving eller tinglyst avtale.

#### **FREDA**

Omgrepet freda vert nytta om kulturminne som er freda med heimel i kulturminnelova.

#### **AUTOMATISK FREDA KULTURMINNE/FORNMINNE**

Automatisk freda kulturminne er (etter kml) alle kulturminne frå før 1537 (reformasjonen) og samiske kulturminne eldre enn 100 år. Desse objekta er freda direkte etter kulturminnelova utan fredingsprosedyre med tinglysing. Legalfreda er også eit omgrep som vert nytta om same gruppa kulturminne. Automatisk freda kulturminne vart tidlegare kalla fornminne. Omgrepet fornminne vart teke ut av kulturminnelova ved revisjonen i 1992.

#### **VEDTAKSFREDA KULTURMINNE**

Lov om kulturminne gir heimel til å gjere vedtak om å frede kulturminne yngre enn 1536. §15 gir heimel for at Riksantikvaren kan frede bygningar, anlegg m.v. frå nyare tid. §19 gir Riksantikvaren heimel til å frede eit område rundt eit freda kulturminne. Og §20 gir Miljøverndepartementet heimel til å frede kulturmiljø. Fylkeskommunane har heimel til å gjere vedtak om mellombels freding (kml §22.4). I Møre og Romsdal er denne myndigheita delegert til fylkeskultursjefen. Om prosedyre for freding, sjå 4.4.03.

#### **ADMINISTRATIVT FREDA KULTURMINNE**

Dette er ei ordning som vart innført for statens bygningar etter lov om bygningsfreding kom i 1920. For nærare omtale, sjå 4.4.03.

#### **VERN- OG VEDLIKEHALDSAVTALE**

Dersom ein huseigar mottok tilskot på meir enn kr. 50.000 frå Riksantikvaren til istandsetjing av eit ikkje freda kulturminne, stiller Riksantikvaren som vilkår for utbetaling av tilskotet at det vert inngått ein tinglyst vern- og vedlikehaldsavtale. For nærare omtale, sjå 4.4.04.

#### **REGULERING TIL SPESIALOMRÅDE/BEVARING**

Plan- og bygningslova (PBL) gir i § 25. punkt 6 heimel for å regulere til spesialområde: "herunder områder med bygninger og anlegg som på grunn av historisk, antikvarisk eller annen kulturell verdi skal bevares." For nærare omtale, sjå 4.4.07.

#### **3.5.07. KULTURMINNE FRÅ NYARE TID**

Kulturminne frå nyare tid er kulturminne frå tida etter reformasjonen (1537) og fram til i dag. Desse kulturminna har ikkje noko automatisk vern i kulturminnelova med unntak av myntar frå før 1650 og skipsfunn eldre enn 100 år.

#### **3.5.08. VERNEVERDIG**

Omgrepet kulturminne er i utgangspunktet verdinøytralt og utan tidsavgrensing (jfr. 3.5.01.). Når ein skal ta vare på kulturminne, kan ein ikkje femne alt, men gjere eit utval av det som er verneverdig. For å kunne definere og velje ut kva som er verneverdig, må ein ha eit sett med kriterium for vurdering av verneverdi.

### 3.5.09. BYGGESKIKK/ARKITEKTUR

Nynorskordboka definerar byggeskikk som: "vanleg byg-gjemåte i ein kulturkrins." For arkitektur har ordlista to defini-sjonar:

1. "vitskap, fag som gjeld planlegging og kunstnarleg ut-forming av byggverk, anlegg, bruksting o.a.; byggjekunst
2. byggjemåte; byggjestil."

Arne Lie Christensen har i si bok «Den norske byggeskikken» har eit heilt kapittel om «kva er byggeskikk?» og beskriv ein grenseoppfgang mellom byggeskikk og arkitektur.

Arkitekturen vert, i motsetnad til den folkelege bygge-skikken, skapt gjennom ein abstrakt prosess. Arkitekten bruker si akademiske utdanning og former hus på teiknebrettet tilpassa stiltrendar, smak og byggherren sitt spesielle behov.

I den folkelege byggeskikken vert dei enkelte bygningane forma gjennom ein konkret prosess på staden.

Tømraren vert opplært på byggeplassen. Gjennom bruk av reiskap og byggemateriale vert kunnskapen vidareført i byggeprosessen. Hus som allereie er bygde, vert forbilde for nye hus.

Ulikskapen i metodane medfører at den folkelege bygge-skikken endrer seg seinare enn arkitekturen. Den folkelege tradisjonen hadde og med seg den konserverande skikken med å bygge til eller på huset i staden for å bygge nytt.

### 3.5.10. Ø.K. REGISTERET

I samband med utarbeiding av økonomisk kartverk (ø.k.) for heile landethadde ein som mål å registrere faste automatisk freda kulturminne/fornminne og kartfeste dei på ø.k. sine kart i målestokk = 1:5000.

Ein ville då oppnå ei relativt presis kartfesting. Arbeidet vart lagt til dei arkeologiske landsdelsmusea og starta optimistisk opp i 1970-åra. For nærare omtale, sjå 4.4.01.

### 3.5.11. SEFRAK-REGISTERET

Registrering av faste kulturminne i Noreg (SEFRAK) er ei landsomfattande registrering av faste kulturminne frå perio-den 1536-1900 som har vore gjennomført i perioden 1975-1995. Dei innsamla opplysningane er overført på edb-medi-um til eit felles register. For nærare omtale av Møre og Romsdal, sjå 4.4.01.

### 3.5.12. AGENDA 21

Agenda 21 er ein miljø-dagsorden for det 21. århundret. Målet er ei utvikling som er sosialt, økonomisk og miljømes-sig berekraftig. FN har sett den internasjonale dagsorden. Her i landet skjer arbeidet på nasjonalt, regionalt og lokalt nivå (LA21).

### 3.5.13. BEREKRAFTIG KULTURMINNEVERN

Ei berekraftig utvikling for kulturminne og kulturmiljø har vi når framtida sine generasjonar får same vilkår som vår gen-erasjon til å forstå og oppleve historia.



Den gamle losstasjonen Teistklubben i Fræna kommune. Biletet er henta frå Fylkeskonservatoren sitt arkiv.

# 4. STATUS FOR KULTURMINNEVERNET I MØRE OG ROMSDAL

## 4.1. KULTURHISTORISK OVERSYN

### 4.1.01. FRÅ STEINALDER TIL NOTID

#### Eldre steinalder (8000-3200 år f. Kr.)

Etter nokre tusen år der siste istida periodevis vart broten av såkalla mellomistider eller interglacialeperioder, vart Møre og Romsdal isfritt for omlag 10-11.000 år sidan. Menneska kom raskt etter. Årsaka var truleg at reinen, som dei levde av også flytte seg nordetter.

Ved Voldvatnet på Nordlandet i Kristiansund gjorde Anders Nummedal i 1909 dei fyrste funna frå pionerbusetjinga her til lands, Fosnakulturen. Kristiansundslæraren fann etterkvart mange slike buplassar på Nordmøre, bl.a. ved Bremsneshatten på Averøy. Evna hans til å lese det forhistoriske landskapet var avgjerande for utviklinga av norsk steinalder arkeologi generelt og for forståinga av dei aller eldste tidene spesielt. I dag veit vi at Fosnakulturen inneber fleire fase.

Landskapet har etter isbreen tok til å trekkje seg attende, endra seg gjennom heile forhistoria og historia. Framleis stig landet sakte. Særleg i dei eldste deler av forhistoria er dette eit komplisert samspel mellom at landet heva seg då tyngda av isen forsvann og at havet også ei tid steig som resultat av smeltevassmengdene. Avstanden til is kappa sitt sentrum gir store skilnader. Så medan dei eingang strandtilknytte Fosnabuplassane Nummedal registrerte på Nordmøre låg heilt opp mot 45 m.o.h., ligg eventuelle slike i sjøen på ytre søre Sunnmøre.

Enkelte buplassar frå eldre steinalder som i si tid låg ved sjøkanten kan ha blitt dekt av sjø for så å bli liggande på turt land i dag. Dysvikjubuplassen på Fjørtoft er ein slik buplass. Den var bevart av ei gruskappe som sjøen hadde vaska over den.

Som landskapet endrar klimaet seg fort, frå 8-10° C kaldare enn i dag då breen trekte seg attende til fleire grader varmare enn i dag mot slutten av eldre steinalder. Pollen analyser frå Nærøy i Herøy fortel om open blandingsskog rundt buplassane mot slutten av eldre steinalder. Næringsgrunnlaget er no eit heilt anna og vidare. Med ein skog rik på dyr, på bær og på neter bak seg og ein straum rik på marine ressursar framføre seg, med ei elv nær, gir buplassane i Nærøymarka eit godt bilete av ei fin tomtelokaliserings for si tid. Dette er også nomadiske folk, men med eit rikt matfat rundt seg var neppe behovet for flytting over så store avstandar så avgjerande som for pionerbusetjinga. Buplassane vitnar om at folket som levde her mot slutten av eldre steinalder har ein heilt anna livsførsel og kultur i forhold til sine forgjengarar. Reiskapsteknologien her, som på andre kantar av Nordsjøen, baserer seg på grunnforma mikroflekke. Med eit par småslag blir denne til ein pilspiss, eller fleire kan setjast på rekke til ein kniv. Det har blitt dårlegare med strandavsett flint som råstoff. Ein utnyttar råstoffet godt og brukar også lokale bergartar som kvartsiitt, kvarts og bergkrystall. Flintøksene frå pionertida vart det slutt på. I staden kom bergarts øksene av diabas og grønstein. Det næraste kjende

diabasbrotet er på Stakaneset ved Florø. Spreiinga av bergarts øksene fortel mykje om vide kontaktflater.

Omlag 6050 år f. Kr. raste 450 km (?) av Storegga ut. Fyrst trakk sjøen seg attende frå kysten. Deretter kom motrørslene med ei flodbylgje av fleire meters høgd over dåverande havnivå. For busetnaden som i stor grad har lege ved sjøkanten må tsunamien, som flodbylgja vert kalla, ha vore katastrofal. Dette undersjøiske raset er kanskje den største naturkatastrofen folk langs kysten har opplevd. På buplassar ser ein sand- og eller gruslag som denne tsunamien, som flodbylgja vert kalla, har lagt att. Som eit av dei områda som ligg nærast Storegga har spor etter tsunamien vorte studert på Harøya i Sandøy.

#### Yngre steinalder (3200-1800 år f. Kr.)

I sørskandinavia markerer overgangen frå eldre til yngre steinalder det fyrste jordbruket. Levemåten endrar seg ikkje ved overgangen frå eldre til yngre steinalder på nordvestlandet. Derimot endrar levemåten og kulturformene seg sterkt i løpet av yngre steinalder.

Dei kulturelle sambanda i skiferbruken langs kyststroka nordetter frå vårt område austover mot Sverige og Finland, og heilt til Russland er lite utforska. Langs heile vestlandskysten vert skifer nytta til pilspissar. Skiferknivar finst primært frå området rundt Stad og nordover. Buplassane er også større enn dei lenger sør. Dette kan tyde på ei meir bufast leveform. Særleg Nordmøre og Romsdal har mange fine skiferknivar og -dolkar. Enkelte har grep forma som dyrehovud. Småskulptur av dyr finst også. I Tømmervåg på Tustna er det funne eit skiferstykke forma til med elg- og bjørnehovud.

På Nordmøre og i Romsdal har vi bevart mange fine og tildels svært sjeldsynte veideristningar. Motivkretsen er vid og omfattar elg, hjortedyr, kval, sel, fisk, fugl, menneske og geometriske mønster. På Hindhammar i Tingvoll ligg landets største samling av bergmålingar. Fleire ristningsfelt har vorte oppdaga på 90-talet, m.a. på Rausand på Averøy og ei stor lausblokk i Surnadal. Veidekunsten er ikkje sikkert datert. Ristningsfelta viser stilistisk nære samband til veidekunst i Trøndelag og i Sogn og Fjordane. Generelt vert dei formene vi kjenner i fylket tidfest til slutten av eldre steinalder/fyrste delane av yngre steinalder. Bergkunsten er i dag utsett for sterk vitring. Truleg den største utfordringa for fornminnevernet i dag er korleis vi skal greie å take vare på desse bileta for framtida.

Utetter i yngre steinalder finn vi stadig fleire praktøkser frå jordbrukssamfunna i sør her i nordvest. Bytenettverka er vide og formidlar både ting og tankar. Etterkvart vert heile kulturen omskapt. Dei siste fem hundre åra av yngre steinalder har vi eit jordbrukssamfunn som på alle vis er nært i slekt med dei samfunn som har utvikla seg i Sør-Skandinavia og Nord Europa.

Offerfunn i form av øks nedlagt ved særmerkte steinar/berg går igjen gjennom heile steinalder. Offerskikken aukar sterkt mot slutten av yngre steinalder. Vatn og myr er no vanlegaste offerstad. Mange øksar vert framleis ofra, men dei nye flateretusjerte flintblad dominerer. Mange av desse



Bergkunst frå Buggestranda i Nesset kommune. Biletet er henta frå fylkeskonservatoren sitt arkiv. Foto: Bjørn Ringstad

offerfunna har vorte oppdaga under drenering og dyrking av myrar. Det siste store offerfunnet frå denne tida, 550 flintskiver, kom fram midt på 90-talet på Kvamme på Kvamsøy i Sande. Rundt ein stein nær ved var det tidlegare funne andre gjenstandar lagt i jorda.

Reiskapsteknologien vert no kalla flateretusjering. Ein høgg til tosidige emne. Etter å ha slipt desse høgg ein fine små avslag i yta og får fine bladformer. Flint frå Danmark vert no importert i form av heil- og halvfabrikata. Samstundes vert meir lokale råstoff nytta. Dei ytre øyane i fylket har ein av dei største konsentrasjonen i landet av funn frå denne tida. Dess nærare Stad, dess større konsentrasjon.

Jordbrukssamfunnet sine langhus vart i Norge fyrst funne under Holerøysa på Stokkset i Gjerdsvika i Sande tidleg på 50-talet. Desse er frå slutten av yngre steinalder. I Dollsteins-hola på Sandsøy i Sande er det gjort funn som tyder på at ein har nytta inngangspartiet i hellaren i slutten av yngre steinalder/byrjinga av eldre bronsealder.

Utifrå gjenstandsfunn synest strandflatene å ha vore prioriterte busetjingsområde i slutten av yngre steinalder. Strandflatene finn vi på øyane, men også tildels på nes og i fjordbotnar i fjordstroka. Strandflatene var kanskje særleg eigna til det fyrste åkerbruket. Områda med mest funn er samstundes hjå oss dei same som har flest funn tidlegare i yngre steinalder. Jordbrukskulturen representerer også etterkvart ein busetjingsmessig ekspansjon. Dalar og fjell har og vore nytta, truleg både til fangst, fedrift og ferdsl. Kontakt utover, over sentrale fjelloverganger, men ikkje minst leia, er alfa og omega for dette samfunnet.

Dette syner ikkje minst motivvalet i jordbruksristningane som langs vestlandskysten særleg dreier seg om båten. Båten må ha vore ein metafor med ein mangetydig referanse til sentrale verdiar i samfunnet, religiøse og verdslige. Dei fyrste båt ristingane på Vestlandet er frå slutten av steinalder. Tidleg er også båt figuren som saman med geometriske mønster dekkerer innsida på hellene i gravkammeret i Mjeltehaugen på Giske. Skålgroper innhogne i berg eller stein kan også gå heilt tilbake til slutten av yngre steinalder. Blotsteinen på Veibust på Sula har omlag 30 slike groper.

#### **Bronsealder (ca 1800/1500-500 f. Kr)**

Perioden teiknar ein teknologisk nyvinning, bruk og framstilling av bronse. På tross av namnet er talet funn av bronsegjenstandar relativt lite i landet vårt. Bruken av stein, bein og tre fortsette å vere det viktigaste bruksmaterialet. I fylket vårt er det kjent omlag 35 funn med bronsegjenstandar. Det kanskje eldste og "finaste" er eit sverd funne på Blindheim i Ålesund. Det mest innhaldsrike funnet er gjort på Gyl i Tingvoll og inneheldt ei såkalla "holkøks" og fire halsringar. Det einaste bronsealder-gullfunnet frå fylket vårt, ein gullring, stammar frå Aukratangen. Avbilding av denne ringen er i dag nytta i kommunevåpenet til Aukra.

Det er registrert ein del buplassar frå perioden, men sikre spor etter hus er førebels berre funne på Aure i Sykkylven og Tornes i Fræna. Nokre stader er det funne spor etter bonden sin åker. Tydelege merke etter ardfurer frå bronsealderen er funne på Flatebakken på Kvamsøy og på Gjertgarden på

Fjørtoft. Det er også funne merker etter ardplogde åkrar fleire andre stader, m.a. på Aure i Sykkylven, Liadal i Ørsta, Hustad i Fræna, Bremsnes i Averøy og i Øksendal i Sunndal. Førebels er det usikkert om nokre av desse spora kan gå tilbake til bronsealder, eller om dei er frå tidleg i eldre jernalder.

Karakteristisk for bronsealderen er dei mange store og nakne gravrøysene som gjerne ligg på framskutte nes, bergryggar og strandflater ved leia. Berre nokre få av dei kan vise til daterande funn, men tradisjonelt blir desse "kystrøysene" tidfesta til bronsealderen. Slike røysar har vi m.a. på Løsetstranda på Herøy, langs stranda på gardane Ulstein og Flø i Ulstein, på Aursneset i Sykkylven, på Nerland og i Breivika i Fræna og på Dromnes på Tjeldbergodden i Aure.

Eit gravminne frå bronsealder som må nemnast spesielt er "Mjeltehaugen" på Giske. Her blei det funne eit gravkammer med dekorerte steinheller.

### Jernalderen (500 f. Kr.-1000 e. Kr)

Dei første år hundra av denne tidsperioden er relativt "fattig" på gravfunn og gjenstandar av jern. Først omlag 200 e. Kr. får vi ein markert auke i dette funnmaterialet. I byrjinga var jern eit eksklusivt materiale, og var gjerne nytta til smykke. Etter kvart blei jernet "allemannseie" og det fekk store konsekvensar for samfunnsutviklinga. Dei seinare åra er det funne fleire tusen jernvinneanlegg rundt omkring i landet vårt. Det er særleg dei indre områda på Austlandet og i Trøndelag som framhevar seg på denne måten. Sjølv om Møre og Romsdal truleg var eit meir perifert område i produksjon av jern, så har vi dei seinare åra funne einskilde jernvinneanlegg og fått inn opplysningar om slaggunn.

Dei eldste kjente spora etter den gamle jernvinna har vi på Nerås i Vestnes og på Ørskogfjellet. Anlegget på Nerås der det ligg ein større slagghaug, er tidfesta til 1. århundre e. Kr. På Bolsøya er det funne "smiegrøper" frå omlag same tidsrom.

Det siste tiåret er det funne ei rekkje spor etter jernalder garden rundt omkring i fylket vårt. Dette er funn som er kome for dagen ved såkalla "maskinell plateavdekking" i sentral jordbruksområde og som ikkje er synlege på markoverflaten. Dei mest omfattande undersøkingane er gjort på Aure i Sykkylven. Her er det funne spor etter omlag 20-30 hus. Det minste er berre 4 meter langt, medan det største er nærare 60 meter. Andre stader der det er funne sikre og gode spor etter jernalderhus er Knardal og Fiskå i Vanylven, Tornes og Hustad i Fræna, på Aukra prestegard og på Husby i Øksendal/Sunndal.

Nokre få stader har vi registrert spor etter øydegardsanlegg som ligg bevart i utmarksområde med tydelege merker etter tufter, gardfar, rydningar og gravrøysar. Ofte er det fleire fasar, og det kan vere vanskeleg å tidfeste slike anlegg. Det mest omfattande anlegget ligg "samla" i utmarka på Flesje, Kalvestad og Kjellingset på Sula. Her er spor etter jernalder garden, middelalder garden og garden på 1700-talet.

Den markerte auken i funn mengde og talet gravfunn frå omlag 200 e.Kr. gjer seg gjeldande over det meste av fylket vårt. Befolkningsvekst med etablering av mange nye gardar er ein av årsakene til dette, men endringar i gravskikken har nok også hatt stor betydning i så måte. Dei døde blir no nemleg "synleggjort" på ein heilt anna måte enn tidlegare. Gravene blir gjerne rikt utstyrt med gjenstandar. Kvinnene blir ofte gravlagt med smykke, og mennene får med våpen.

Gravene kan også innehalde reiskap og ulike typar kar og gryter.

Ein del graver frå eldre jernalder er spesielt rikt utstyrt og inneheld gull og gjenstandar importert frå dei romerske provinsane (glas/bronse kar). Her må særleg nemnast funn frå Ulsteinvik området, øyane utanfor Ålesund og Bremsnes på Averøy. I einskilde graver frå yngre jernalder/vikingtid er det funn som vitnar om kontaktar med britisk/irsk område. Det rikaste funnet frå denne perioden stammar frå Setnes i Rauma. I Sunndal er det også fleire importfunn frå vikingtid. Eit karakteristisk trekk ved gravskikken i vikingtid er dei mange båtgravene.

Ein betydeleg del av dei rike importfunna i eldre jernalder er funne i spesielt store gravminne. Med tverrmål på 35-40 meter var dette gravmonument som ruva godt i terrenget. "Ellefroya" på Godøy er eit eksempel på dette. "Kongshaugen" på Valderøy og "Blimshaugen" på Vigra er i dag sterkt skadd, men har også vore blant dei største gravminna på heile Vestlandet. I "Haramshaugen" på Haramsøy blei det i 1968 gjort eit av dei rikaste gullfunna. i Nord-Europa frå omkring år 400 e.Kr. Grava inneheldt gullgjenstandar med ei vekt på over 600 g.

Med etablering av kristendommen omlag år 950-1000, opphøyre den heidenske gravskikken og det arkeologiske materialet endrar karakter. Dei døde blir no gravlagt utan gravgåver og samla på eigne kyrkjegardar. Eit særleg spesielt kulturminne frå denne perioden er Kulisteinen frå Smøla. Kulisteinen er ein bautastein med runer og her er kristninga av landet og namnet Noreg nytta for første gong i vår historie.



Ingrid og Tore Kuløy med Kulisteinen på Smøla. Biletet er henta frå prospektkort og gjengitt med tillating av Tore Kuløy.

Sjølv om Harald Hårfagre ikkje er rekna som ein kristen vikingkonge, så er rikssamlinga og kristningsprosessen nær knytt til kvarandre. Slaga ved Solskjel på Tustna var i følgje sagaen sentrale i Harald Hårfagre sin kamp om makta i Noreg. Stridsføre menn frå store delar av fylket vårt samla seg her om dei lokale høvdingane for "Mørefylket" og "Romsdal", Huntjov og Nokkve, for å forsvare seg mot Harald Hårfagre.

### Mellomalderen (1000-1537 e. Kr)

Dei første kristne kyrkjene blei truleg bygd på 1000-tallet, eller på slutten av 900-tallet. I fylket vårt er det bevart 3 stavkyrkjer frå mellomalderen, nemleg Rødven (Rauma), Grip (Kristiansund) og Kvernes (Averøy). Det er også nokre godt bevarte steinkyrkjer frå perioden. Dette gjeld Tingvoll, Giske og Veøy. På Edøy på Smøla, Åheim i Vannylven og Borgund i Ålesund står steinkyrkjer som er henholdsvis restaurert etter brann, bygd opp igjen med same stein og tilbygt.

Samlinga av Noreg førte til at styringsforma vart fastare og meir sentralstyrt. Vi fekk etablert ei rekkje senter rundt om i landet. To handelssentra voks fram i Møre og Romsdal i tidleg mellomalder, kaupangane Borgund og Veøy. I 1349 herja svartedauden. Dette førte til at begge kaupangane fekk sterkt redusert betydning og etter kvart opphørte. Ein annan grunn er og at handelen vart omlagt til fiskeværa. I slutten av mellomalderen vaks Bud fram som det viktigaste handels-



Rødven stavkyrkje i Rauma kommune.

Foto: Berge Hjørungnes.

senter mellom Bergen og Trondheim. Fleire av dei gamle fiskeværa i fylket vårt har truleg sine røter tilbake til denne perioden, m.a. Veidholmen, Grip og Bjørnsund. Vi veit også at marknadsplatsen på Devold i Rauma var etablert i slutten av mellomalderen.

### Nyare tid (1536-1940)

Med nyare tid meiner ein tida frå reformasjonen i 1537 til i dag. Det tok lang tid, opp til 300 år, før alle øydegardane frå svartedauden (i 1349) vart oppdyrka att. Dette kan skuldast at folketalsoverskotet i bygdene busette seg i fiskeværa på kysten og livnærte seg med fiske. Hanseatane i Bergen var sikre avtakarar for tørrfisk. I dei to siste hundreåra av mellomalderen skjedde det ein stor ekspansjon i fisket. Fiskeværa låg tett langs kysten av Møre og Romsdal. Innbyggjarane i fiskeværa hadde lite høve til åkerbruk og omlandet hadde nok med seg sjølv. Dette førde til at ein vart avhengig av kornimport frå hanseatane. På slutten av 1500-talet fekk fisket igjen mindre å seie, og folk flytta etter kvart attende til fjordane. Til dømes hadde fiskeværet Grip 48 skatteytarar i 1520 og berre 16 i 1656.

På slutten av 1500-talet fekk ein ny næringsveg innpass: sagbruksverksemd og trelasthandel. Denne utviklinga fekk stor betydning for Møre og Romsdal. Europa hadde veldig trong til tømmer og trelast. Dei som dreiv med trelasthandel slo seg etter kvart ned på sentrale og gunstige stader. Det var trelasthandelen som skapte byane Molde og Kristiansund eller Lille-Fosen. I 1614 vart Molde ladestad, og i 1631 fekk Lille-Fosen sin status som ladestad. Etter mykje strid med Trondheim, beslutta Christian VI å gi Molde og Lille-Fosen bystatus i 1742. Lille-Fosen måtte byte namn til Christiansund. Fiskehandel, frå 1700 særleg av klippfisk, og skipsfart saman med lokal handel vart næringsgrunnlaget for Kristiansund.

Fiskehandel, administrasjon og varehandel med omlandet vart næringsgrunnlaget for Molde. På slutten av 1800-talet kom turisttrafikken i tillegg.

På Sunnmøre var det mange strandstader, og handelsverksemda var spreidd. Dette hindra framvokster av ein by. Først i 1842 fekk Ålesund fulle ladestadsrettar. No vaks verksemda svært raskt, og 13. april 1848 fekk Ålesund fulle kjøpstadsrettar. Byen vart etter kvart den viktigaste fiskeri byen i landet.

Utviklinga i på 1800-talet i Møre og Romsdal gjekk i store trekk som i resten av landet. Vi fekk haugianarrørsle, bondeopposisjon, amerikafeber, utvandring og omlegging i jordbruk og fiske frå naturhushald til pengehushald. Noko før hundreårsskiftet byrja også industrialiseringa med konfeksjon, motorfabrikkar, møbelindustri, hermetikk osv.

Noko som var viktig for utvikling av næringslivet, var gode kommunikasjonar. Det vart ei vanskeleg oppgåve i dette sterkt oppdelte fylket. Ei sak som førde til mykje strid var jarnbanesaka. Folk såg det slik at framgang og utvikling var heilt avhengig av jarnbanesamband. Alle tre byane ville ha jarnbanesamband. Det var umogleg å tilfredstille alle. Valet stod mellom Sunndalslina til Molde og Kristiansund eller Romsdalslina til Ålesund.

Stortinget vedtok i 1908 Romsdalslina. Men det tok tid for utbygginga starta. Og lina vart aldri ført lengre enn til Åndalsnes, dit den kom i 1924.

Men før den tid hadde vi hatt to by brannar i fylket og fleire skulle det bli. I januar 1904 vart Ålesund med 800 hus lagt i øskje. 12400 menneske vart huslause og mista alt dei eigde. Men på rekordtid vart det oppført ein ny by i Jugendstil. I Molde braut det ut brann i januar 1916 og austlegaste del av sentrum (området rundt elva osen) vart lagt i øskje.

April 1940 er eit mørkt kapittel i landet si historie. Heller ikkje Møre og Romsdal vart spart av tyskarane sine åtak. Åndalsnes, Veblungsnes og dei tre byane vart bomba. Murbyen Ålesund med skifertak klarte seg best. Nokre april-dagar var Molde "landet sin hovudstad" med konge, kronprins, regjering, framande diplomatar og gullbeholdninga til Norges Bank, og tyskarane håpa på å gjere reint bord. Dei siste trebyane våre vart utsletta. I Kristiansund brann 724 bygningar ned og 117 vart skadde. Møre og Romsdal fekk ein hard start på fem dystre okkupasjonsår.

#### 4.1.02. BYGGESKIKK OG ARKITEKTUR I MØRE OG ROMSDAL

##### INNLEIING

"Byggeskikkene – litt av hvert av mange sorter" nyttar kunsthistorikaren Jan Henrik Munksgård som overskrift på eit kapittel om byggeskikk i fylkesbindet for Møre og Romsdal i serien Bygd og by i Norge utgitt av Gyldendal Norsk Forlag i 1975. Vi har ein samansett byggeskikk i vårt samansette fylke.

Tak over hovudet har vore viktig for at menneske skulle kunne overleve og busette seg i dette fylket frå dei fyrste menneska kom for 10.000 år sidan og fram til i dag. Fosnakulturen sine menneske budde nok i det vi ville kalle telt; dyreskinn haldne oppe av trestenger. Spranget fram til dagens bustader er stort. Vi skal sjå litt på viktige trekk i ei lang bygningshistorie i vårt fylke. Bygningar for folk og etter kvart husdyr har vore viktige trekk i mennesket si kulturutvikling. Byggeskikken avspeglar på mange måtar levemåten, og den har ikkje vore lik for heile fylket gjennom historia. Grunnlaget frå naturen si side har vore ulikt. Og utviklinga har skapt ulikskapar.

##### KVIFOR ER BYGGESKIKKEN UEINSARTA?

Skal vi finne svar på det må vi sjå på fleire faktorar. Topografien i fylket er svært variert. Lengst ute ved havet ligg eit mylder av store og små øyar. Fjordane skjer seg djupt inn i landet. Inst tek dalen over der fjorden sluttar og strekkjer seg inn i store fjellparti som endar opp i Jotunheimen, Dovrefjell og Trollheimen. Byggeskikken er prega av eit fylke med store øyområde, milelange fjordstrøk, til dels store og høge fjellparti mellom fjordane, djupe og til dels lange dalar og store fjellparti.

Den administrative oppdelinga av kongeriket har også virka inn på byggeskikken. Administrativ tilknytning førte også til samhandling og samvirke generelt, noko som mellom anna har resultert i fellestrekk i byggeskikken innan for eit område med felles administrasjon. Nordmøre og Romsdal har vore knytt til Trøndelag og Nidaros og fekk mellom anna impulsar frå Trondheim. Sunnmøre høyrde saman med resten av Vestlandet sør for Stad med Bjørgvin som senter og sunnmøringane fekk mellom anna sine impulsar frå Bergen.

Sosiale ulikskapar har ein hatt i Møre og Romsdal som andre stader. Ressursfordelinga og utviklingstilhova har variert innanfor same bygd og grendalag og til dels mellom

bygder og regionar. Det var forskjell på tenestefolk, småbrukarar, storbønder og embetsmenn.

Mellom by og land var det også ulikskapar. Byane har hatt sterkare påverknad frå stilimpulsar frå inn- og utland. Arkitekturen avspeglar skilnader. I vårt hundreår vart det også innført murtvang i byane. Førebileta har også spela ei rolle. Alle tidsepokar har hatt sine "trendsetjarar".

##### Oppsummering

Alt dette og meir til medfører at vi i Møre og Romsdal står overfor eit mangfald av "byggeskikkar". Det er umogleg å snakke om ein felles byggeskikk for heile fylket. Møre og Romsdal er eit "byggningsgeografisk" overgangsområde og ein møtestad mellom mange "kulturar".

##### Ulikskapar og fellestrekk

Vi skal sjå litt på dei grunnleggjande ulikskapane i fylket, men også sjå på trekk som bind fylket bygningsmessig saman.

##### BYGGEMATERIAL OG KONSTRUKSJON

Dei tradisjonelle byggemateriala her til lands har i hovudsak vore tre og stein. Biskopen i Bjørgvin, Neumann var på visitas til Sunnmøre i 1824 og merka seg med undring at tre var hovudsakleg brukt som byggematerial sjølv om det var dyrt og vanskeleg å få tak i, særleg i ytre strøk, i staden for å bygge av stein som ein hadde tilgang på like ved og av type som var egna til husbygging. Neumann undra seg også over at ein tekte husa med torv på kostbar never når ein hadde tilgang på skifer til takteking.

##### Steinhus

Denne byggeteknikken må ha vore i bruk hos kystbøndene gjennom fleire hundre år, men i liten grad fram til på 1700-talet, då den fekk eit lite oppsving som fylgje av at skogen byrja å tynnast. Og vidare utover på 1800-talet vart det bygt ein del hus med steinveggar på Vestlandet, særleg frå Jæren og nordover.

Sjølv om ikkje hus av stein er det mest utbreidde, finn ein likevel ein del steinhus i Møre og Romsdal. Dei fleste finn ein gjerne i "ytterkantane" av fylket, i naust i sjøkanten og i fjøsar og likande på setrer i fjellet. Også i gardshusa har ein innslag av stein som i eldhus, kylner og smier der brannfaren var stor. Reine steinfjøs er det få av på gardsbruka, men meir vanleg var det ein periode å bygge fjøsdelen av den "kombinerte" driftsbygninga av stein. Ein annan bygningskategori der stein ofte har vore nytta som byggematerial er dei små fjøsane ein finn i overgangen mellom innmark og utmark, gardfjøs eller sommarfjøs.

Vi har nokre steinkyrkjer frå mellomalderen i Møre og Romsdal: St. Jetmund i Vanylven, Giske, Borgund, Veøy, Tingvoll og Edøy som alle er bygd i perioden 1130-ca. 1200. Bustadhus finn ein berre unntaksvis bygt av stein. Det eine unntaket er "Kabben-husa" i Romsdalen. Toetasjes steinhus bygt av Ole Fladmark "Kabben" rundt år 1800 med ein murtেকnikk som liknar mest på den vi finn i kyrkjer og kloster frå mellomalderen der natursteinen er lagt i mørtel. I dag står slike hus på Nerhole og Mjelva. Men i verharde strøk på kysten finn ein stein brukt som "verneveggar", som heile eller

delar av gavlveggen mot veret på bustadhuset. Også på setrar som ligg i rasutsette område kan ein finne vernemurar av stein.

Etter at Ålesund brann i 1904 vart det innført murtvang for oppattbygginga i sentrum. Murarfaget var til då ikkje særleg utbreidd og utvikla i vårt distrikt. Dette førte til at det kom murar frå andre kantar og tok del i arbeidet i Ålesund. Det vart også lagt vekt på å nytte murkonstruksjonar som kunne tåle det spesielle kystklimaet.

### Trehus

Tremateriale til husbygging vart tidleg handelsvare. Ikkje berre lokalt og i regionen, men det norske tømmeret vart interessant for hollendarar og andre i Europa. Mykje trevirke på kysten vart i periodar eksportert. Verksemda gav inntekter til bønder og la grunnlaget for etablering av tettstader og byar. Dei to hovudkonstruksjonsformene som vart brukt i trehusbygginga var stav og laft.

### Trehus/grindverk

På Vestlandet, i eit område som strekkjer seg frå grensa mot Agder i sør til Romsdalen i nord har det langt opp i vårt eige hundreår vore bygt hus i ein tradisjon vi kallar grindverk, som er ein variant av stavkonstruksjon. I eldre løer med innvendig frittstående og parvis oppstilte stolpar framstår grindverket som ein av dei få bevarte bygningsformene i Norge med påfallande likskap til det arkeologane avdekkjer ved utgraving i tufter etter forhistoriske langhus. I enkelte løer er det bevart grindverk frå mellomalderen. Dette gjer at vi truleg kan snakke om ein samanhengande byggetradisjon som har vart imeir enn 3.500 år. Stavverket er også utbreidd lenger nord langs kysten, i form av den romsdalske bukkehus konstruksjonen og stavlinekonstruksjon (mellom anna nordmørske stavline). Det som skil stavlina frå grindverket er at raftlægja (eller stavlina) kviler rett på stavane, og stavane kviler vanlegvis på svill. I den romsdalske bukkehus konstruksjonen kviler beten (samhaldet) rett ned på stavane (som for grindverket), men både stavlægje og bete er som regel dobbel. (Meir om stavlinekonstruksjonen seinare).

Grindverket finn vi i dag mest i anonyme uthus som løer og naust og vert kanskje ikkje lagt så mykje merke til.

Grindverket som heilt byggesystem må seiast å vere uttrykk for ein uhyre velutvikla og avklara konstruktiv tankegang. Stavkonstruksjonen har vore nytta til store bygningar som "heimeløa" på gardsbruk, ned til små troskot for oppbevaring av hesjestaur og gjerdestaur. Utanom heimeløa er utmarksløa/høyløa, naust, vedskot og seterfjøs/sommarfjøs dei mest utbreidde bygningskategoriane bygt i stavkonstruksjon i vårt fylke. Men vi finn og konstruksjonen brukt i torvskjå, hjulhus (for overvasshjul), vogarhus o.l.

### Trehus/andre stavkonstruksjonar

Ein finn og andre variantar av stavverk enn grindverk (som er den sørlege stavverksvarianten) og laft eller kombinasjonar av stav og laft. Vi skal i det følgjande ta for oss desse andre stavvariantane.

Den mest "berømte" er vel den heilt spesielle stavkonstruksjonen i stavkyrkjene våre. Dette er ei perfektjonering av

stavkonstruksjonen som nådde sitt høgdepunkt i mellomalderen, før svartedauden. På det meste hadde vi ca. 700 stavkyrkjer her i landet. No sit vi att med ca. 30 (som vart berga mykje takka vere Kyrkjelova av 1897 og Fortidsminnesmerkeforeininga). Andre stavvariantar som er særst viktige for vårt fylke er den romsdalske bukkehus konstruksjonen og den nordmørske stavlinekonstruksjonen. Stavlina finst og lenger nord i landet, mellom anna i form av saltstavline.

I alt stavverk dreier det seg om 3 element (stav, bete/samhald og raftall, stavlægja/stavlina) som i dei 3 variantane av stavverk (grindverk, bukkehus og stavlinekonstruksjon) er innbyrdes ordna og samansett på ulikt vis.

I det romsdalske bukkehuset går staven opp i beten, noko det har felles med grindverket. Men til forskjell frå grindverket er staven tappa opp i beten, og raftallen er plassert oppå beten, sentrisk over staven.

På Nordmøre finn vi den tredje varianten av stavverk, den såkalla stavlinekonstruksjonen. Til felles med bukkehus konstruksjonen har stavlinekonstruksjonen ofte dobbel raftall (på Nordmøre kalla raftlægje eller stavline) og dobbel bete. På mindre hus kunne det likevel vere enkel raftall og bete. Stavlinekonstruksjonen skil seg ut frå bukkehuset og grindverket ved at nedre raftlægje kviler rett ned på staven. Ein annan viktig skilnad er at stavane som regel kviler på langsgående svill. Langveggen og kortveggen si svill er ofte lafta i kvar andre.

### Trehus/lafteverk

I Europa er stavverket for det meste utbreidd i dei vestlege, lauvtrerike områda. Utbreiinga av lafteverk er klart austleg og heng saman med bartrevirke og rikdommen på det. Dei lange rettvaksne bartrestammene er særleg godt egna for lafting. Norsk bygningskultur er i ei særstilling med at den ligg i det mest karakteristiske møteområdet mellom dei to konstruksjonane. Ser ein på det som er bevart av tradisjonell trearkitektur i Norge og Sverige under eitt, blir stavverket sjeldnare å sjå til lenger mot aust ein kjem. Opplysningar frå utgravingar og nedteikningar tyder på at i eldre tid har stavverket vore meir i bruk både i austlege og vestlege delar av Skandinavia. Det ser såleis ut til at lafteverket har ekspandert for ein stor del på bekostning av stavverket.

Lafteverk er ein byggemåte som truleg vart introdusert i Norge i vikingtid, for vel 1000 år sidan. Å lafte vil sei å legge stukk på stukk oppå kvarandre til samanhengande, tette veggskiver. Veggstokkane føyer seg vekselvis saman i hjørna til faste og gode samband. Ved å lafte saman fire vegger får ein eit rom, eller det vi kan kalle ei laftekasse. Når lafteveggen er godt utført tettar den mot ver og vind, og den er varmeisolerande. Derfor er lafteveggen godt egna til hus for menneske og dyr; til bustadhus og fjøs. Den tette veggen gjer dessutan lafteverket egna til å halde skadedyr borte noko som og er viktig i hus til oppbevaring av mat og klede, som i stabbur og loft.

Fram til langt inn i vårt hundre år, enkelte stader heilt fram til siste verdskrigen, var lafting den vanlegaste måten å byggje bustadhus på i Norge, og størstedelen av trehusa i gamle trehusbyane våre har laftevegger under panelet.

Det finst mange eksempel på store laftehus som driftsbygningar og embetsmannsgardar o.l. Tømmerkyrkjene er gode eksempel på lafteverk i bruk til større og meir krevjande oppgåver. Det heilt enkle lafterommet er ofte ramma om ein

enkelt funksjon: eit stabbur, eit fjøs, ei sjøbu osv. I den ståande bygningsmassen landet over ser vi heilt tilbake til mellomalderen at dei enkelte funksjonane får kvar sitt hus. I enkelte delar av landet blir funksjonane også veldig spesialiserte, særleg på Austlandet der ein enkelte stader kan finn opp til 20 hus på eitt einaste gardsbruk. Sjølv om Vestlandet har vore rekna som stavhusområde, har bustadhus, stabbur, sengbu og andre stover vore lafta frå i mellomalderen.

### Trehus/kombinasjon av stav og laft

Kombinasjon av stav og laft finn ein i fleire bygningskategoriar fleire stader i landet. I Møre og Romsdal finn vi det mellom anna blant løene våre der kombinasjonen av lafta underetasje og stavbygd overetasje er utbreidd. Det ser ut til at heimeløene med tømra fjøs og stall nede og stavbygd løe oppe ikkje går lengre tilbake enn til 1700-talet. Kombinasjonen vart anbefalt av føregangsmenn innan jordbruksutviklinga. I dei vestnorske stavløene er fjøsar og stall sett inn som lafta kasser mellom løestavane som går fritt ned til grunnen.

### Oppsummering om stav og laft

Lafteteknikken kom til oss via Sverige til Austlandet og vidare til Vestlandet i vikingtida. Ved utløpet av vikingtida var lafteteknikken den dominerande byggemåten over store delar av landet. Frammarsjen var minst på Vestlandet. Det nordlege skiljet mellom grindverk og laft går gjennom Møre og Romsdal. Tradisjonelt reknar ein Sunnmøre til grindverksområdet på Vestlandet, medan Romsdal og Nordmøre høyrer til lafteområda i nord og aust, samstundes som ein her og finn ein annan variant av stavverk (stavlinekonstruksjon), ofte brukt i kombinasjon med laft. Det er vanskeleg å trekke klare grenser, men dominansen er klar. Men som nemnt har det ikkje vore berre stavverk på Vestlandet. Under lafteteknikkens frammarsj vart det vanleg også på Sunnmøre å byggje både våningshus og buer (stabbur og sengebu/nystove) i lafteteknikk.

### Trehus/takkonstruksjonar

Når det gjeld takkonstruksjonar, snakkar ein om tre hovudgrupper og kombinasjonar av desse. Dei tre hovudgruppene er sperretak, åstak og ås sperretak (kombinasjon av sperrer og ein eller fleire åsar).

### Trehus/trepanel

Mykje av desse konstruksjonane som er omtalt ovanfor er på vore kantar utanfrå skjult av trepanel. Når kom denne skikken i bruk? Liggande, sulagde bord som kledning har nok kome tidleg i bruk på stavbygningar. På kysten og elles i meir verharde strøk fann ein tidleg ut at tømmeret i laftehuset varte lenger dersom ein beskytta dei mest utsette veggane med kledning. Kledning på våningshus vart også innført av estetiske grunnar. Dette fenomenet kom først i byane.

På 1800-talet vart det vanleg å panele husa i byane. Derifrå fekk ein ei spreiding utover på landsbygda. Av paneltypar skil ein mellom to hovudgrupper: Ståande og liggjande kledning. Også når det gjeld utbreidinga av desse er vi i vårt fylke i eit overgangsområde. Delinga ser ut til å vere nesten samanfallande med det tradisjonelle skiljet mellom stav og laft. Liggjande kledning vart også kalla Vestlandspanel og

Sunnmøre er eit område der liggjande kledning er dominerande, medan Nordmøre har klar dominans av ståande kledning. Romsdalen er eit overgangsområde der ein finn begge delar.

### Tunskipnader

Når ein skal sjå på byggeskikken er det også av interesse å undersøke korleis tradisjonen har vore for å organisere og plassere bygningane i eit gardstun som er eit "samfunn" med tradisjon over eit langt tidsrom i historia. I vår tid ligg gardsbruka mest kvar for seg. Vi må nok meir enn eit hundre år tilbake i tida før vi møter tradisjonen med ulike måtar å organisere eit gardstun på. Ordninga med utskifting av innmarka som kom i 1860-åra endra sterkt på dette mønsteret. Før hadde den enkelte brukaren innmarka spreidd rundt i mindre teigar, og gardane besto av fleire bruk med "teigblanding".

Frå tidleg på 1800-talet vil vi finne restar av minst tre ulike typar av tun skipnader her i fylket som på den tida var dominerande. På Vestlandet, heilt opp til Romsdalsfjorden var klyngetunet dominerande. Ein kan finne lukka firkant tun i indre Romsdal og på Nordmøre, men rekkje tunet er det mest dominerande i desse to fogderia.

Klyngetunet er nok den eldste tun forma. Rekkjetunet er gjerne organisert langs ein veg og gjerne i to rekkjer med eit indre tun rom mellom rekkjene. Innhusa ligg her gjerne fram mot vegen medan uthusa ligg i neste rekkje. I det lukka firkant tunet er det som namnet seier, bygningane som lagar ei lukka firkantform.

Grensene for dei tre ulike tun formene var ikkje skarpe. Ein kan heller ikkje seie at ein bestemt tunskipnad var eine-rådande i eit enkelt distrikt. Det vi kan halde fast ved, er at det Møre og Romsdal var ulike tun former, og at dei dominerte kvart sitt distrikt.

### Enkeltbygningar

#### Enkeltbygningar/stove

Den eldste stovetypa ein kjenner frå historisk tid er årestova. Dette starta på slutten av vikingtida som ei lafta eittroms stove, og utvikla seg seinare til ein treroms plan med forstove og kove, gjerne med loft over i tillegg til stova. I treroms husa er stova og koven alltid lafta, medan forstova eller gangen kan vere i laft eller stavverk. Lengda på tømmerstokken sette grensene for storleiken på stoverommet. Ein finn rom frå 3x3m til 7x7m. Som namnet seier var eldstaden i denne første stovetypa ein åre. Eldstaden var i stor grad premissgjevar for utforminga av stove bygninga. Åren heldt seg som eldstad på våre kantar til den vart avløyst av røykomnen på 1600-1700-talet. Med røykomnen vart eldstaden flytta til hjørnet av stove rommet og ein fekk ein friare golv plass i rommet. Røykomnen kunne nyttast både til koking, baking og korntørking.

Vindaug fekk ein ikkje i bondestovene før i byrjinga av 1800-talet i vårt fylke. Røykomnen var i bruk i heile fylket, men held seg lengst på Sunnmøre. Ein kjenner til sunnmørske stove hus som er bygt for røykomn så seint som i 1875. Først når ein forlet røykomnen, utvikla bustadhusa seg ulikt i dei tre fogderia våre. Som nemnt held røykomnen seg lengst på Sunnmøre. Der utvikla ein bygningar i ein etasje. Fleire "stover" vart sett saman i ei "rekkje". Langhuset kunne i tillegg til bustadfunksjonar, og huse verkstads rom. På eine gavlveggen (mot vêret) bygde ein ofte eit skot i stavverk med

pulttak. Midt på langveggen var det ofte, særleg i Storfjord-området, ei ark med vindaug som kunne vere noko utkraga i høve til vegglivet i første etasje.

På Sunnmøre finn ein også ein annan påbyggingskikk; samanbygging av røykstove/nystove.

På Nordmøre var ein mykje tidlegare ute med å innføre pipe, grue/peis og malmomn og byggje stovehus i to etasjar. Husa er i nær slekt med trønderisk byggeskikk, men har eit eige særpreg som er typisk for det ein kallar nordmørslåna. Huset har to fulle etasjar og er samanbygt i lengderetninga etter behov.

Den samanbygde nordmørslåna har gjerne to inngangsdører i hovudfasaden, utsmykka med portalomramming i klassisistisk stil som nok har henta inspirasjon frå palléa i Trondheim. Vindauga er plassert på langveggane i jamn avstand symmetrisk over kvarandre, og gir ein markant heilskapsverknad og eit spesielt "gjennomlys" i dei store stove-romma som går i heile husbreidda.

I Romsdal har ein og teke i bruk pipe og malmomn på gardane tidleg på 1800-talet (1840 i Bolsøy i flg. Olafsen-Holm) og utvikla den sokalla romsdalslåna som har ein noko lavare andre etasje enn nordmørslåna og vindauga på langveggane er gjerne plassert parvise, to og to tett saman. Andre etasjen kan enkelte stader vert svært lav, men likevel har ein vindaug på langveggen som kan vere lave og sit langt nede mot golvet. Romsdalslåna er og ofte kortare enn nordmørslåna. Lånbygningane har opprinneleg ikkje opningar i gavlveggen. Bygninga er gjerne plassert i landskapet slik at gavlen snur mot vêret og har ein spesiell tekking for å tåle regn- og vindpåkjenning. Tidlegare er nemnt steinveggar, men også sponkledning er ein del brukt, særleg på kysten.

Skilje i måten å lage samanbygde langhus på i dei tre fogderia er ikkje heilt gjennomført, særleg ikkje på kysten. Her finn ein ei "kysttype" av bustadhuset som går at i kystbygdene i heile fylket. Det mest karakteristiske med bygninga er det "skeivtekte" taket. Laftekonstruksjonen har eit symmetrisk tak, men med ei sval i stavverk i tillegg langs "baksida" der taket er forlenga over svala, vert resultatet ein usymmetrisk husgavl.

I byggeskikken har det lenge vore eit samvirke mellom utanlandske stilimpulsar og heimleg tradisjon. Mellom anna er den norske bygdeempiren ein freistnad på å omtolke kontinental steinarkitektur til norske trehus. Med sveitserstilen kom imidlertid fullt og heilt ein internasjonal stil inn i bygdenorge i slutten av førre hundreåret. Det starta gjerne med pioner institusjonane innan reiselivet, med pensjonat og hotell som skulle vere "moderne" for å trekke til seg dei nye turistane.

Det som karakteriserer sveitserstil husa er ei breiare og kortare husform enn låna. To rom i i breidda er vanleg, og i høgda er det halvannan, eller to etasjar. Taka har stort utstikk med synleg sperreendar med utsaga dekor på enden. Ornamentikken elles som ein finn kring dører, vindaug og i gavlane er løvsagsarbeid med gjennomhola treverk der ein spelar på flater og opningar med ulike motiv.

Sveitserstilen er som nemnt ein internasjonal stil som breidde seg over heile landet og kom til Møre og Romsdal utan lokale føresetnader. Ein kan sjå tendensar til at den lokalt har teke opp i seg ein del trekk frå tidlegare lokal byggeskikk som arkmotivet (utkraga midtark over inngangen) i Storfjordområdet. Sveitserstilen gav seg også utslag i sveitsifisering av allereie bygde hus. Eit typisk døme er at lånbygningar kunne få nytt og brattare tak med større utstikk

og skifertekking, verandatilbygg framfor inngangen og løvsagdekor i gavlen og rundt dør og vindaug.

## BYANE

### Byane sin framvekst og tidlegaste utvikling

Byggeskikken i byane skil seg ein del frå landsbygda, sjølv om ein i byane ofte har budd i gardshusa som er flytta til byen og kanskje har vorte forsynt med meir stasleg panel. Men næringsgrunnlaget og levemåten var noko annleis i byane enn på gardsbruka på landsbygda og dette gav utslag i andre bygningskategoriar og andre bygningstypar. Molde og Kristiansund fekk bystatus samstundes i 1742 og Ålesund fekk slik status i 1848.

Utbygginga i byane i førre hundreåret var nesten berre i trekonstruksjonar. Fiskemottak, tilverking, lagring og utskipping og handel med andre varer kravde store lagerhus med tilflot. Kystbyane var aktivt vendt mot sjøen med andre viktige funksjonar i nær tilknytning. Dette gav svært kompakte og tettbygde bymiljø. Den delvis eksportretta handelsverksemda skapte grunnlag for eit mangfaldig yrkesutval av kjøpmenn, handverkarar og arbeidarar. Dette avspeglar seg i eit utal av bygningstypar og storleikar som var meir ueinsarta enn busetnaden på landsbygda.

Kristiansund ligg ved utløpet av Nordmørsfjordane. Nærleiken til gode fiskefelt og ei god hamn var bestemmende for byen si utvikling. Den gode hamna gjorde at staden vart funne godt eigna som utskipingshamn for hollandske trelasteksporten, og ladestaden Fosna vart med dette etablert. Bygningane fikk etter kvart eit forseggjort preg, påverka av trønderane sin byggjemåte, og med interiør prega av hollandsk innflytelse. Oppblomstringa innan handel og fiske førte til lausriving frå trønderane sitt handelsmonopol, og Fosna fikk bystatus under namnet Kristiansund.

Kristiansund var landets største klippfiskeeksportør i siste halvdel av 1800-talet. Dei mange kjøpmannsanlegga omkransa hamna og dominerte bybiletet. Bak dei store kjøpmannsanlegga låg meir primitive småkårsbusar. Bak busetnaden låg klippfiskeberga som ofte også kunne strekkje seg heilt ned til sjøen, eit sær viktig og markant innslag i Kristiansund sitt kulturlandskap.

Molde fekk bystatus samstundes med Kristiansund, men har ein heilt annan karakter. Det eldste bymiljøet var konsentrert i den sørvende fjordbukta mellom Moldegård i aust og Reknes gard i vest. Hovudvekta av busetnaden låg i nærleik av sjøen, og byen fekk difor ein landstrakt lineær byplan. Nærast sjøen låg sjøhusa på rekke og rad, oftast med gavlveggen mot sjøen. Bak sjøhusa låg bustadhusa, som regel med gate mellom sjøhus og bustadhus. Mellom bustadhusa vart det ofte små, men bugnande hagar, med sterk og god ange av roser, noko som gav Molde det positive tilnamnet "rosenes by".

Delar av Molde sentrum (området kring elveosen og austover) vart råka av brann i 1916. Det vart innført murtvang for eit mindre område frå sjøen til Øvre gate. Dette førte til gjenreising i mur i dette strøket og utbygging i tre i tiliggande område.

Ålesund by har ei yngre historie enn Kristiansund og Molde. Den første busetnaden vaks fram langs sjølve "Ålesundet" (sundet mellom Aspøya og Nørøvøya). Nærast sundet låg sjøhusa med dei karakteristiske vindhusa på rekke og rad. Våningshusa var som regel plassert bak sjøhusa.

Mesteparten av den eldste trebebyggelsen gjekk tapt under bybrannen.

### Gjenreiste bymiljø

Ålesund vart råka av brann i 1904 og heile sentrum vart lagt i oske. Murtvang vart innført i sentrum og gjenreisninga skjedde på rekordtid (4-5 år) i ein periode då den kortliva jugendstilen var aktuell innan arkitekturen og byggeaktiviteten elles i landet var liten. Til Ålesund strøymde det dyktige arkitektar og handverkarar for å ta del i gjenreisninga. Resultatet vart eit samanhengande, nytt bysentrum med eit uvanleg heilheitleg preg med stiltrekk i hovudsak henta frå jugendstilen.

Både Molde og Kristiansund saman med Åndalsnes og Veblungsnes var utsett for bombing og brann i april dagane i 1940. I begge byane vart heile sentrumsområda øydelagde. Eit omfattande gjenreisingsarbeid vart planlagt av Brente Steders Regulering undre leiing av professor Sverre Pedersen.

Det tok lang tid før ein hadde ei komplett gjenreisning. Ny kyrkje var ikkje på plass på Kirklandet i Kristiansund før i 1964 (Molde kyrkje i 1957).

### Fiskevær, tettstader, o.a.

Utanom dei tre nemnde byane i fylket har ikkje Møre og Romsdal vore heilt utan bydanningar og tettstader i historisk tid. Frå mellomalderen har vi som nemnt restar etter kaupanger både i Borgundgavlen og på Veøya. Mot slutten av mellomalderen vaks fiskeværet Bud fram som ein viktig

tettstad i Romsdal med Riddersalen som truleg husa det siste Riksmøtet i Norge i 1533. Andre fiskevær som Veidholmen, Grip, Bjørnsund og Ona var ikkje ubetydelege tettstader når fiskeværa hadde si stormaktstid. Marknadsplatsen Veblungsnes som overtok Romsdalsmarknaden etter Devold, må og nemnast som viktig tettstad før jernbanen vart utbygt i Romsdalen og stasjonsbyen Åndalsnes tok over "hegemoniet" som senter i indre Romsdal.

Mange stader i fylket vart det og etablert såkalla strandstader. Dette er ein eldre type tettstad, plassert ved sjøen, som regel i ein fjord. Som døme på strandstader som er lite endra i nyare tid kan nemnast; Surnadalsøra, Øksendalsøra, Todalsøra, Kvande, Nauste og Ramstad.

### 4.1.03. SÆRTREKK FOR MØRE OG ROMSDAL

#### FJORDFYLKE

Når ein veit at 37 av dei 38 kommunane i fylket har tilflot frå havet, skulle ein tru at fylket var ei lang, smal kyststripe. Men fylket er 10-11 mil bredt i luftlinje på det breiast. Når Geiranger, som ligg 8 mil i luftlinje frå kysten kan få besøk av store turistskip, er det på grunn av fjordsystemet som skjær seg og buktar seg inn i landet.

Amund Helland opererer med 78 fjordnamn i kapitlet om havet og fjordane i sin "Beskrivelse over Romsdals amt" som kom ut i 1911.

Grovt rekna kan ein snakke om tre hovudfjordsystem, eit i



Fjordfylket, kart frå Statens kartverk

kvart fogderi. Fjordsystemet på Sunnmøre har ein vest-sør-vest/aust-nord aust gåande akse med Rovdefjorden, Vartdalsfjorden og over i yste del av Storfjorden og tre hovudgreiner innover og sørover i landet. Lengst vest er Voldsfjorden med greiner til Dalsfjorden og Austefjorden, i midten Hjørundfjorden, og lengst mot aust Storfjorden med greiner inn til Tafjord og Geiranger.

Fjordsystemet i Romsdal vert beskrive som handa med fem fingrar. Den aust-vestgåande hovudaksen strekkjer seg i over åtte mil frå Midfjorden og inn "peikefingeren"/Langfjorden til Eidsvåg. Parallelt nord for seg har ein den noko kortare Fannefjorden. Og som tre fingrar mot sør stikk Tomrefjorden, Tresfjorden og Romsdalsfjorden seg inn i landskapet. Den siste bøyer innerst av mot aust inn i Isfjorden.

Det nordmørske fjordsystem har to parallelle aksar i nord-vest-søraust retning og ein tredje akse som går aust-vest. Aust-vest aksa består av Vinjefjorden, Arasvikfjorden og Årsundfjorden. Den austlegaste av dei parallelle aksane startar yst med Halsafjorden som deler seg i Ålvundfjorden og Stangvikfjorden med forlenging til Todalsfjorden. Fjordsystemet har også greinene Surnadalsfjorden og Hammesfjorden som går austover. Den vestlegaste aksa er samansett av Tingvollfjorden og Sunndalsfjorden.

Fjordane har både vore stengsel og samband. Til fots og med køyretøy er dei umogleg å krysse, men med båt kan dei nyttast som ferdsselsåre. I periodar i historia då båten var viktigare som kommunikasjonsmiddel enn i dag, var det ofte fjorden som batt folket og bygdene saman. I dag har samferdsla flytta på land og er avhengig av ferjesamband for å krysse fjordar (dersom ein ikkje har laga bru eller undersjøisk tunnel).

### FERJEFYLKE

Den første bilferja i Møre og Romsdal, M/B "Sykkylvsfjord" med plass til fire bilar tverrskips på framdekket var på plass i rute mellom Magerholm og Sykkylven i 1920. Ferja vart driven av eit privat selskap. I 1929 var talet på ferjer i fylket oppe i tre, og i 1935 hadde det stege til ni ferjer. Ei ferjerute som kanskje ikkje så mange kjenner i dag, gjekk i perioden 1932-1946 mellom Eidsøra i Nesset og Fjoseid i Tingvoll. Den store veksten kom i perioden 1950-60 med ei seksdobling av ferjetrafikken og Møre og Romsdal vart landets "ferjefylke". Ei posisjon vi har halde på sidan.

Ferjene er i dag ein nødvendig del av vegnettet for den som reiser i Møre og Romsdal. 27 ferjeruter med i alt 68 ferjestader knyt saman hovudvegnettet, kryssar fjordane, og syter for gode kommunikasjonar til øysamfunna. Møre og Romsdal Fylkesbåtar (MRF) sine 36 ferjer av ulik storleik går frå tidleg morgon til sein kveld (og nokre få stader heile døgnet). Tidspunkt for aktivitetar og arrangement i fylket er ofte styrt av MRF sin rutetabell. Ferjeturen kan gi eit kjærkome avbrekk i kvardagen, der folk kan møtast over ein kopp kaffi og ei svele.

### KULTURGEOGRAFISK MØTESTAD

Møre og Romsdal ligg på mange måtar som ein møtestad mellom Vestlandet, Trøndelag og Oppland med sine ulike kulturar.

Administrativt har fylket i historisk tid vore delt mellom Nidaros og Bjørgvin eller Trondheim og Bergen og kulturimpulsane har kome frå kvar sin kant av landet. Omkring år 1000 vart Sunnmøre ført under Gulating, og Nordmøre og Romsdal vart lagt under Frostadting.

Handelsrettane i fylket var også styrt frå Bergen og Nidaros. Berre handelsmenn med borgarskap i Bergen kunne drive handel på Sunnmøre, medan borgarskap i Trondheim var nødvendig for å handle på Nordmøre og i Romsdal. Som ein "kuriøsitet" kan nemnast at Roskildedefreden i 1658 fastsette at Trondheims len med Nordmøre og Romsdal skulle avståast til Sverige. Grensene mellom Romsdal og Sunnmøre vart då viktige og vart oppgått, men allereie hausten 1658 var svenske drivne ut av Romsdal og Nordmøre og "svenskegrensa" flytta vekk frå fylket.

Heilt fram til 1983 høyrde Nordmøre og Romsdal til Nidaros bispedøme og Sunnmøre til Bjørgvin. I tillegg har ferdselsvegane i innlandet like ofte gått over fylkesgrensa til Nordfjord, Oppland og lenger nord aust, til Trøndelag som til andre delar av fylket.

### INTERNASJONAL KONTAKT

I fornminnefunn i fylket heilt tilbake til bronsealderen (1500-500 f.Kr.) er det funne gjenstandar som er importert frå Mellom-Europa. Allereie tidleg, kanskje alt på 600-talet e.Kr., drog vestlendingar til Hjalmland og Orknøyane, sikkert med skip av Kvalsund-typen. Heile familiar sette kursen til havs, mot Island, Grønland, Færøyane, Hebridane, Irland, Man, Nord-England og Normandie. Nordmenn reiste ut i vikingferder, handelsferder og landnåm. Vi veit at folk frå Møre og Romsdal var med på alt dette.

Den største og mest betydningsfulle landnåmsmannen frå Møre vart kalla Gange-Rolf og var sonen til Rangvald Mørejarl. Rolf eller Rollon vart hertug under franskekongen og grunnla i 911 hertugdømmet Normandie som fekk ei sterk nordisk busetting.

Gravfunn i fylket fortel om kontakt med mange ulike land. Slike funn er til eksempel: engelsk vikingsverd, franskisk sverd, russisk eldstål, arabisk sølvmedaljong og irsk bronsebeslag. Dei mektige ættene i mellomalderen hadde internasjonal kontakt.

Frå Giskeætta veit vi at av barnebarna til stamfaren Arnmod som fall i Hjørungavågslaget vart Ingebjørg Finnsdotter først gift med orkenøyjarlen Torfinn og seinare gift med skottekongen Malcolm Canmore, og søskenbarnet, Øystein Torbergson Orre fall ved Stanford bru i 1066. Andre etterkomarar av Arnmod og Torberg var dei første frå Norge på Jorsalferd. Med i fylgjet var fleire hundre sunnmøringar. Frå Aspeætta kom mellom anna erkebisp i Nidaros, Olav Trondsson som døydde på Romareis.

Tidleg i mellomalderen vart det eksportert skatte- og avgiftsvarer frå kaupangane i Borgund og Veøy. Tømmer og trelasteksporten frå Møre og Romsdal starta opp på slutten av 1500-talet. Høgdepunktet var frå hundreårsskiftet 1500-1600 og framover. Det tok først slutt på Sunnmøre, der nedgangen var ein realitet allereie i 1640-åra. I Romsdalen held det fram til 1690-åra. Og på Nordmøre varde det lengre, men tok også der av på slutten av 1600-talet. Hollendarane var Europa sine "fløttmenn" og kom hit med skutene sine for å kjøpe tømmer og trelast. Utlendingane ville helst kjøpe rundtømmer, men det vart etter kort tid forbode å utføre, og oppkjøparane måtte ta til takke med sagbord.

Sjølv om hollendarane var i klart fleirtal, var det også engelske, skotske og irske trelastskuter. Nokre av hollendarane kom att opp til fire-fem gonger i løpet av sommaren, år

etter år. Det oppstod nære og vennskaplege samband. Møre og Romsdal vart på denne måten drege inn i Europa. Impulsar utanfrå nådde oss like raskt som dei nådde Chritiania eller København.

I heile fylket vart skogen nærast uthogd etter den store trelasteksporten. Det store geitehaldet gav ikkje skogen sjanse til å vekse opp att før på lang tid. Det tok hundre år før trelasthandelen på Nordmøre og i Romsdalen kom opp i det omfanget den hadde hatt rundt 1670.

I mellomtida hadde klippfisknæringa starta opp på Nordmøre og Fosna/Kristiansund og Molde hadde fått kjøpstadrettar og bystatus. Framveksten av klippfisktilverking på Nordmøre og seinare i heile fylket gav ny internasjonal kontakt gjennom skottar og engelskmenn som var pionerane i næringa (når ein ser bort frå det første forsøket i 1690-åra av hollendaren Jappe Ippes) og gjennom eksport av dei ferdige produkta. Eksporten gjekk i først omgang til europeiske land med Spania som tyngdepunkt. Men frå 1845 kunne det stå mottakaradresser som Havanna og Rio de Janeiro på kassene som vart sendt frå vårt fylke.

Skipsfarten vaks frå midten av 1800-talet til ei betydeleg næring i fylket, først og fremst i Kristiansund. Mellom anna vart det oppretta direkte ruter til Italia. Den internasjonale kontakta vart utvida. Handelskontakten førte med seg import av "kulturgods" som opera og gitarmusikk, møblar, motele, herreklubbar og matrettar med kvitlauk, cayennepepar og raudvin. Turisttrafikken som vaks fram i vårt fylke frå midten av 1800-talet vart ein ny innfallsvinkel til internasjonal kontakt.

Etter kvart var det ikkje berre trelast og fisk som var eksportartiklar. Til og med jordbruksprodukt vart eksportert. I 1890 vart det oppretta ei direkte rute frå Møre byane, via Bergen, til Newcastle for smørekjøp til England. I ein periode kring hundreårsskiftet eksporterte Romsdals amt meir smør enn resten av landet til England.


Etter at fiskeflåten vart motorisert like etter år 1900, drog dei første båtane til Island på sildefiske. Seinare vart det fiske av torsk og kveite ved Grønland og Newfoundland. Like før siste krig flytta også selfangsten med norske skuter seg til Newfoundland. Fiskeria føregjekk etterkvart også frå basar på Færøyane, Orkenøyane, Shetland og andre stader og kontaktar vart knytt til samfunna "vest i havet".

Utviklinga av lokal industri i etterkrigstid har gått meir og meir i retning av "eksport marknaden" både når det gjeld skipsbygging, skipsutstyr, møbel og belysning for å nemne nokre eksempel.

Ein del utanlandske selskap har tidlegare prøvt seg med etableringar i vårt fylke både i gruvedrift og industriutbygging, utan at det har vorte særleg store suksessar. I den siste tida har vi sett at utanlandske selskap kjøper opp veletablerte selskap i fylket som Sævik Supply i Herøy og Ulstein-gruppa med hovudsete i Ulstein, og med greinar mange stader elles på Sunnmøre.

## REISELIV/TURISME

I femårs rapporten sin for perioden 1845-50 skriv amtmann Thesen at talet på reisande i amtet hadde auka, og at det ikkje var berre nordmenn i embets medfør, men også turistar frå Tyskland og England. Dei første var gjerne sportsfiskarar som var opptekne av laksen i elvane. Bromley Davenport



*Sjøholt Hotel, Sjøholt i Ørskog kommune. Biletet er henta frå "Arkitektonisk kartlegging i Møre og Romsdal" av Ole Lind Schistad*

kom til Rauma i 1840-åra og familien har sidan hatt ferietilhald der. Det har vore hevda at det første norske turisthotellet var på Åk ved Åndalsnes. I 1860-åra vart det bygt kjerreveg frå Lesja og gjennom Romsdalen til Åndalsnes som vart eit turistssentrum.

I 1870-åra kom dei første turistskipa til Molde. Og i 1876 fekk Ørsta og Hjørundfjord besøk av fjellklatraren W.C. Slingsby. Det skulle verte både mange turistskip og fleire fjellklatrarar etter kvart.

I 1880-åra vart det regelmessige besøk av turistskip til fylket og Geiranger vart ein viktig stoppestad. Samtidig sette utbygginga av turisthotell fart med stor byggeaktivitet fram til hundreårsskiftet. Utbygginga var sterkast i Molde, på Åndalsnes, i Geiranger, på Hellesylt og på Øye i Hjørundfjorden. Men også bygder som Fyrde i Austefjorden, Bjørke i Hjørundfjorden, Sjøholt og Nauste i Eresfjorden fekk hotell. Som vedlegg til planen følgjer ei liste over ein del av dei første turisthotella i fylket (vedlegg side 18).

Geirangervegen var ferdig i 1889 og opna for skysstrafikk mellom Otta og Geiranger. Talet på turistskip auka sterkt, og i 1906 hadde Geiranger rekord år med 112 besøk. Utleige av rettar til laksefisket var framleis viktig i dei store lakseelvane som Rauma, Driva og Surna. I 1899 tente bøndene i Sundalen 18 000 kroner på utleige av elva Driva til turistar. Til samanlikning var kommunebudsjettet for Sundal på knapt 13 000 kroner det året. Meir organisert turisme kom med etablering av Den Norske Turistforening i 1868. Lokallaga i kvart av fogderia i fylket kom i 1888-89.

Nokre av dåtida sine "kjendisar" dukka også opp som turistar i Møre og Romsdal. Mest kjent er nok keisar Wilhelm II som

besøkte mellom anna Molde med stort fylgje kvart år frå 1890 til 1913. Men også representantar for kongehusa i Europa kom som turistar hit.

### FORSKJELLAR I FOLKELYNNE

Dei som er født før 1955 vil huske journalisten, forfattaren og radiokåsøren Arthur Klæbo. Han er innom temaet skilnad i folkekarakter i ein artikkel i Møre og Romsdal, fylket og folket. Eg tillet meg å sitere med fare for at framstillinga er noko subjektiv: "Her er, som De skjønner, eit skiftande, men pålitande vêr som folk tykkjast trivast med, både sommar og vinter. Sume seier at det held folk friske, og andre meiner det motsett. Dei har rett baa. Om vêret har nokon avgjerande innverknad på folkekarakteren, då skulle det ikkje vere skilnad på folket i dette fylket. Skilnaden er vel helst oppdikta for å tene visse humoristiske føremål i selskapslivet.

Sunnmøringen skal soleis vere alt mellom geni og synde-bukk for alle landsmenn, ein sleisk, nærig og "hekjen" kar som kavar til seg sjølv, vågar og vinn. Romsdalingen er den blide, godlynte mannen med munnen full av venlege, tjukke L-ar, medan nordmøringen ikkje kan lyge seg frå slektskapen med trønderen, tung i siget og full av spydig understatement."

### "MARGINALBUSETJING"

Reiser ein innetter Storfjorden på Sunnmøre kan ein sjå ein-bølte gardar langs strendene, sameleis oppe i lia og bratt-

lende, under steinskred- og snøfonnfare. Og ein kan spørje seg: Kvifor fór folk ut i farlege utkantar.

Den særst grovsame skredjorda, både langs strendene og lenger oppe lokka nok folk frå "overfolka" bygder til å rydje seg gard. Jorda var laus og lett og tørr til å grave i med enkel reiskap, mot på flatene i bygda. Her var rikeleg varme og væte i veksttida. Attåt kunne det vere trongen til sjølveige. Vi må også hugse på at dette var i "naturalhushaldet" si tid då ein var meir eller mindre sjølvhjelp på ein gard. Kort avstand til "kjøpesenteret" var ikkje avgjerande. Men det var ikkje for kven som helst å klare eit slikt tilvere, ofte i einsemd og der ein berre hadde seg sjølv å stole på. Det måtte spesielle ressurstar til.

Går vi 150 år tilbake i tida var ikkje kommunikasjonane på land særleg utbygt. Det var sjøen og båten som var viktigast. På land var det stort sett berre stiar og ride- og kløvvegar ein måtte klare seg med. For mange tok det lang tid å kome seg til naboen eller til bygda. Enkelte av desse utkantgardane hadde ein svært vanskeleg tilkomst. Det var først når ein byrja bygge kjerrevegar og køyrevegar i siste halvdel av førre hundreåret, at forskjellane vart særleg sterke mellom dei som då fekk veg, og dei som ikkje fekk – og heller aldri kunne få det. Dei vart liggande som utkantgardar – og vart etter kvart avfolka. Nokre vart fråflytta også på grunn av fonnefaren.

Frå 1880- og særleg 1890-åra kom gjennombrøtet for det nye jordbruket, som har vorte kalla handelsjordbruket. Det vil seie at bøndene spesialiserte seg på å produsere varer som



Ytste Skotet i Stordal kommune. Biletet er henta frå fylkeskonservatoren sitt arkiv. Foto: Jens Peter Ringstad

dei kunne selje. Dermed fekk dei pengar til å kjøpe varer som dei før hadde produsert for eige bruk. Det seier seg sjølv at det vart tungt for folk på avsides og veglause gardar å henge med i ei slik utvikling. Men enkelte stader vart folk buande "på trass" til fram mot vår tid. Familien på den midtre Skotet garden i Storfjorden flytta inn til Dyrkorn på 1970-talet og Anne Husfest flytta inn til Aure i 1980-åra.

Kvar finn vi så desse utkantgardane? Gardane innover langs Storfjorden med sidearmar er nok mest kjent. Grunnen er vel at dei til dels er lett synleg for reisande, brukt i turistnæringa som sjåverdige og lofta fram i lyset av bøkene til Sakarias Ansok og arbeidet til Storfjordens venner. Langs veglause strender og lier frå Ørsneset i Sykkylven og innover fjordsystemet med avstikkar til Tafjorden, Sunnlyvsfjorden og Geirangerfjorden finn ein gardar frå strandkant til fjellhulle. Til saman kan ein telje ca. 65 strand- og fjellgardar langs Storfjorden. Også innover langs Hjørundfjorden vart det att nokre gardar som aldri fekk veg, eller ferjeanløp og som etter kvar vart fråflytta.

Eg har allereie nemnt Husfest på nordaustspissen av Ertvågøya. Også på innsida av Ertvågøya mot sørvest har det vore ein gard kalla Berget. Over på nabo øya Stabben i Tustna har det på sørsida vore ein utkantgard kalla Fjellingsdal. Innover på begge sider av Halsafjorden ligg det fråflytta utkantgardar som Kvalnesvik, Jordal og Trodal.

På Indre Nordmøre har ein noko ein kallar markagardar, gardar som er rydda i utmarka ofte langt frå næraste nabo. Både i Nordmarka og inn i Trollheimen, i Folldalen og Kvendalen finn ein slike anlegg.

Inne i Sunndalen, mot Dovrefjell er det framleis fast busetnad på høgtliggande gardar som etter kvart har fått bilveg-samband som Jenstad, Røymoens, Hafsås, Svisdal og Sveen. Medan Lundlia i same område vart verande veglaus og er fråflytta. Ute i Sunndalsfjorden var garden Flå lenge veglaus, men har behalde busettinga og har no veg. Lenger ut i fjorden ligg Almskår som ikkje fekk veg og vart fråflytta. Begge dei nemnde gardane er skogrike og har forsynt musea i fylket med bygningar.

I Nesset ligg ein gard på kvar side av Kløvbjerkneset, der Eresfjorden tek av frå Langfjorden. Gauprør yst har fått veg til Vistdal medan Ernes litt inne i Eresfjorden er veglaus og fråflytta. Som ein kuriositet kan nemnast at ein søskenflokk som vaks opp her på den einbølte og isolerte Ernesgarden i førre hundreåret utvikla sitt eige skriftspråk som dei kommuniserte med også etter at dei flytta ut. I Rauma var Lybergvika på nordsida av Oksen veglaus fram til våre dagar og Helgestø ved Romsdalsfjorden aust for Våge er framleis veglaus.

#### 4.1.04. TYPISKE TREKK FOR MØRE OG ROMSDAL

##### KYSTFYLKE

Kystkulturen går så langt inn i landet som laksen går i elvane vert det sagt. Etter ein slik definisjon er det ikkje tvil om at Møre og Romsdal er eit typisk kystfylke. Men også etter ein meir "moderat" definisjon av kyst er fylket vårt å rekne som eit typisk kystfylke.

Etter NIJOS si soneinndeling av landet i landskaps-regionar har halvparten av kommunane i fylket kystbygder og kommunane Giske, Sandøy, Aukra, Kristiansund og Smøla er reine kystkommunar. Tek vi med kommunar som i hovudsak har kystbygder, men som har små innslag av fjordbygder i til-

legg, utvidar vi krinsen til også og omfatte Sande, Herøy, Ulstein, Haram, Midsund, Fræna, Averøy, Frei, Tustna og Aure. Vi har altså 15 kystkommunar og 4 i tillegg som har innslag av kystbygder ( Hareid, Sula, Ålesund og Eide).

Ein av grunnane til at ein gjerne trekkjer kystkulturen lenger inn i landet, er mellom anna at i tidlegare tider deltok gjerne fjordbøndene i sesongfiskeria på kysten. Fjordbuarane dreiv også fraktofart med jekter o.l.

Det er vanskeleg å finne ein eintydig definisjon av kva kystkultur er for noko. Viktig i denne samanheng er variantar av livsformer som har utvikla seg ut frå naturtilhøva, der det å nytte sjøen som ein større eller mindre del av næringa er sentral. Kystkulturen er såleis ikkje statisk, med har endra seg frå steinalder til våre dagar.

For det meste av tidsaksen vår gjeld det at kystkulturen og er ein bondekultur med ein del driftsmessige særpreg i høve til innlandsbygdene. Det er kombinasjon av jordbruk og ulike former for sjøbruk som er viktig før spesialiseringa opp mot vår tid (sjå neste avsnitt). Jordbruk og sjøbruk var komplementære næringar der den eine næringa vanskeleg kunne tenkjast utan støtte i den andre.

Geografisk er heile vårt område viktig i kystkultursamanheng – ikkje berre kyststripa, men innover i fjordane og oppover i dalane. Dei øvste bruka i Valldal hadde t.d. ei heilt klar kysttilpassing. Dei hadde part i åttring, naust ved sjøen og deltok m.a. i torskefiske og i fjordfiske.

Kystkulturen endrar seg fram mot vår tid. Med industrialiseringa følgjer større spesialisering. Vi får nye næringsveggar mellom anna i kystbasert industri, skiljeliner i dagleglivet mellom kyst/innland/by blir utviska.

##### KOMBINASJONSBRUK JORD/FISK

Ein fot i båten og ein fot på land var ein vanleg situasjon for mange av innbuarane i fylket tilbake i tid då primærnæringane jordbruk og fiske var heilt dominerande. Som eg allereie har nemnt under førre avsnittet, har ei kombinasjonsdrift av jordbruk og fiske ikkje berre vore for kystbuarane, men også for fjordbuarane som deltok aktivt i fjordfiske og i sesongfiskeria på kysten, enten som rorskarar eller med eige båtlag som var innlosjert enten i eigne hus eller på loftet i større gardshus på kysten. Fjordfolket sine eigne hus på kysten har hatt ulike namn langs kysten. I dag har det typiske lofot namnet "rorbu" kome inn i begrepsbruken og daglegtalet og her lokalt. I tidlegare tidar kalla dei desse husa for losji, vegn og anna på Sunnmøre for fjordmannsstove (Herøy) og i Romsdalen for fiskarstave (Ona). Fjordfisket kunna ha ulike former. I bygdene hadde ein gjerne notlag som dreiv med landnotbruk etter sild. Enkelte stader var laksefiske i sjøen viktig. Ei gamal fangstform er bruk av laksevorpe. Seinare kom kilenota i bruk.

Minna ein finn i dag etter denne verksemda er storbåt-naust både ut på øyane og elles langs kysten, men også inne fjordane. Ute på øyane finn ein losji hus og saltebuer for fiskemottak.

Fangsten var i liten grad til eige bruk. Mesteparten kunne seljast til oppkjøparar og fiskarane fekk oppgjør i klingande mynt. Sjølv om også fiskeria kravde investeringar i båt og utstyr, var det her i gode år mogleg å hente ut eit overskot som ikkje sjeldan vart investert i garden.

## ORGANISASJONSLIVET

Å lage opne foreiningar med innskrivne medlemmar, vedtekne lovar og fast møteordning var ein ny skikk i 1830-40 åra. Det einaste ein hadde hatt av samskipnader før var landbruksselskapa frå 1770-åra og klubbsselskapa i byane (Kristiansunds Klubbsselskap stifta i 1789 og Klubbsselskapet "Harmonien" i Molde frå 1792).

Byane var først ute med stifting av foreiningar, men fenomenet spreidde seg raskt til bygdene. Molde Maateholdsforening vart stifta i 1841, Selskapet for Molde Bys Vel i 1842 og Molde og Bolsø Misjonsforening i 1844. I 1860 hadde Molde 20 foreiningar, og i 1890 hadde talet auka til 35.

I 1869 skreiv avisa Møringen Volda: "Vor Tid er Foreningernes tid. Man danner nu Foreninger i alle muelige Øiemed, og dette er jo saa naturligt. Man erkjender, at ved mange, om smaa, Kræfters Sammenslutning kan man oppnaa store Resultater og bringe det i værk som for den Enkelte vilde være umuligt."

Det var særleg tre område som fekk sine foreiningar: lekmannsrørsla, fråhaldsrørsla og målrørsla. Og oppsvinget i utvikling av organisasjonar kom i siste delen av 1800-talet. Rørslene kan vere noko ulikt organisert. Men dei viktigaste organisasjonane var dei frilynde ungdomslaga, mållaga, dei kristeleg lekmannsforeiningane og fråhaldslaga.

Når eg nemnar at organisering har vore noko ulik i fylket skuldast det mellom anna at dei frilynde ungdomslaga som arbeidde for folkeopplysning og norskdom også i stor grad femnde om målsaka på Sunnmøre, medan ein på Nordmøre og i Romsdal ville ha eit skilje mellom dei to "rørslene" og fekk dermed etablering av fleire reine mållag i desse to fogderia. Kan ein sjå likskaper i fylket når det gjeld organisasjonslivet? Fråhaldsaka stod svært sterkt i fylket samanlikna med resten av landet tidleg i dette hundreåret. Ved begge folkerøystingane om brennevinsforbod (1919 og 1926) var Møre det fylket som hadde høgst prosentvis tilslutning til forbodet. Både losjane og fråhaldsaka stod noko sterkare på Sunnmøre enn i resten av fylket. I fråhaldssaka syner folkerøystingane at Romsdal stod til dels sterkare enn Nordmøre.

Korleis stod det til med målsaka? Ser vi på innføring av nynorsk som opplæringsmål i skolen i 1910, er det ein klar tendens at nynorsken har sterkast gjennomslag på Sunnmøre, og særleg på Søre Sunnmøre der 93% av skolekrinsane har innført nynorsk. Nordre Sunnmøre har 43%, medan Romsdal har 17% og Nordmøre 4%. Korleis stod det til med det religiøse organisasjonslivet? Frå 1850-åra og langt inn i vårt hundreår gjekk det kristeleg vekkingsbølgjer over delar av fylket og lokale indremisjonsforeiningar vart stifta. Også innan denne delen av organisasjonslivet er det ulikheit i fylket. Det er grunn til å tru at kristenlivet på Sunnmøre på 1800-talet utfalda seg sterkare enn lenger nord i amtet.

I siste delen av 1800-talet voks den frilynde ungdomsrørsla og målrørsla fram som nasjonale folkerørslar. Begge desse vart sterkare knytte til Vestlandet enn til resten av landet og stod sterkare sør i amtet enn i den nordre delen.

Frå slutten det 19. hundreåret og framover vart det bygd mange forsamlingshus til ulike føremål rundt i bygdene. Men det synest å vere skilnader i formålet med forsamlingshusa. I enkelte bygder som på Indre-Nordmøre kan det sjå ut som det vart bygt fleirbruks hus, medan det i andre delar av fylket vart bygt bedehus og ungdomshus parallelt. Bedehusa skulle

då brukast til kristeleg møte, medan ungdomshusa i prinsippet var fleirbruks hus. I bygder der det einaste forsamlingshuset var eit bedehus, kunne også det langt på veg få funksjon som fleirbruks hus, men med visse avgrensingar.

Ålesund fekk sitt bedehus i 1860-åra som kanskje det første i Romsdals amt. Det er sagt at det under den store vekkinga "Sandstormen" i 1887 hadde rom for 1200 menneske. Huset brann saman med resten av sentrumsbebyggelsen i 1904.

Viktige kulturminne frå det omtala organisasjonslivet er dei forsamlingshusa som framleis står relativt intakte rundt omkring i fylket. Eg kjenner ikkje til at målrørsla hadde eigne forsamlingshus, men vi finn bedehus, ungdomshus og nokre få losjehus.

Det er ikkje laga noko samla oversikt over kva vi har av slike hus i fylket. Men vi kjenner til ein del frå rådgivings- og tilskotssaker hos fylkeskonservatoren.

## 4.2. VERNEOPPGÅVENE I FYLKET

Med verneoppgåvene meiner ein her kulturminnevernet sine oppgåver i Møre og Romsdal. Det er umogleg å lage ei fullstendig oversikt over alle oppgåvene kulturminnevernet har, men det ein her vil prøve på er å gi ei oversikt over aktuelle typar, kategoriar og ein indikasjon på omfanget. Oppgåva er å verne kulturminna i fylket. Definisjonen av kulturminne er gitt i 3.5.01. Kva omfattar så denne verneoppgåva?

### 4.2.01. REGISTER

Når ein skal skaffe seg oversikt over kva som finst av kulturminne i til eksempel eit geografisk avgrensa område, er det føremålstenleg å lage seg eit register over kulturminna. Sidan mellom anna Lov om kulturminne deler kulturminna inn i grupper etter alder, er det naturleg at også eit register får ei slik inndeling. Hovudinndelinga går med eit skilje ved reformasjonen (1537). Nærare utgreiing om registera finn ein under 4.4.01. Her er det berre opplista kva for register ein har.

### AUTOMATISK FREDA KULTURMINNE

(kulturminne frå før 1537)

For Sunnmøre og delar av Romsdal har ein hatt to pionéarar som har gjort registreringar. Desse registera er lagt til grunn for arbeidet med ø.k. registeret. For Sunnmøre har Per Fett gitt ut sine registreringar i trykte hefter for kvart prestegjeld på Sunnmøre i 1950 og 1951. For Romsdal har Nils Parelius utført registreringar i kommunane Aukra, Fræna, Midsund og Sandøy. I samband med utarbeiding av økonomisk kartverk (ø.k.) for heile landet hadde ein som mål å registrere faste automatisk freda kulturminne/fornminne og kartfeste dei på ø.k. sine kart i målestokk = 1:5.000. Ø.k. register er fullført med kommunerapportar for 14 kommunar i Møre og Romsdal.

### SEFRAK-REGISTERET – NYARE TIDS KULTURMINNE

(Sekretariat for registrering av faste kulturminner i Norge)

(Kulturminne frå perioden 1536-1900)

Registrering av faste kulturminne i Noreg (SEFRAK) kom i



Tegning: Geir Helgen

gang for Møre og Romsdal sin del i 1977. Det er utført feltarbeid i alle 38 kommunane i fylket med registrering av hus og restar av hus. Ein har registrert 44.788 objekt i fylket. Det er gjort ein del unntak for grensa på år 1900, mellom anna for Ålesund sentrum for å få med gjenreisinga etter brannen i 1904, og for sentrumsområda i Kristiansund og Molde for å få med gjenstående bebyggelse frå før 1940.

Meir opplysningar om registeret finn ein under 4.4.01. og i vedlegg til planen side 41.

### 4.2.02. AUTOMATISK FREDA KULTURMINNE/FORNMINNE

I Møre og Romsdal har vi ca. 3.000 kjende automatisk freda kulturminne. Dei fleste er gravminne. I tillegg kjem mellom anna steinalder buplassar, hustuffer/busettingsspor og bergkunst for å nemne nokre av dei viktigast gruppene.

Talet på registrerte minne varierer noko for dei ulike delane av fylket og mykje frå kommune til kommune. Ø.k. registreringa for Fræna kommune inneheld ca. 200 register nr. For kvar registrering er det vanlege 1-3 objekt. Gravfeltet i Sandvikshagen er eit av unntaka med 142 graver. Fræna er den kommunen i fylket med fleste registrerte automatisk freda kulturminne. Færrest har ein i Skodje kommune med 10-12 objekt. Gjennomsnittet pr. kommune er ca. 80 objekt.

Eit utval nedsett av Norsk Kulturråd sette i 1967 opp ei liste over automatisk freda kulturminne i Norge med internasjonal verdi som burde få ei utvida freding og restaurering. Frå Møre og Romsdal er desse 23 objekta med på lista: Utvalet foreslo sikring av område kring 21 av objekta. Dei to einaste som ikkje er foreslått sikra er labyrintane på Vartdalsfjellet (fordi dei ligg høgt og utan truslar) og røysene ved Tjeldbergodden som i 1967 ligg i urørt landskap der ein ikkje såg nokon trussel. For fleire av objekta såg ein for seg truslar i form av utbygging og forslo sikring av nærare angitt område frå 5 mål og opp til ca. 100 mål (Leikvin gravfelt, Sunndal). For enkelte stader foreslår utvalet innkjøp av areal kring kulturminnet.

*Automatisk freda kulturminne i Møre og Romsdal med internasjonal verdi.*

1502	Molde	Storvik, Bjørset, einestående helleristning i flyttblokk	steinalder
1502	Molde	Bolsøya, bautastein	jernalder
1502	Molde	Vezøy, kaupangen	mellomalder
1503	Kr.sund	Vollvatnet, Fosnabuplass	steinalder
1515	Herøy	Løsetstranda (vest for Moltustranda), gravfelt	jernalder
1520	Ørsta	Vartdalsfjellet, to labyrintar	bronsealder
1532	Giske	Kongshauhen, Valderhaugstrand, storøys med rest av båt	jernalder
1532	Giske	Sjonghellaren, Valderøy	bebodd i romersk jernalder
1534	Haram	Skjerdingen ved Krogsetra, Vatne, 25 bautasteinar	mellomalder
1535	Vestnes	Krokset, Vikebukta, stort felt med haugar og røysar	jernalder
1539	Rauma	Horgheim, Romsdalen, gravfelt med ca. 100 haugar	jernalder
1543	Nasset	Boggestranda, helleristingsfelt	steinalder
1543	Nasset	Tilttereidet, landets største (1967) kavlvog (for båt og vogn)	mellomalder
1545	Midsund	Sør-Heggdal, Otrøya, stor gravhaug	jernalder
1545	Midsund	Magerøya, stor gravrøys	bronsealder
1547	Aukra	Storistølen, Løvika, tuffer og gravminne	jernalder (seinare delvis øydelagt)
1548	Fræna	Hogsneset, Nerland, to store røysar (ei med diameter 20 meter)	jernalder
1554	Averøy	Rånes, Kornstad, "Håkarøysa", den største på Nordmøre (d=20m)	bronsealder
1557	Gjemnes	Einneset, Høgset, busettingsspor	frå eldre jernalder
1560	Tingvoll	Honhammer, bergkunst (hellemalning)	steinalder
1560	Tingvoll	Aspa, samling av røysar, tre særleg fine bautasteinar	jernalder
1563	Sunndal	Leikvin, gravfelt med ca. 200 gravminne, størst i fylket	jernalder
1569	Aure	Dromnes, Tjeldbergodden, samling av røysar	jernalder

#### 4.2.03. KYRKJENE, KYRKJEGARDAR OG GRAVPLASSAR


##### Kyrkjer i Møre og Romsdal

Som vedlegg til planen (vedlegg side 4) følger ei oversikt over alle dei 119 kyrkjebygningane vi har i fylket (1300 i heile landet). Lista er inndelt etter alder og gir opplysningar om kommune, stad, kyrkjenamn, kyrkjetype, byggjeår, stil, arkitekt o.a.

Vi har relativt få svært gamle kyrkjer i Møre og Romsdal. Ni kyrkjer er frå mellomalderen, og berre sju av dei ståande, etterreformatoriske kyrkjene er frå perioden før Oversikta syner at over halvparten (61) av dei kyrkjene som står i dag er bygt på 1800-talet og særleg i andre halvdel av det 19. hundreåret vart det stor kyrkjebyggingsaktivitet. Dette skuldast nok særleg at Lov om Kirker og Kirkegarde av 1851 gav påbod om at det måtte vere sitjeplass for 3/10 av soknet sine innbyggjarar i kyrkja.

Tek ein med kyrkjene som er bygt fram til 1924, kjem vi opp i 98 "gamle" kyrkjehus. Berre 21 av kyrkjene i fylket er bygt etter 1925.

Kyrkjebygningane inneheld verdifulle interiør og utstyr. Det er tradisjon for å flytte med seg viktige og verdifulle element frå interiøret som altertavle, preikestol, døypefont, stolar, epitafium (minnetavle) og utstyr over frå gamal kyrkje når ein bygg ny kyrkje. Derfor inneheld kyrkjene ofte inventar og utstyr som er eldre enn kyrkjebygget.



Kirkelandet gravstad med urnenisher i bergveggen. Biletet er henta frå fylkeskonservatorens sitt arkiv. Foto: Christ Allan Sylthe.

##### Kyrkjegardar og gravplassar

Gravskikken i Norge i kristen tid har vore å gravleggje dei døde på ein felles gravplass i separate graver ordna i eit system. Der det har vore plass og jord til det, har gravplassen vorte plassert kring kyrkjebygninga og gjerne kalla kyrkjegard.

Andre stadar der det ikkje var jord nok ved kyrkja (Kristiansund, Molde, Ålesund) eller i bygder utan eiga kyrkje og med lang avstand til soknekyrkja, har ein laga egne gravplassar, gjerne med eit lite gravkapell e.l. Ein finn og nokre få eksempel på private gravplassar (gravstad) i fylket.

Det er ikkje laga noko oversikt over kyrkjegardar og gravplassar i fylket. Men her er mange gamle kyrkjegardar og gravplassar der både anlegg og gravminne er verneverdige.

#### 4.2.04. PRESTEGARDAR

Etter kyrkjene er det naturleg også å nemne noko om prestegardane i fylket. I bygningsmassen på dei eldre prestegardane finn vi ein svært verdifull del av vår bygningsarv. Prestegardstuna er ofte plassert i nærleiken av kyrkja slik at dei to elementa, gjerne saman med kyrkjegarden utgjer eit samanhengande miljø.

Prestegardshusa har ofte vore eit førebilete i sitt nærmiljø, og representerer såleis også ein interessant lekk i utviklinga av byggeskikken.

Som eg nemner i neste avsnittet om freda bygningar og anlegg og under 4.403. om freding, vart det tidleg på 1990-talet gjort vedtak om freding av 11 prestegardar med 31 bygningar i Møre og Romsdal.

Dei elleve anlegga er (p.e. = privat eige, n.k. = ligg i nærleiken av kyrkje): Herøy (p.e.), Volda, Sunnlyven, Norddal, Ørskog (n.k.), Vestnes (p.e.), Nettet, Kvernes (n.k.), Aure (n.k.), Tingvoll (n.k.) og Stangvik (n.k.). Av andre spesielt verdifulle prestegardar i fylket kan nemnast: Vanylven/Åheim, Larsnes, Ulsteinvik (n.k.), Sæbø, Stranda (n.k.), Skodje, Borgund (n.k.), Giske/Valderøy, Kjerstad/Lepsøy (p.e.), Indre Fræna/Myrbostad (n.k.), Ytre Fræna/Bud, Bolsøy/Røbekk (n.k.), Gjemnes/Øre (n.k.), Sunndal/Hov (n.k.), Surnadal/Øye (n.k.), Rindal (n.k.), Smøla/Rossvoll.

#### 4.2.05. FREDA BYGNINGAR OG ANLEGG

Som vedlegg til planen (vedlegg side 8) følger ei komplett fredingsliste for Møre og Romsdal med 142 objekt og ei utgreiing om freda bygningar og anlegg med mellom anna beskrivelse av utviklinga av fredingslovgivinga og fredingsprosessen.

Grunntanken for alt kulturminnevern er at det er viktig å bevare gamle bygningar og andre kulturminne ute i den praktiske verda som identitetsskapande ramme rundt vårt daglege liv. Freding er det sterkaste styringsreiskap som vert nytta ovanfor bygningar med høg verneverdi. Opphavleg var intensjonen å bevare bygningar som av ulike grunnar ikkje kunne bevarast i museal regi. Denne intensjonen gjeld framleis sjølv om det førekjem freda bygningar som del av eit museum. Det har og vore ein viktig føresetnad for bygningsfreding at huset må bevarast som del av det opphavlege miljø, og det vert difor ikkje akseptert å flytte ei freda bygning. Vi kan såleis samla sett for den freda bygningsmassen snakke om eit bygningsmuseum på rot, og bygningsfreding framstår som eit viktig alternativ og supplement til musea sin bygningsbevaring. Til vanleg er det og ein føresetnad at ei freda bygning vert bevart gjennom aktiv bruk, som regel i privat eige. Det som i nega-

tiv retning skil bygningsfreding frå bygningsbevaring i museal regi er at freda bygningar til vanleg ikkje er tilgjengelege for publikum.

#### 4.2.06. KULTURMILJØ

Kulturmiljø er her definert som i §2 i kml: "Eit kulturmiljø er eit område der kulturminne inngår som ein del av ein større heilskap eller samanheng".

Eit kulturmiljø er altså eit geografisk område som inneheld ei samling av kulturminne som står i ein samanheng eller inngår i ei større heilheit.

Ingen av enkeltobjekta i kulturmiljøet treng å vere i "fredingsklasse". Det er summen av enkeltminna som gir verneverdien.

Det er minst fire metodar for å tilnærme seg oppgåva med utvelging av viktige/verneverdige kulturmiljø:

I Utvelging etter typeinndeling etter eit geografisk snitt gjennom fylket.

II Utvelging etter kulturhistorisk oversikt for fylket.

III Utvelging på grunnlag av sett av vernekriteriar.

IV Utvelging etter NIJOS si inndeling i landskapsregionar.

Det ideelle vil vere å kombinere alle dei tre siste (II, III og IV) og bruke I som ei "huskeliste". Eg vil gjere greie for dei enkelte metodane:

##### I Typeinndeling etter geografisk snitt

I vedlegg til planen er det laga eit forslag til typeinndeling.

Lista er redigert etter eit geografisk snitt gjennom fylket frå yste fyr til høgfjell. Til saman er det opplista 23 ulike kulturmiljøtypar.

Ved opplisting av konkrete eksempel på miljø vil ein oppdage at enkelte kulturmiljø vil passe inn under meir enn ein type på huskelista (sjå vedlegg side 19).

##### II Kulturhistorisk oversikt for fylket

Utgangspunktet er ei historisk oversikt som syner viktige trekk og periodar i utviklinga i Møre og Romsdal gjennom 10.000 år med busetnad. Oversikta er grunnlag for å velje ut kulturmiljø som avspeglar fylket si historie.

##### III Sett av vernekriteriar

Metoden går ut på å bruke eit sett av vernekriteriar som grunnlag for utveljinga. På vedlagte skjema har eg nytta inndelinga til Ulf Holmene som grupperar vernekriteria i tre hovudgrupper:

1. Dokumentasjonsverdi/kunnskaps- og kjeldeverdi.
2. Opplevingsverdi/subjektiv verdi.
3. Forsterkande/overgripande føresetnader som fremmar verdiane.

##### IV NIJOS si inndeling i landskapsregionar.

Metoden går ut på å bruke NIJOS si inndeling av Møre og Romsdal i landskapsregionar som grunnlag for utveljing av representative kulturmiljø. Metoden bør helst nyttast i kombinasjon med andre metodar. Inndelinga er vist på vedlagte kartkopi.

I Møre og Romsdal har vi representert følgjande landskapsregionar:

- 14-Sør-Noregs fjellskog
- 15-Sør-Noregs lågfjellsregion
- 16-Sør-Noregs høgfjellsregion

- 20-Vestlandets kystbygder
- 21-Vestlandets ytre fjordbygder
- 22-Vestlandets midtre fjordbygder
- 23-Indre Vestlandsbygder
- 25-Trøndelags og Nordmøres kystbygder
- 26-Fjordbygder i Møre og Trøndelag
- 28-Dal- og fjellbygder i Sør-Trøndelag

Dette er til saman ti regionar. Ei forenkling kan vere å slå saman ein del regionar med nært slektskap som eksempel:

Kystbygder: 20 og 25

Fjordbygder: 21, 22 og 26

Fjell: 14, 15 og 16

Ein står då att med 23-Indre Vestlandsbygder og 28-Dal- og fjellbygder i Sør-Trøndelag i tillegg. I staden for ti, har ein ei inndeling i fem regionar (sjå vedlagte kart, vedlegg side 47).

Som nemnt vert utfordringa å kombinere desse metodane arbeidet med å finne fram til kulturmiljø i Møre og Romsdal.

#### Liste over kulturmiljø i Møre og Romsdal

Som vedlegg til planen (vedlegg side 19) er det laga ei liste med eksempel på kulturmiljø i Møre og Romsdal. Lista er ordna med ei inndeling i 23 ulike miljøtypar.

Lista er ikkje på nokon måte å rekne som fullstendig og endeleg oversikt over alle verdifulle kulturmiljø i fylket.

Som nemnt ovanfor vil ein med ei slik oversikt inndelt i kulturmiljøtypar finne at nokre geografiske område går att under fleire typar. Ut frå den vedlagte lista har eg laga ei oversikt over kulturmiljø som går att under to typar eller meir. I oversikta er teke med namn på området, kva kommune området ligg i, kva for kulturmiljøtypar som inngår, kva landskapsregion (NIJOS) området tilhøyrer og eventuelt andre opplysningar.

#### 4.2.07. KULTURLANDSKAP

Prosjektet "Nasjonal registrering av verdifulle kulturlandskap" starta opp i Møre og Romsdal i 1992 og vart fullført i 1995. Prosjektet vart i gangsett av Miljøverndepartementet og Direktoratet for Naturforvaltning og gjennomført i Møre og Romsdal av miljøvernavdelinga hos fylkesmannen. Arbeidet gjekk i to etappar. Første etappe vart avslutta med rapport i mai 1994 etter feltlesong med registrering av 50 område i 1993. I ny feltlesong i 1995 vart 49 nye område registrert. Etter første runde vart det i rapporten frå mai 94 utvalt 19 område med spesiell verdi. Etter ny runde i 1995 vart lista supplert med tre nye område, slik at ein til saman har 22 særleg verdifulle område.

Målet med prosjektet er å samordne og utvikle ei forvaltning av jordbruket sitt kulturlandskap der kriteria biologisk mangfald, kulturminne og oppleving vert sikra. For å kunne nå dette målet er det m.a. nødvendig å utarbeide ei oversikt over det mest verdifulle kulturlandskapet.

Områda som er valt ut som særleg verdifulle i Møre og Romsdal er fordelt over heile fylket. Fordelinga er gjort slik at dei fleste landskapsregionane (etter NIJOS si inndeling) er representert.

Nedanfor er dei 22 særleg verdifulle områda i Møre og Romsdal opplista. I rapporten er det understreka at registreringane i fylket ikkje er fullstendig på nokon måte.

Namn på område	Kommune	Verdifulle kulturmiljøtypar representert i området	Landskapsregion NJOS	Andre opplysningar
Halkjelsvik/Rotset	Volda	tettstad, prestegard, postveg, garveri	22	også historisk skulestad og adm.stad
Borgund	Ålesund	kaupang, kyrkjestad, prestegard	20	også museum og naturvernområde
Alnes, Godøy	Giske	fyr, fiskevær, kulturlandskap, sjøhus	20	bruk av fyrstasjonen
Hogstein, Godøy	Giske	fyr, gravrøys, kulturlandskap	20	aktiv landbruksdrift også gml. bygningar
Ulla, Haramsøy	Haram	fyr, fiskevær, naust-rekkje, kulturlandskap	20	også gardstun og gml. skulebygning
Herdal	Norddal	seter, kulturlandskap	23	seter i drift
Geirangerfjorden	Stranda	gardstun, kulturlandskap	23, 16	foreslått som verdensarvområde
Sjøholt	Ørskog	tettstad, kommunikasjonsknutepunkt, hotell (+ kyrkje, prestegard, postveg)	21	randbebyggelse langs gamlevegen
Bjørnsund	Fræna	fyr, fiskevær, kulturlandskap	25	avfolka, fritidsbruk
Neset	Neset	prestegard, gravrøyser, tufter, bauta	22	tufter etter skule og tiendebud/naust
Eikesdal	Neset	kulturlandskap, tun	23	rekketun i Ultigard, Austigard, Oppigard
Veøy	Molde	kaupang, kyrkjestad, prestegard	22	stor tidsdjup, også naturvernområde
Grip	Kristiansund	fyr, fiskevær	25	avfolka, fritidsbruk
Svisdal	Sunndal	tun, kulturlandskap	28	aktiv gardsdrift
Stangvik	Surnadal	tettstad, kyrkjestad, prestegard, naustområde, postveg	26	tidlegare administrasjonsstad
Otnesbukta	Halsa	strandstad, sjøhus	26	aktivt bev.arbeid, også gml. skulehus
Enge	Halsa	strandstad, industristad	26	

Etter den første rapporteringa vart det i august 1994 laga ein nasjonal rapport med 68 større samanhengande område og 36 spesialområde. I rapporten er det frå Møre og Romsdal kome med ni større samanhengande område, og tre spesialområde. I oppstillinga, som er ordna etter NJOS si landskapsregion inndeling, er områda i nasjonal rapport merka.

#### Landskapsregion 20

Vestlandets kystbygder (fem område): Sandsøy, Riste i Sande kommune, Runde, Nerlandsøy i Herøy kommune (nasjonal), Fjordlandskapet i Herøy, Ulstein og Hareid, Alnes i Giske kommune (nasjonalt spesialområde) og Ytre Skuløy, Ytre Haramsøy i Haram kommune.

#### Landskapsregion 21

Vestlandets ytre fjordbygder (to område): Raudøya, Eiksund, Leikong i Ørsta, Ulstein og Herøy kommune, Fylling-Nedreli i Skodje kommune.

#### Landskapsregion 22

Vestlandets midtre fjordbygder (fem område): Norangsfjorden Norangsdalen, Ørsta kommune (nasjonal), Dyrkorn i Stordal kommune, Jordalsgrend i Sunndal kommune (nasjonalt spesialområde), Øksendal i Sunndal kommune, Drotninghaug-Reiten i Sykkylven kommune.

#### Landskapsregion 23

Indre vestlandsbygder (fire område): Geirangerfjorden i Stranda kommune (nasjonal), Romsdalen i Rauma kommune (nasjonal), Eikesdal-Øverås i Neset kommune (nasjonal) og Herdalen i Norddal kommune.

#### Landskapsregion 25

Trøndelags og Nordmøres kystbygder (to område): Hustadvika-Atlantehavsvegen i Fræna, Eide, Averøy kommune (nasjonal) og Øyer på Sør-Smøla i Smøla kommune (nasjonal).

#### Landskapsregion 26

Fjordbygder i Møre og Trøndelag (to område): Tautra i Midsund kommune (nasjonal) og Gagnat i Gjemnes kommune.

#### Landskapsregion 28

Dal- og fjellbygder i Sør-Trøndelag (to område): Grøvu-vassdraget i Sunndal kommune (nasjonal) og Nordmarka i Surnadal kommune (nasjonal spesialområde).

#### 4.2.08. ENKELTBYGNINGAR

Dei fleste bygningane som må reknast som verneverdige, ligg som regel i ein samanheng; enten som del av eit kulturmiljø, i eit gardstun eller i annan tilknytning til andre bygningar. Den bygningsmessige konteksten er med på å gi bygninga verneverdi. Likevel finn ein nokre enkeltbygningar som må reknast som verneverdige. Eksempel på det finn ein mellom anna i minna frå den første "turismen" og friluftslivet i fylket. Det var då eit poeng å bygge hus for friluftsliv som gjerne låg for seg sjølv, usjenert med berre den vakre naturen som nabo. Som eksempel kan nemnast Movassshytta bygd av kaptein Gregersen i Volda, Alfheim i Grødalen, Sunndal kommune bygd av skotske lady Arbutnott. Engelskmannen Lort Philip bygde fleire "laksefiskar pensjonat" på Nordmøre (Philips-haugen i Øksendal, Todalshytta i Todalen, Vangshaugen i Grødalen).

#### 4.2.09. ANDRE MINNE ENN HUS

Faste kulturminne er sjølv sagt meir enn hus. Då ein starta opp tiltaket "Registrering av faste kulturminne i Norge" eller SEFRAK, tok ein sikte på å registrere alle typar faste kulturminne med unntak av kyrkjer og automatisk freda kulturminne (forminne).

I generell orientering om registreringa som kom ut midt på 1970-talet var det tillaga ei førebels liste over faste kulturminne delt inn i åtte grupper (utanom hus). Nedanfor vil eg liste opp dei åtte gruppene og gi nokre eksempel på kulturminnetypar for kvar gruppe. Samferdselsminne og forsvarsanlegg er også nærare omhandla i neste avsnitt.

1. Faste kulturminne av "memorial" karakter. Gravplass, kyrkjegard, minnestein, bautastein, statue.
2. Grensemerke. Grenserøys, bytestein.
3. Faste kulturminne knytt til samferdsle. Som vegminne reknar ein mellom anna: slepe, sti, rås, veg, gate, vadeplass, bru, tunnel, stabbestein, grind, milestein, rodestein, vatningstrau.

Andre samferdselsminne: jarnbane med tilhøyande innretningar, ferjestad/kai, landfeste, fortøyingsbolt/ring, stø, landingsvør, molo, kai, kanal, sluse, seglmerke.

4. Terrengformande anlegg av generell teknisk natur. Plantingar, prydanlegg m.m. Terrassering, støttemur, voll, allé, park, hage, hekk, fontene.
5. Forsvarsanlegg. Borg, kystfort, skanse, skyttargrav, bunker, ekserserplass, varde.
6. Faste kulturminne knytt til næringsliv, energiforsyning m.v. Laksevorpe, lakseteine, laksetrapp, fiskehjell, klippfiskberg, steingard, gjerde, grind, løypestreng, vannkanal, steinbrot, kalkomn, teglomn, dam, røyrgate, kraftline-mast.
7. Vannforsynings- og renovasjonsanlegg. Brunn, demning, dam, vasstrau,
8. Faste kulturminne knytt til leik, idrett og andre fritidssyslar. Leikeplass, skytebane, hoppbakke, symjeanlegg.

Det er ikkje gjennomført noko systematisk registrering av andre minne enn hus. I SEFRAK-registreringa er det likevel teke med ein del andre minne. Største objektgruppa er nok kvelvingsbruer.

## SAMFERDSELSMINNE

### VEGMINNE

#### NASJONAL VERNEPLAN FOR VEGAR, BRUER OG VEGRELATERTE KULTURMINNE

Etter oppdrag frå Samferdselsdepartementet er Statens vegvesen i gang med å lage ein nasjonal verneplan for vegar, bruer og vegrelaterte kulturminne i samarbeid med Riksantikvaren. Prosjektleiinga er lagt til Norsk vegmuseum som vil ha det faglege ansvaret for planen i nært samarbeid med

vegkontora i fylka. Det er sett ned ei tverrfagleg arbeidsgruppe som har ansvaret for utveljing av verneobjekt. Delplan 1 for vegar og bruer bygd mellom 1536 og 1960 har førsteprioritet. Forslag frå vegsjefen i fylket skal leverast til Norsk vegmuseum før 1. april 2000.

Vegkontoret har engasjert to registratorar som er i arbeid. Det er allereie laga ei førebels liste med forslag til verneobjekt som vart lagt fram for samferdselsutvalet i fylket på møte 9. september 1998. Utvalet tok i hovudsak forslaget til vitande, men gjorde vedtak om å ta Nordsundbrua i Kristiansund frå 1936 ut av lista. Frå den førebels lista kan ein nemne:

#### Vegar:


- Postvegen Bergen-Trondheim (sjå nedanfor)
- Trollstigvegen (1936) og Kløvstien
- Geirangervegen (1889).
- Norangsdalen (1846/1894)
- Kile-Sogn og Fjordane grense (Hjelmelandsdalen) (1826)
- Fursetfjellet (1740/1834/1898/1976)
- Romsdalen (1830/1860)
- Nordvik-Todalen-Kårvatn-Storli, Sør Trøndelag.

#### Bruer:

- Skodjebruene (1922)
- Aam allfar og bygdebru, Ørsta (1786)
- Dragsund gamle bru m/bruvaktarbustad, Herøy
- Uri bru, Valldal
- Nordsund bru (1936), Kristiansund
- Omsund bru (1939), Frei/Kristiansund

#### Diverse:

- Ferjekai: Sæbø (1961)
- Landgangsvorar



Kvelvingsbru over Rød-elva ved Rodset i Stordal kommune. Biletet er henta frå SEFRAK-registeret. Foto: Britt A. Hjelmeland.



Kartet er teikna av Jostein Fuglset v/fylkeskommunen si info.avdelinga og er henta frå brosjyra "Den Trondhjemske postveg" gjennom Møre og Romsdal, utarbeidd av Møre og Romsdal fylkeskommune, Nærings- og miljøavdelinga.

- Mile-, rode- og minnesteinar
- Mjølkerampar

Som vedlegg til planen følgjer kart med dei nemnde vegminna innteikna.

### DEN TRONDHJEMSKJE POSTVEI GJENNOM MØRE OG ROMSDAL

Den eldste postvegen gjennom fylket kom i stand ved Kongeleg resolusjon av 13. mai 1785 for å få vekefast postgang mellom Bjørgvin og Nidaros via Molde. I åra som følgde vart vegnettet utbygd til standard som rideveg.

Vegen kjem i sør inn i fylket frå Hornindal i Kjellstadlia, går ned til elveosen på Hellesylt der landingsplassen for båt er bevart. Postruta gjekk pr. båt mellom Hellesylt og Nedre Ljøen lenger ute i fjorden. Ny vegstrekning på land mellom Nedre Ljøen og Sløgstad på Stranda over den 800 m høge Ljøbrekka og gjennom Strandadalen. Båtetappe igjen mellom Sløgstad på Stranda og Amdam i Ørskog. Også på Amdam er landingsvoren å finne. Veg over land frå Amdam, via Ørskog prestegard, gjennom Landedalen, over Ørskogfjellet, ned Skorgedalen og ut Brastadstranda til Vestnes. I den første tida var skiftet mellom rideveg og båt i Remmembukta, men seinare gjekk vegen gjennom "Kroghalléen", over brua i Straumen, forbi Vestnes kyrkje og ned til sjøen i Vestnesbukta. Båtetappen vidare var til

Kringstad vest for Molde. Via Molde gjekk vegen inn langs Fannefjorden til Ødegård og over Osmarka/Heggem til Angvik. Tingvollfjorden vart kryssa med båt, og neste land-etappe var mellom Tingvoll og Vågbø. Stangvikfjorden var neste båtetappe med landing i Stangvik som då var eit betydeleg senter. Ridevegen vidare inn til Kvanne, langs Søya og over eidet til Surnadal, vidare gjennom Surnadalen og Rindal og inn i Trøndelag.

Fylkeskommunen ved nærings- og miljøavdelinga gjennomførte ei detaljert registrering av postvegen gjennom fylket i perioden 1993-1995 og har laga ein rapport med hefte for kvar kommune. Rapportane inneheld ø.k. kart med vegen innteikna, beskrivelse og mange foto. Kopi av rapportane er mellom anna sendt til dei respektive kommunane med oppmoding om å ta omsyn til postvegen i si planlegging.

Postvegen går gjennom desse åtte kommunane i fylket: Stranda, Ørskog, Vestnes, Molde, Gjemnes, Tingvoll, Surnadal og Rindal.

Som vedlegg til planen følgjer fylkeskart med postvegen innteikna.

## FORSVARS- OG KRIGSMINNE

### Bygdeborgene

Bygdeborgene frå eldre jernalder (400-600 e.Kr.) er dei eldste kjende forsvarsanlegga i fylket. Ein finn dei på fjellknauser og toppar; naturformasjonar som er vanskeleg tilgjengelege.

I Møre og Romsdal er det registrert tre lokalitetar som ein trur er bygdeborger. To ligg i Romsdal og ei på Nordmøre. Den "sikraste" er Aslaksteinen på Hustad i Fræna som er undersøkt med funn av kulturlag. Den andre i Romsdal er Hovdekollen mellom Måndalen og Innfjorden i Rauma. Den tredje lokaliteten er Møsthaugen i nærleiken av Flatsetsundet i Frei kommune.

### Festningsanlegg

Vi har ingen anlegg i Møre og Romsdal som kan reknast som tradisjonelle festningsanlegg (som Fredriksten, Bergenhus, Kristiansten, Akershus osv.).

### Krigsminne

Med krigsminne meiner ein her fysiske restar frå siste verdskrigen (1940-45). Ein finn slike minne frå okkupasjonsmakta sine anlegg i heile fylket, særleg langs kysten der Festung Norwegen vart bygt opp med eit nettverk av kanonbatteri/kystfort på strategiske stader langs heile kysten og delvis inne i fjordane (sjå vedlegg side 19, kulturmiljø).

For Sunnmøre har Jan Olav Flatmark laga ei oversikt over krigsminne som er gitt ut i bokform. For resten av fylket er det ikkje laga komplett oversikt, men ein kjenner til fleire anlegg.

### Forsvaret sine verneplanar

Forsvaret er i gang med eit omfattande verneprosjekt: "Forslag til verneplan for Forsvarets verneverdige bygningar og anlegg", som skal vere ferdig i 1999.

### 4.2.10. TEKNISKE OG INDUSTRIELLE KULTURMINNE

For nærare opplysningar og meir detaljar, sjå vedlegg til planen side 24 om tekniske og industrielle kulturminne.

Riksantikvaren sin verneplan for tekniske og industrielle kulturminne frå 1994 opererer med verneobjekt av nasjonal interesse innanfor ulike "bransjer". Frå Møre og Romsdal er desse objekta med i planen:

- Oddfred Tokles Konfeksjonsfabrikk i Rauma
- Mellemværftet og Brunsvikens Reperbane i Kristiansund

Planen har også eit kapittel med fylkesvise trekk. Under Møre og Romsdal er opplista:

- skipsverft med tilhøyrande verksemder (Mellemværftet og Brunsvikens Reperbane, Kristiansund)
- fiskeri og fiskeforedling (Milnbrygga i Kristiansund, Hjellens notbøteri i Ålesund)
- konfeksjon (Oddfred Tokles Konfeksjonsfabrikk, Rauma)
- møbelindustri

I tillegg til det som er omfatta av Riksantikvaren sin verneplan for tekniske og industrielle kulturminne, er det grunn til å



Praktikant (opplager) Frode Sol skjær og skipssmedlærling Hans Morten Pærlus i smia på Mellemværftet, Kristiansund. Biletet er henta frå "Gangspillet" og fotografert av Douglas Wilmot.

trekke fram nokre anlegg som er av meir regional interesse.

Før industrien fekk sin spede start på midten av førre hundreåret, var det etablert handverkarar i stort sett alle fag i byane våre.

Gruvedrift og anna bergverksverksemd har det vore relativt lite av i Møre og Romsdal. Mest kjent i dag er nok utvinning av olivin og kalkstein. Tidlegare har ein og vunne ut titanholdig jernmalm på Rausand i Nesset. Også andre stader i fylket har ein tidlegare utvunne jernmalm. Det har og vore utvinning av kobbar (Averøya og Smøla) og krom i liten målestokk.

Landbruksbasert industri har ein hatt i form av sagbruk, møller, vadmålsstamper, frørenseri og garveri. Men den største verksemda basert på landbruksprodukt har vore meieridrifta.

Tekstil- og konfeksjonsindustrien har stått relativt sterk i ein periode i fylket vårt. Som dokumentasjon av og minne om konfeksjonsindustrien som hadde sitt tyngdepunkt i Romsdal, har ein teke vare på Oddfred Tokles konfeksjonsfabrikk i Isfjorden, Rauma kommune. Tekstilindustrien har ein "verdige" representant i O. A. Devold i Langevåg, Sula kommune.

Kraftverkutbygging viste seg å vere viktig for etablering av ny industri. Første utbygginga i fylket skjedde på Nordmøre i 1876. Bygging av kraftstasjon i Brattvåg i 1912 la grunnlaget

for den bygdebyen som ligg der i dag. Fram mot 1920 vart det bygt ut mange småkraftverk i Møre og Romsdal. I 1919 hadde Møre fylke flest kraftverk i heile landet med 185 anlegg som gav lys til 86 000 glødelampar og straum til 800 elektromotorar.

Det første utbygginga med "tyngde" i Møre og Romsdal var Tafjord I med 23050 kw i 1923. Motorfabrikkar vaks fram i takt med motoriseringa av fiskeflåten. Ei sentral bedrift i denne bransjen var Finnøy Motorfabrikk (1902) i Sandøy kommune.

## 4.3. FORVALTINGA

### KORT HISTORISK TILBAKEBLIKK

Norge var tidleg ute når det gjaldt å verte medviten om nasjonen sin kulturarv. Det skuldast i særleg grad kunstmålaren J.C.Dahl (f.1788-d.1857) med sine tyske impulsar og store interesse for det "genuint" norske og stifting av Fortidsminneforeininga i 1844. Dei nasjonale straumane i samfunnet låg under, restaureringa av Nidarosdomen som tok til i 1869 og funna av Tuneskipet og Gokstadskipet i åra 1867-1880 gav styrke til den nasjonale identiteten.

Etter at 64 stavkyrkjer var rivne i løpet av 1800-åra (i Møre og Romsdal: Isfjorden i Rauma (1830), Kornstad på Averøy (1871) og Rød i Nesset (1885)), kom "kyrkjelova" av 1897 og sette ein stoppar for dette, og etter utgravinga av Osebergskipet i 1904 kom også ei ny lov: Loven om freding av fortidslevningar av 1905 som den første lova vedteken av ein sjølvstendig nasjon etter unionsoppløysinga.

Fortidsminneforeininga hadde vore Kyrkjedepartementet sin rådgjevar i antikvariske spørsmål fram til 1912 då Riksantikvarembetet vart oppretta. Heile den viktige arkeologiske sida var i gode hender hos dei arkeologiske landsdelsmusea med Vitenskapsmuseet (etablert 1760) som det eldste. Den første Riksantikvar, Harry Fett, bygde ut bygningsbevaringa i perioden 1912-1946: kyrkjer, prestegardar storgardar, embetsgardar, men også arbeidarstrøk som Røros vart tatt hand om. Bygningsfredingslova av 1920 var ein viktig reiskap for ivaretaking av den profane/private busettinga.

Etter den andre verdskrigen fekk ein den erkjenninga under den sterke gjenreisninga av nasjonen, at andre sider av bygningsarven vår trng vern. Lovverket vart revidert i tråd med det utvida kultursynet. Setrar, arbeidarbustader, småbruk, ja heile tun, bydelar og omgivnader til enkeltmonument vart det no naudsynt å sikre.

Oslo fekk sin byantikvar i 1956 og utover i 1960-åra og t.o.m. 1970 fekk dei fleste fylka oppretta statlege fylkeskonservatorstillingar (1966 i Møre og Romsdal) med unntak av Finnmark som vart oppretta i 1976 og Oppland som ikkje var på plass før i 1981. Ved omorganisering av fylkesadministrasjonen vart fylkeskonservatorstillingane fylkeskommunale og administrativt underlagt fylkeskultursjefane som etter kvart vart etatssjefar i eigne kulturavdelingar.

I 1975 kom Det europeiske arkitekturvern året som ein alvorleg vekker, etterfølgd av kulturminnelova (1978) som erstatta alle tidlegare lover på fagfeltet. No var også Riksantikvaren som embete vakse til 20-30 personar.

Noko av det viktigaste i internasjonal tenking kring vern hadde i 1973 nedfelt seg i opprettinga av Miljøverndepartementet (MD) her i landet. Dit vart Riksantikvaren overført frå dåverande Kyrkje- og kulturdepartement. Det nye departementet fekk ansvaret for den fysiske planlegginga i Norge.

Frå midten av 1970-åra gjekk det fort. Ikkje berre omgivnader, men heile miljø, ja sjølve kulturlandskapet var det naudsynt å verne om; det var viktig å sjå nettopp kulturminnevernet saman med naturvernet. I 1988 vart Riksantikvaren formelt eit direktorat under MD, i 1989 vart direktoratet overført til Avdeling for naturvern- og kulturminne i Miljøverndepartementet, i 1990 vart kulturminneforvaltninga desentralisert og mynde og verneansvar overført til fylkeskommunane. Riksantikvaren vart landet sin sentrale faglege kultur-

minnevern instans. Under denne byråkratiske og politiske utviklingsprosessen har Riksantikvaren på 80 år utvikla seg frå ei einmannsbedrift (med sykkel) til over 100 fagfolk.

### 4.3.01. OPPGÅVE OG ANSVARFORDELING

#### STATEN

Miljøverndepartementet (MD) er den øvste kulturminnevern myndigheita i Norge. Departementet skal avpassa forholdet mellom mål og virkemidlar i kulturminneforvaltninga. MD har også eit leiaransvar i forhold til underliggende organ og skal sjå til at desse arbeidar etter felles mål og strategiar. Miljøverndepartementet er samtidig eit klage- og kontrollorgan, f.eks. i samband med motsegn i plansaker, og er her overordna andre departement. Ei større reorganisering av MD i 1989 førde til at det vart oppretta ei avdeling for naturvern og kulturminne. MD har også avdelingar for regional planlegging og ressursforvaltning (som er ansvarleg fagmynde for plan- og bygningslova), avdeling for vannmiljø, industri- og avfallssaker og avdeling for internasjonalt samarbeid, luftmiljø og polarsaker.

Riksantikvaren (RA) er eit direktorat under MD og fungerer som eit iverksettingsorgan for Miljøverndepartementet sine vedtak. Samtidig har RA ein initierande, koordinerande og evaluerande funksjon i forhold til underliggende instansar. Riksantikvaren tek seg av klagesaker. Frå 1. juli 1989 fekk RA sin direktoratstatus og vart samtidig tildelt det overordna, faglege ansvaret for samtlige felt innan kulturminnevernet. Dette omfattar mellom anna ansvaret for verneplanar og vedtak om freding av kulturminne. Riksantikvaren har naturleg nok mest kontakt med avdeling for naturvern og kulturminne i Md. Riksantikvaren arbeider med ei intern omorganisering, men er pr. dato inndelt i seks avdelingar: Landskapsavdelinga tek seg av plansaker og arkeologiske saker. Bygningsavdelinga har ansvar for bygningsvern inkludert kyrkjer og fredingssaker. Seksjon for maritime, tekniske og industrielle kulturminne høyrer også inn under bygningsavdelinga. Teknisk avdeling er inndelt i ein konserveringsseksjon og ein utviklingsseksjon. Dokumentasjonsavdelinga har ein registreringsseksjon, ein arkivseksjon og ein bibliotekseksjon. I tillegg har RA ei administrasjonsavdeling og frå 1. september 1993 ei informasjonsavdeling.

Forskningsdelen er utskilt frå forvaltninga under namnet NIKU - Norsk Institutt for Kulturminneforskning.

Utgravingskontora som utfører arkeologiske undersøkingar av kulturminne frå mellomalderen (mellomalderbyane, kloster, kyrkjer, kyrkjestadar og kyrkjegardar, borgar og restar av slike) ligg også under Riksantikvaren. Det er oppretta distriktskontor/utgravingskontor i Oslo (Distriktskontor Øst/Gamlebyen), Tønsberg (Distriktskontor Syd), Bergen (Distriktskontor Vest) som bl.a. har Sunnmøre som geografisk arbeidsområde og Trondheim (Distriktskontor Nord) med bl.a. Nordmøre og Romsdal som geografisk arbeidsområde.

#### LANDSDELSMUSEA

Norge har fem arkeologiske landsdelsmuseum: Universitetets Oldsaksamling i Oslo, Arkeologisk museum i Stavanger (AmS), Bergen Museum i Bergen, Vitenskapsmuseet i Trondheim og Tromsø museum i Tromsø. Med unntak av AmS, er alle musea underlagt universiteta og dermed finan-

siert gjennom Kirke, utdannings- og forskningsdepartementet (KUF) sitt budsjett. Arkeologisk museum i Stavanger derimot, får sine driftsmidler frå Kulturdepartementet.

Det må understrekast at landsdelsmusea er fagleg underordna Riksantikvaren, og har inga overordna fagleg rolle i høve til fylkeskommunane.

Dei arkeologiske landsdelsmusea har ei todelt rolle: Dei har mynde til gjere vedtak etter kulturminnelova sin § 8 "om tilatelse til inngrep i automatisk fredete kulturminner", og dei kan sette vilkår om gjennomføring av arkeologiske utgravningar før eit tiltak vert sett i verk. Samtidig er det også landsdelsmusea som utførar arkeologiske utgravningar og fastset finansieringsbehov for utgravningane.

Vitenskapsmuseet i Trondheim er organisert som ein del av Norges Teknisk-naturvitenskaplege universitet (NTNU). Fagområdet arkeologi vert ivareteke av Institutt for arkeologi og kulturhistorie på museet. Vitenskapsmuseet har mellom anna Nordmøre og Romsdal som sitt geografiske ansvarsområde (i tillegg til trøndelagsfylka og kommunane sør for Saltfjellet i Nordland). I tillegg til same oppgåvene som dei andre landsdelsmusea har Vitenskapsmuseet også ansvar for registrering, undersøkingar og frigjeving i samband med skipsfunn som er meir enn hundre år (§ 14 i kulturminnelova) for det same geografiske området.

For å ivareta dette ansvaret skal museet ha tilsendt til gjennomsyn alle forslag til reguleringsplanar o.l. frå Nordmøre og Romsdal som kan kome i konflikt med marinarkeologiske interesser.

Bergen Museum i Bergen er organisert som ein del av Universitetet i Bergen som har eiga Arkeologisk avdeling. Bergen Museum har Sunnmøre som sitt geografiske ansvarsområde i tillegg til Hordaland og Sogn og Fjordane.

Bergens Sjøfartsmuseum i Bergen har ansvar for registrering, undersøking og frigiving i samband med skipsfunn eldre enn hundre år i same geografiske virkeområde som Bergen Museum, dvs. også på Sunnmøre.

For å ivareta dette ansvaret skal museet ha tilsendt til gjennomsyn alle forslag til reguleringsplanar o.l. frå Sunnmøre som kan kome i konflikt med marinarkeologiske interesser.

## FYLKESKOMMUNANE

Ved oppretting av fylkeskommunane i noverande form (1976) vart kulturminnevernet ivareteke gjennom overføring av dei til då statlege fylkeskonservator stillingane. Fylkeskommunane overtok samtidig avtalen frå 1975 om ansvar for fagleg tilsyn med museumsvesenet etter innføring av ordninga med driftstilskot til halvoffentlege museum.

For å ta seg av mellom anna SEFRAK-registreringa, aukande bygningsvern oppgåver og rådgivings- og informasjonsarbeid bygde fylkeskommunen opp sin eigen kulturvern administrasjon etter kvart organisert som ein seksjon i kulturavdelinga.

Ved omorganiseringa av kulturminnevernet som vart sett i verk frå 1. januar 1990 fekk fylkeskommunane overført mynde etter kulturminnelova og plan- og bygningslova, og gjekk over frå å vere i hovudsak eit rådgivande organ til også å bli utøvande myndigheit i kulturminnevern spørsmål. Fylkeskommunane skal virke i høve til både statleg og kommunalt nivå. Den fungerer som førebuande instans for Riksantikvaren, samtidig som den har ei koordinerande og initierande rolle overfor kommunane. Dei viktigaste "myndigheits" oppgåvene er knytt til ivaretaking av kulturminneinteressene i planhand-

saming/motsegner, mellombels freding og skjøtsel og vedlikehald av kulturminne. Fylkeskommunen har i tillegg ansvar for ei heilheitleg planlegging og utvikling på fylkesnivået. I samband med det vert koordinering med andre forvaltningsorgan på regionalt nivå viktig.

## KOMMUNANE

Kommunane si rolle i forvaltninga av kulturminna er viktig sjølv om kommunane ikkje er pålagt oppgåver etter kulturminnelova. I praksis kan kommunane ta på seg ein del oppgåver innanfor kulturminnevernet slik som skjøtelsoppgåver og ansvar i samband med gjennomføring av registreringar og anna.

I Møre og Romsdal har Sunndal kommune ei kombinert kulturvern konsulent/museumsstyrarstilling knytt til kulturavdelinga. Ingen andre kommunar i fylket har til no stillingar med spesiell kulturvern kompetanse.

I praksis vert ein del av musea brukt som faginstans for kommunane i kulturminnevern spørsmål. Dette er ikkje eit formalisert samarbeid. Dei instansane som vil ha mest å gjere med kulturminne i kommunane er kulturetaten, teknisk etat, miljøvernleiaren, landbrukskontoret og skolekontoret. Kommunane har oppgåver i høve til plan- og bygningslova med mynde til å sjå til at det vert teke kulturminnevern omsyn i kommuneplanar, reguleringsplanar og i handsaming av byggesaker.

## 4.3.02. VIRKEMIDDEL

### JURIDISKE VIRKEMIDDEL

#### LOV OM KULTURMINNE

##### *Definisjonar*

Kulturminnelova er ei særlov som har som føremål å ta vare på kulturhistorisk eller arkitektonisk verdfulle kulturminne og kulturmiljø. Kulturminnelova har i §2 følgjande definisjonar av kulturminne og kulturmiljø:

##### § 2:

“Med kulturminner menes alle spor etter menneskelig virksomhet i vårt fysiske miljø, herunder lokaliteter det knytter seg historiske hendelser, tro eller tradisjoner til. Med kulturmiljøer menes områder hvor kulturminner inngår som del av en større helhet eller sammenheng.”

##### *Automatisk freda kulturminne*

§ 4 gir ei opplisting av kulturminne frå oldtid og mellomalder (før år 1537) som er automatisk freda etter kulturminnelova. det vert vist til § 3 om forbod mot inngrep i automatisk freda kulturminne og til § 9 om plikt til å undersøkje om tiltaket vil medføre slikt inngrep.

##### *Freding av kulturminne frå nyare tid*

Med heimel i kulturminnelova er det mogleg å frede:

##### § 15:

“Byggverk og anlegg eller deler av dem av kulturhistorisk eller arkitektonisk verdi. Dette kan være bl.a. kulturminner som nevnt i § 4, første ledd, bokstavene a-j uavhengig av alder, særskilte anlegg som parker, hageanlegg, alléer, m.v. og offentlige minnesmerker og andre steder som viktige historiske minner knytter seg til.”

##### § 19:

“Et område rundt et fredet kulturminne og skipsfunn som nemnt i § 14 så langt det er nødvendig for å bevare virkningen av kulturminnet i miljøet eller for å beskytte vitenskaplige interesser som knytter seg til det.”

##### § 20:

“Et kulturmiljø kan fredes av Kongen for å bevare områdets kulturhistoriske verdi.”

Det er Riksantikvaren som gjer vedtak om freding, etter eige initiativ eller etter framlegg frå fylkeskommunen eller andre. Fylkeskommunen har i tillegg til Riksantikvaren høve til å gjere vedtak om mellombels freding.

#### PLAN- OG BYGNINGSLOVA

Plan- og bygningslova (Pbl.) er den viktigaste reiskapen kommunane har til å drive arealplanlegging og dermed eit sentralt styringsverktøy for bruk og vern av kulturminne og kulturmiljø. Dei aktuelle paragrafane for kulturminnevernet har fått sin omtale under:

##### *Kommuneplanar/kommunedelplanar*

Etter Plan- og bygningslova sin § 20-1 skal kommunane utføre ei løpande kommuneplanlegging og kulturminne og kulturmiljø skal vere ein del av kommunen sin heilheitlege

miljøpolitikk og tema i kommuneplanen sine langsiktige mål og strategiar.

##### *Dispensasjonar*

Etter plan- og bygningslova sin § 7 kan kommunane gi dispensasjonar frå planar på alle nivå. Mest vanleg er det likevel at kommunane gir slik dispensasjon frå kommuneplanen. Dispensasjon kan berre gjevast i enkeltsaker og der det ligg føre særlege grunnar. Kommunen pliktar å innhente fråsegn frå alle paratar som kan ha interesse i saka.

##### *Regulering til spesialområde/bevaring, Pbl. § 25.6*

Plan- og bygningslova (Pbl.) gir i § 25. punkt 6 heimel for å regulere til spesialområde: “herunder områder med bygninger og anlegg som på grunn av historisk, antikvarisk eller annen kulturell verdi skal bevares”.

##### *Byggesaker etter plan- og bygningslova*

Det er kommunane som har heimel til å drive byggesaks-handtering etter plan- og bygningslova. (Pbl.) § 93 gjer greie for kva tiltak som krev byggjeløyve:

- Oppføring av bygning
- Endring og reparasjon av bestående bygning (også påbygg og tilbygg)
- Endring av fasade
- Riving av bygning

Ved handsaming av søknad om oppføring av bygning er det gitt ein del føresegn i lova om plassering og utforming av bygning. Når det gjeld ivaretaking av estetikk både på den omsøkte bygninga, men også i høve til omgivingane, kan ein særleg merke seg § 74.2:

“Bygningsrådet skal se til at ethvert arbeid som omfattes av lovens § 93, blir planlagt og utført slik at det etter rådets skjønn tilfredsstillende rimelige skjønnhetshensyn både i seg selv og i forhold til omgivelsene. Skjemmende farger er ikke tillatt og kan kreves endret”:

§ 74.2 gjeld sjølvstilt også for endring av bygningar. Elles ved endring av bygningar kan ein merke seg § 92, tredje ledd: “Ved endring av bestående bygning og ved oppussing av fasade, gjelder § 74. nr. 2 tilsvarende. Bygningsrådet skal se til at historisk, arkitektonisk eller annen kulturell verdi som knytter seg til en bygnings ytre, så vidt mulig blir bevart.”

§ 91 i Plan- og bygningslova omhandlar riving. Tredje leddet gir bygningsrådet heimel til å avslå ein søknad om riving inntil det ligg føre regulerings- eller bebyggelsesplan for eigedomen, eller byggjeløyve for eit nybygg på eigedomen.

I byar og tettstader ser ein eksempel på at skilt og reklame er utforma og plassert på ein skjemmande og uheldig måte i høve til arkitektoniske eller historiske verdiar. Plan- og bygningslova sin § 107 gir kommunane heimel til å innføre vedtekter som gir bygningsrådet eit styringsreiskap i høve til utforming og plassering av skilt og reklame.

#### RUNDSKRIV AV 1948 OM KYRKJER

I eit rundskriv datert 12. februar 1948 frå Kirke- og undervisningsdepartementet vert det påpeika at kyrkjer og kyrkjeinventar som er eldre enn 90-100 år har antikvarisk verdi, og at ein ikkje i noko høve må byggje om eller restaurere ei slik kyrkje utan at saka først er lagt fram for Riksantikvaren. 87 kyrkjer i Møre og Romsdal (1000 i heile landet) er i dag omfatta

av dette rundskrivet. F.o.m. 1999 vil også Ålesund kyrkje frå 1909 verte omfatta som den 88. kyrkja i fylket.

## ØKONOMISKE VIRKEMIDDEL

### TILSKOT

Det er særleg tre instansar på riks nivå og fylkes nivå som yter tilskot til kulturvern tiltak. På riks nivå er det Riksantikvaren og på fylkes nivå er det fylkesmannen si landbruksavdeling og kulturutvalet i fylkeskommunen. Nedanfor er ei kort orientering om kvar av dei mest aktuelle ordningane.

*Riksantikvarens tilskot til særskilde tiltak og prosjekt.* Riksantikvaren gir tilskot direkte frå eigen tilskotspost til spesielt kostnadskrevjande bygningsvern prosjekt av nasjonal interesse. Søknad skal sendast til Riksantikvaren via fylkeskommunen si kulturavdeling.

*Riksantikvarens tilskot til freda og verneverdige bygningar og anlegg i fylka.* Riksantikvaren fordelar kvart år ein sum til kvart fylke som tilskot til freda og verneverdige bygningar og anlegg i fylka. Tilskots summen vert i kvart fylke fordelt av kulturutvalet i fylkeskommunen. Søknad skal sendast til kulturavdelinga i fylkeskommunen.

*Fylkesmannens landbruksavdeling sine tilskotsordningar.* Fylkesmannen si landbruksavdeling fordelar kvart år tilskot til ivaretaking av følgjande føremål:

- biologisk mangfald
- gamal kulturmark
- tilgjenge for allmenta
- kulturminne
- freda og verneverdige bygningar

Kulturlandskapsgruppa i fylket og Fylkeskonservatoren tek del i vurdering av søknadane. Søknad skal sendast via dei kommunale landbrukskontora til fylkesmannen si landbruksavdeling.

*Fylkeskommunens tilskot til kulturvern tiltak.* Fylkeskommunen ved kulturutvalet fordelar kvart år ein budsjettpost til kulturvern tiltak. Tilskota går til istandsetjing av verneverdige kulturminne som bygningar, farty og andre minne. Ein føresetnad er at istandsetjinga skjer i tråd med antikvariske retningslinjer. Kulturavdelinga i fylkeskommunen er adresse for søknader.

### LÅN PÅ ANTIKVARISK GRUNNLAG

Lån på antikvarisk grunnlag er ei låneordning i:

- Husbanken og
- Landbruksbanken.

Låneordninga er basert på eit samarbeid mellom dei to statsbankane og antikvariske styresmakter. Ordninga gjeld berre istandsetjing til bustadføremål og Riksantikvaren har fastsett følgjande vilkår som må oppfyllest for at eit prosjekt skal kome inn under ordninga:

1. Huset må etter ei samla vurdering av antikvariske og kulturhistoriske verdiar vere verneverdig.
2. Utbetringa må ta naudsynt omsyn til husets antikvariske og kulturhistoriske verdiar.

Fylkeskonservatorane har teke på seg å vurdere verneverdien til huset og om utbetningsplanane tek naudsynt omsyn til verdiane.

## 4.4. KVA ER GJORT TIL NO?

### 4.4.01. REGISTER

Eg viser til 4.2.01. register og vedlegget til planen som gir ei meir utfyllande oversikt over kva som er registrert av kulturminne i Møre og Romsdal.

#### AUTOMATISK FREDA KULTURMINNE

For Sunnmøre har Per Fett gitt ut sine registreringar i trykte hefter for kvart prestegjeld på Sunnmøre i 1950 og 1951. Hefta inneheld ein beskrivelse av faste fornminne og lausfunn ordna etter matrikkelen og eit oversiktskart for prestegjeldet i målestokk = 1:100.000. Det seier seg sjølv at kartfestinga ikkje vert særleg presis i ein slik målestokk. Registreringane er utført av Per Fett i 1940-åra.

For Romsdal har Nils Parelus utført registreringar i kommunane Aukra, Fræna, Midsund og Sandøy. Registreringane er publiserte i hefter for kvar kommune og samla i innbunda bok. Trykksakene inneheld beskrivelse av faste fornminne og lausfunn, nokre foto og nokre kartskisser.

I samband med utarbeiding av økonomisk kartverk (ø.k.) for heile landet hadde ein som mål å registrere faste automatisk freda kulturminne/fornminne og kartfeste dei på ø.k. sine kart i målestokk = 1:5.000. Ein ville då oppnå ei relativt presis kartfesting. Arbeidet vart lagt til dei arkeologiske landsdelsmusea og starta optimistisk opp i 1970-åra. Men det viste seg at ein ikkje hadde nok ressursar til arbeidet som endå ikkje på langt nær er fullført. For nokre kommunar i fylket har arbeidet kome så langt at det er utgitt kommunerapportar. Det ligg føre ø.k. kommunerapportar for desse 14 kommunane:

Frei	Skodje	Kristiansund	Fræna
Molde	Sula	Giske	Neset
Tustna	Haram	Sande	Ulstein
Hareid	Ålesund		

Rapportane er ordna kommunevis etter matrikkelen og inneheld for kvart enkelt faste fornminne ein beskrivelse og ei presis kartfesting med arealutbreiing for større objekt. På det ferdige økonomiske kartverket for desse kommunane er fornminna avmerka med ein rune-R. Som vedlegg til plandokumentet følgjer eksempel frå ø.k. registret på registrert fornminne med beskrivelse og kartfesting (vedlegg side 40).

For nokre kommunar var ø.k. arbeidet ført så langt fram at "manus" til ø.k. rapport var klart, men rapporten er ikkje trykt. Det er situasjonen for sju kommunar på Sunnmøre:

Herøy	Vanylven	Ørskog	Stranda
Volda	Ørsta	Sykkylven	

På Sunnmøre er det berre Norddal og Stordal som ikkje har enten ferdig trykt ø.k. rapport eller ferdig manus til ø.k. rapport. Fylkeskonservatoren i Møre og Romsdal har sakna eit tilsvarende reiskap for resten av kommunane i fylket. Ein har derfor i samarbeid med nokre enkeltkommune og delvis med hjelp av sysselsettingsmidlar fått til "førebelegg" kommunerapportar. Rapportane bygg på tidlegare registreringar (topografisk arkiv o.a.). Dei enkelte objekta er oppsøkte og avmerka på økonomisk kartverk. Slike føreblegg kommunerapportar har ein laga for desse sju kommunane:

Aukra	Rauma	Surnadal	Gjemnes
Smøla	Vestnes	Halsa	

I tillegg er det gjort ein del kartfestingararbeid på økonomisk kartverk av registrerte fornminne i Averøy, Eide, Norddal og Rindal (utmarksområde). Men kartfestingane er ikkje trykte i rapport eller liknande. For Romsdals-kommunane Sandøy og Midsund som har Nils Parelus sine registreringar med god beskriving, men utan kartfesting, vil det vere ei "overkomelegg" oppgåve å få kartfesta dei automatisk freda kulturminna i desse to kommunane.

Stordal har som nemnt Per Fett sin rapport frå 1950 som bør kartfestast på ø.k. Dei tre kommunane som har dårlegast



Utgraving av steinalder-lokalitet på Kastholmen i Skodje kommune. Biletet er henta frå fylkeskonservatoren sitt arkiv. Foto: Ragnar Lie Orten

status når det gjeld register over automatisk freda kulturminne Møre og Romsdal er Aure, Sunndal og Tingvoll.

### SEFRAK-registeret

Registrering av faste kulturminne i Noreg (SEFRAK) kom i gang med for Møre og Romsdal sin del i 1977. Fylkesutvalet gjorde avtale med Miljøverndepartementet om medverknad tilgjennomføring av registreringa. Fylkeskonservatoren vart utpeika til fagleg registreringsleiar i fylket.

Det er utført feltarbeid i alle 38 kommunane i fylket med registrering av hus og restar av hus. Feltarbeidet er utført med økonomisk medverking frå og i nært samarbeid med primærkommunane. Kvar kommune har hatt sin utpeika kontaktperson for registreringa og også funne fram til lokalkjende personar som har fungert som "lokalregistratorar" i krinsane under feltarbeidet.

Det er nytta eit standard skjema med 44 punkt for kvart objekt. I tillegg er det for kvart objekt utført fotografering, teikning av planskisse og kartfesting (på ø.k.). Ein har registrert 44.788 objekt i fylket. Skjema materialet er under punching og skal etter planen vere ferdig puncha og tilgjengeleg via datasystem til 1. februar 1999.

Kartfestinga er i hovudsak gjort på ø.k. (mål=1:5.000). I bystrøk og andre tettbygde område har ein nytta kart i målestokk=1:1.000. For setrar i høgjellsområde (over 600 moh.) som ø.k. ikkje dekkjer, har ein nytta topografisk kartverk. Kartmaterialet er under oppretting og digitalisering. Ein tek sikte på å ha ferdig digitaliserte kart til 1. mars 1999.

Det er laga kommunerapportar etter avslutta registrering for kommunane Sande, Skodje og Ørskog. I samband med vurdering av Stordals vassdraget i prosjektet "ti års verna vassdrag" vart SEFRAK- materialet nytta som grunnlag for kulturminnerapporten.

I desse rapportane er registreringsmaterialet behandla "manuelt" utan bruk av edb-utstyr. Når alt skjema materialet no vert ferdig puncha i februar 1999 vil ein ha ei lang rekke moglegheiter til på ein enkel måte å kunne ta ut rapportar med statistikk og oversikter fylkesvis, kommunevis og kretsvis eller i andre kombinasjonar. Ein kan også lage oversikt over ulike bygningskategoriar frå ulike tidsrom i utvalde geografiske område. Det vil som sagt (om kort tid) verte mogleg å bearbeide registreringsmaterialet på ein lang meir lettvindt måte enn i dag. Eg finn derfor ikkje grunn til å bruke mykje tid på ein tidkrevjande bearbeidingsprosess no, men i vedlegget har eg teke med oversikter over dei registrerte minna i Sykkylven og Skodje kommune, som eksempel på kva bygningskategoriar og type andre minne enn hus som er registrert og talet på ulike kategoriar og typar fordelt krinsvis og samla.

### OVERSIKT OVER TAL PÅ REGISTRERTE OBJEKT I MØRE OG ROMSDAL

Kva kan ein lese av ei slik oversikt samanhalde med andre opplysningar om kommunane, og kva kan ein bruke registreringsmaterialet til? Desse spørsmåla har eg prøvt å gi nokre svar på i eit dokument som følgjer som vedlegg til planen (vedlegg side 41). Her vil eg berre kome med konklusjonane.

#### Er alle objekt registrert?

Før eg går inn på det som er registrert, vil eg gjere merksam på at ikkje alle objekt som skulle ha vore med er registrert.

Kvaliteten på registratorane sitt arbeid varierar ein del. Eit område der ein ved kontroll finn skilnader er i kva grad registratorane har fått med seg dei objekta som skulle registrerast. Registrering av ruinar av bygningar er kanskje den gruppa av objekt som varierar mest. Ein grunn til skilnader her er i kva grad registratorane har hatt eit godt kontaktnett og om dei sjølv har vore lokalkjende.

#### Forholdet mellom areal og talet på registrerte objekt

Kommunar med stort areal har også mange registrerte objekt. Unntaket er sjølv sagt dei tre bykommunane. I byane har ein tillegg til tett busetnad også flytta tidsgrensa for registreringa: Ålesund 1910, Molde og Kristiansund 1940. Held vi bykommunane utanom, ser vi også at dei kommunane med minst areal har som regel også minst tal på registrerte objekt. Stordal er her eit unntak med forholdsvis få objekt sjølv om arealet ikkje er av dei minste.

#### Forholdet mellom folketalet og tal på registrerte objekt

Det er i hovudsak registrert hus frå år 1900 og før. Det kan derfor vere interessant å sjå på folketalet i år 1900 i fylket og dei enkelte kommunane. Samla for fylket har folketalet auka med over 100.000 eller 76% frå 1900 til 1995. Samtidig har folketalet gått betydeleg ned i to av dei kommunane som har flest registrerte objekt (Aure og Tingvoll).

#### Bebodde bustadhus frå 1900 og før i 1970

Folke- og bustad tellinga frå 1970 har ein tabell som mellom anna syner talet på bebodde bustadhus frå år 1900 og før. Samanliknar vi dei tala med tal på registrerte objekt i SEFRAK finn vi at med unntak av Vestnes kommune er dei tretten kommunane i fylket som i 1970 hadde flest bebodde bustadhus frå år 1900 og før, dei same tretten kommunane i Møre og Romsdal som har flest registrerte objekt. Og med unntak av Eide kommune er alle dei elleve kommunane som i 1970 hadde ferrast bebodde bustadhus frå år 1900 og før, dei same elleve kommunane som har ferrast registrerte SEFRAK-objekt.

#### Kommunevis oversikt ordna alfabetisk etter kommunenamn.

Komm. nr. registr.	Komm. namn	Tal på registr. objekt	Komm. nr.	Komm. namn	Tal på objekt
1547	Aukra	284	1511	Vanylven	1031
1545	Midsund	408	1557	Gjemnes	1578
1563	Sunndal	1846	1546	Sandøy	459
1569	Aure	1732	1535	Vestnes	866
1502	Molde	1974	1571	Halsa	813
1566	Surmadal	1581	1529	Skodje	793
1554	Averøy	1399	1519	Volda	2829
1543	Nesset	1721	1534	Haram	1654
1528	Sykkylven	1077	1573	Smøla	1298
1551	Eide	986	1520	Ørsta	1749
1524	Norddal	1014	1517	Hareid	547
1560	Tingvoll	2378	1526	Stordal	537
1556	Frei	419	1523	Ørskog	556
1539	Rauma	2632	1515	Herøy	900
1572	Tustna	450	1525	Stranda	1270
1548	Fræna	1311	1504	Ålesund	2150
1567	Rindal	973	1503	Kristiansund	1410
1516	Ulstein	536	1531	Sula	390
1532	Giske	675	1514	Sande	703
SUM FOR MØRE OG ROMSDAL FYLKE:					44.788

### Kvar i fylket finn ein flest objekt?

Kvar i fylket finn vi flest registrerte objekt? Er det nokon region som peikar seg ut? Held vi dei tre bykommunane utanom, vil vi sjå at i alle dei ti kommunane med flest registrerte objekt har ein det som etter NIJOS (Norsk Institutt for Jord- og Skogkartlegging) si landskapsregion inndeling vert kalla fjordbygder eller ei samansetting av fjordbygder og anna landskap. Dei einaste to av desse ti kommunane med innslag av kystbygder er Aure og Haram.



Teikning: Geir Helgen

### NATURBASEN FOR MØRE OG ROMSDAL

Naturbasen for Møre og Romsdal er ein database som i dag inneheld opplysningar om område av spesiell verdi for vilt (vilt = amfibiar, krypdyr, fugl og pattedyr med unnatak av sel og kval), friluftsliv og område av naturverninteresse inkludert verneområde.

Nasjonalt prioriterte kulturlandskapsområde er førebels berre presentert i rapportform, og det er noko usikkert om desse kjem med i naturbasen med det første. Det er og utarbeidd ei rekkje rapportar om biologiske verdiar i kulturlandskapet i Møre og Romsdal. For nokre av desse lokalitetane er det skissert aktuelle skjøtselstiltak.

Oversyn over raudlistearter innafor artsgruppene planter, sopp og lav der fleire artar er typiske kulturlandskapsartar som er avhengig av skjøtselstiltak, ligg i dag føre i rapportform. Denne informasjonen vil venteleg bli tilgjengeleg i naturbasen i løpet av eit år. Informasjon om viktige område for ferskvassfisk samt anadrom laksefisk er samla inn, og vil venteleg bli tilgjengeleg i naturbasen eller tilsvarende base innan 2 år.

Data frå naturbasen samt anna data av interesse for arealforvaltninga vil bli tilgjengeleg via arealinformasjonsprosjektet Arealis.

### 4.4.02. TILTAK AUTOMATISK FREDA KULTURMINNE/ FORNMINNE

Som vedlegg til planen (vedlegg side 21) følgjer oversikt over automatisk freda kulturminne i Møre og Romsdal der det er gjort tiltak med tilrettelegging for publikum og/eller skjøtsel.

Lista er ordna kommunevis etter kommunenummer og inneheld 42 objekt/område. For 16 av fornminna er det gjort rydding, på 13 stader er det opparbeidd sti fram til kulturminnet. Til 8 fornminne er det sett opp vegskilt, for like mange er det opparbeidd parkeringsplass og for 21 objekt er det sett opp informasjon om fornminnet i form av infotavle eller liknande. I tillegg kan nemnast at det er utarbeidd planar for seks anlegg, tilrettelagt for beiting på to område, sett opp toalett for besøkande på ein stad (helleristninga på Boggestranda, Nesset kommune) og ein stad er det tilbod om guida turar til fornminnet (Dollsteinshola, Sandsøya, Sande kommune).

Tiltaka er utført med fleire aktørar som det delvis går fram av oversikta i vedlegget. Aktørar er landsdelsmusea (Bergen Museum og Vitenskapsmuseet, Trondheim), Statens vegvesen, fylkesmannen/landbruksavdelinga, fylkeskommunen, kommunane (kulturkontor, teknisk etat, landbrukskontor), sogelag, skolar og grunneigarane.

### 4.4.03. FREDING

#### LOVVERKET

Med freding meiner ein her freding ved enkeltvedtak av bygningar og anlegg m.v. etter § 15 i kulturminnelova. Dagens Lov om kulturminne er frå 9. juni 1978 med endringar, sist av 3. mars 2000. Den første lova som gav heimel for freding av bygningar o.l. var Lov om bygningsfreding av 3. desember 1920.

#### KVA ER FREDA

Som vedlegg til planen følgjer ei komplett fredingsliste for Møre og Romsdal (vedlegg side 16) som viser korleis tidlegare fredingar er fordelt på fredingsår og objekttype. Dette som grunnlag for å vurdere korleis bruken av fredingsreiskapen i høve til dei førenemnte utvalskriteria, deriblant representativitet:

År	Embetsgard h.bygn.	Embetsgard uthus	Gardsbruk bustad	Gardsbruk stabbur	Gardsbruk sengjabu	Gardsbruk uthus	Bygård	Kystkultur	Anna
1923	4	2	4	1		5	3		
1924	2		11	4					3
1927	1		1		1				
1939	2		10	3	3	4			
1941			1						1
1947			1						
1957			1						
1968				1					
1979		3						2	1
1983	1								
1985							1		
1991	7	14						1	1
1992		2							
1993	1	3						10	
1995							2	1	2
1996							1		
1997							4		
1998							1		
§4				4	1				9
SUM	18	25	29	13	5	9	12	14	17

Oversikta er særskjematisk, og gir ikkje eit heilt nyansert bilete, men vi kan ane enkelte tendensar. Av dei 142 objekta på fredingslista høyrer 99 objekt heime i gardsmiljø. Av desse

igjen er 56 del av vanlege gardsbruk, mens 43 objekt er del av embetsgardar. Blant gardsbygningane er fordelinga mellom våningshus/stovehus og andre bygningskategoriar (stabbur/sengabu/uthus), omlag halvparten av kvar.

Frå kystkulturen er det 14 objekt. 10 av dei er frå Teistklubben i Fræna. Imidlertid kan også fem-seks av dei kulturminna som er ført opp under andre rubrikkar reknast som kystkultur, mellom anna Herøy prestegard.

Den urbane kulturen er representert på fredingslista med 12 objekt, dei fleste av desse er bygardar freda som arkitektur frå det 20. århundre (jugendstilarkitektur i Ålesund, og gjenreisingsarkitektur i Molde). Det er imidlertid på gang fleire fredingar av jugendstilbygningar i Ålesund, byvilla i Molde og gjenreisingshus i Kristiansund.

Under rubrikken anna (17 objekt) er det teke med lysthus, handelsstad, gravstad, paktarbustad på embetsgard, bustadhus og villa i bymiljø, bårstue og driftsbygning til bygard og dei ni mellomalderkyrkjene (seks i stein og tre i stav).

Ikkje alle bygningar som har hatt fredingsvedtak, har blitt tinglyst freda. Gjennom tida etter 1923 har både tinglyst freda bygningar og anlegg og objekt som har hatt fredingsvedtak utan tinglysing fått endra status. Nokre har vorte flytta til museum, men behalde fredinga, nokre har vorte overtekne "på rot" av museum, nokre har fått sletta fredinga på grunn av øydeleggande endringar e.l. og ei fjerde gruppe er borte (reve eller brent) og derfor sletta av fredingslista.

#### *Fredingar før og no - kva har endra seg.*

Som eg er inne på i førre avsnitt er freding i dag meir "omstendeleg" enn det var til eksempel i 1920-åra. I den tidlegaste perioden var fredinga svært "enkel". Det var lite spesifisering av kva fredinga omfatta. I tinglysinga kunne berre stå at "anlegget er freda" e.l.

Vedtak om freding kunne gjerast utan nokon føregåande prosess med offentlig høyring osv. Ein finn sjeldan opplyst grunngeving for fredinga. Eit unntak er Eide tunet der vern av eit heilheitleg klyngetun var føremålet. I dag skal ein først ha ein detaljert dokumentasjon av anlegget som grunnlag for utarbeiding av eit fredingsforslag. Utarbeiding av fredingsforslag skal skje i kontakt med berørte parter (grunneigarar o.a.), berørt kommune og det skal kunngjerast i aviser at arbeidet er i gang. Forslag til freding skal innehalde nøyaktig beskrivelse av kva fredinga omfattar og eigne fredingsbestemmelser for det konkrete anlegget. Fredingsforslaget skal kunngjerast i avisene på staden og sendast ut på offentlig ettersyn (til m.a. kommune og fylkeskommune) i tillegg til at eigar skal få høve til å uttale seg før endeleg fredingsforslag vert handsama av Riksantikvaren som gjer eventuelt endeleg vedtak om freding.

I dag vil ein stort sett også finne grunngeving for fredingane slik som styrking av kystkulturvernet, sikring av verdifulle prestegardar osv.

#### *Fredingsliste.*

Som vedlegg til plandokumentet (vedlegg side 15) følgjer liste over freda bygningar og anlegg i Møre og Romsdal pr. 1. mars 1999.

#### **ADMINISTRATIVT FREDA BYGNINGAR**

Som nemnt under avsnittet om freding av prestegardar vart det i 1930-åra sett opp ei liste over fredingsverdige bygningar eigd av staten som skulle behandlast som om dei var formelt freda. Ein hadde då ei tru på at det ikkje var naudsynt med ein

formell prosess som enda med tinglysing av freding for staten sine bygningar. Men ordninga har fungert dårleg, og ein er no i ferd med å gjennomføre formelle fredingsprosessar for dei aktuelle bygningane. Det kan likevel vere interessant å sjå kva ein vurderte som interessant i 1930-åra. I fortidsminnesmerke foreininga si årbok av 1933 er det gjengitt lister over "Statens gamle bygningar". Lista er inndelt i eigne kapitlar for nasjonalmonument, kongebustader, "civiladministrasjonens bygninger og sorenskrivergårder" og prestegardar. I Møre og Romsdal har vi ingenting å vise fram når det gjeld nasjonalmonument og kongebustader. Det næraste vi kom nasjonalmonument var nok Nettet prestegard. Dei to andre stadane i Norge som er knytt til Bjørnstjerne Bjørnson: Bjørgan i Kvikne og Aulestad i Gausdal, er med på lista.

Under overskrifta "civiladministrasjonens bygninger og sorenskrivergårder" har vi med berre eit objekt. Det er fylkesmannsbustaden Møretun på Stuevollen i Molde. Dette anlegget vart reve i 1960-åra(?).

Under kapitlet prestegardar har vi 12 på lista frå Møre og Romsdal. Vi kjenner att desse frå vår siste gjennomgang med tinglyst freding av prestegardar i Møre og Romsdal. Dei tolv var: Herøy/Raftenes (no i privat eige), Volda, Stranda (pakterbustad og stabbur), Norddal (pakterbustad), Ørskog (tinglyst freda i 1924), Vestnes (no i privat eige), Nettet, Bolsøy/ Røbekk, Kvernes, Aure, Tingvoll og Stangvik.

#### **4.4.04. VERN- OG VEDLIKEHALDSAVTALAR**

Dersom ein huseigar mottok tilskot på meir enn kr. 50.000 frå Riksantikvaren til istandsetjing av eit ikkje freda kulturminne, stiller Riksantikvaren som vilkår for utbetaling av tilskotet at det vert inngått ein tinglyst vern- og vedlikehaldsavtale. Avtalen skal innehalde opplysningar om kva for eigedom den gjeld, kva eigaren har fått tilskot til og kva heftet gjeld. Avtalen forpliktar eigaren til å legge fram planar om endringar, riving eller flytting for fylkeskommunen si kulturavdeling til godkjenning. Eigaren forpliktar seg også til å halde bygninga trygda slik at den kan settast i stand att etter eventuell skade av brann eller anna ulykke.

Som vedlegg til plandokumentet (side 18) følgjer oversikt over bygningar med vern- og vedlikehaldsavtale i Møre og Romsdal.

#### **4.4.05. FORSVARS- OG KRIGSMINNE**

Av dei tre moglege bygdeborgene som er registrert i fylket, er Aslaksteinen på Hustad i Fræna undersøkt og kulturlag er påvist. I plansamanheng er Aslaksteinen i Fræna avmerka som fornminne i kommuneplanen og Møsthaugen i Frei teken med i kommunen sin kulturminneplan.

I dei siste åra har tida vorte moden til å sjå på anlegg frå siste verdskrigen som kulturminne. Det er sett i gang verne-tiltak, delvis med restaurering og tilrettelegging for publikum på Kvalvik fort i Frei, Ergan kystfort i Bud, Fræna, Julneset i Molde, Kvitneset i Hareid og Berkneset i Volda

(sjå foto neste side)



Krigsfort, Bjerkeneset i Volda kommune. Biletet er henta frå fylkeskonservatorens sitt arkiv. Foto: Berge Hjørungnes.

#### 4.4.06. TEKNISKE OG INDUSTRIELLE KULTURMINNE

Om dei objekta i Møre og Romsdal som er med i Riksantikvarens sin verneplan for tekniske og industrielle kulturminne frå 1994 (jfr. 4.2.10 + vedlegg side 23) kan seiast: Mellemværftet er etablert som veteranskipverft og museum som avdeling under Nordmøre Museum. Verftet er ikkje med i Riksantikvarens sin femårs fartøyvernplan som nasjonalt fartøyvern-senter. Det vert arbeidd for at Mellemværftet skal få status som nasjonalt fartøyvern-senter på linje med dei tre som alt har slik status (Bredalsholmen i Kristiansand, Hardanger Fartøyvern-senter i Norheimsund og Nordnorsk fartøyvern-senter i Gratangen, Troms).

##### *Brunsvikens Reperbane*

starta opp i 1885. Anlegget er i privat eige. Inventaret er intakt og registrert. Bygninga har vore delvis restaurert med offentlege midlar. Det er no i gang arbeid med restaurering av det tekniske utstyret på reperbanen. Arbeidet vert utført på dugnad av pensjonistar med økonomisk støtte til materiell frå Nordmøre museum.

##### *Milnbrygga*

er overtatt av Nordmøre Museum og etablert som klippfisk-museum med fast årleg driftstilskot.

##### *Hjellens Notbøteri*

er eit anlegg i privat eige. Anlegget vart skada under orkanen 01.01.1992, vart reparert delvis med offentlege midlar, men fekk seinare ein ny vindskade. Det vert arbeid for å utbetre denne skaden. Anlegget er foreslått freda.

##### *Oddfred Tokles Konfeksjonsfabrikk*

er overtatt til museum og organisert som ei avdeling av Romsdalmuseet, men med lokalt driftsstyre. Bygninga er i standsett med tilskot frå Riksantikvarens og gjort tilgjengeleg for publikum og "omgjort" til museum med tilskot frå Norsk Kulturråd.

Under siste punkt, møbelindustri har ein ikkje funne fram til eksempel på verneobjekt. Som kjent er det som ein del av museumsvesenet etablert eit møbelfagleg senter i Sykkylven. Men ein har ikkje funne fram til noko godt bevart fabrikkbygg som egna verneobjekt. Det avspeglar også noko av det typiske ved møbelindustrien at ein i tidlegare tider held hus i svært enkle lokalar og at utviklinga har ført til stadige behov for endringar slik at ein vil ha store vanskar med å finne autentiske miljø frå ein tidleg periode nokon stad.

##### *Landbruksbasert industri*

Mølleanlegga i landet er registrert av RA og NTM. Dei har gitt 1. prioritet til tre anlegg i fylket: Rogne Mølle, Haram kommune, Kvernberg Mølle, Nesset kommune og Gjelen mølle, Aure kommune. Andre møller i fylket som enten har fått tilskot til restaurering eller har fått vurdert verneverdi av fylkeskonservatoren er: Volda Elektriske Mylne i Volda kommune, Herje Mølle, Åfarnes i Rauma kommune, Frisvold Mølle, Eidsbygda i Rauma kommune og Svartåa Mølle, Høgset i Gjemnes kommune.

Av frøenseri har Landbruksmuseet på Gjermundnes teke vare på eit eksemplar.

Garveriverksemda er dokumentert og verna gjennom Rødseths Garveri i Volda som no er freda og garvarverksemda vidareført av Volda Bygdetun, garverimuseet. O. A. Jacobsen si garveribygning i Ørsta, "Bruksbutikken" er no overteke av Møre Folkehøgskule som har restaureringsplanar.

Meieriverksemda er lite dokumentert i Møre og Romsdal. Sunnmøre museum har teke vare på ei stor samling av meieriutstyr frå Sunnmøre Meieri som vart skipa av sunnmørsbøndene i 1918.

### Kraftverk

Av desse anlegga er O. A. Devold i Langevåg framleis i drift, men med ein ny turbin som vart sett inn i 1917. Anlegget til Mjelva i Geiranger er og teke vare på i ein fornya versjon.


Av desse kraftverka er stasjonen i Spjelkavik bevart med tilførselskanal, inntaksdam og rørgate. Av andre bevarte "bygdekraftverk" av denne "generasjonen" kan nemnast: Ørskogfoss kraftverk, Steinholt, Ørskog kommune frå 1927 – 110kw, Geiranger kraftverk, Storfossen, Stranda kommune frå 1928 – 180kw. Tafjord Kraftselskap har teke vare på Tafjord I og tilrettelagt anlegget som kraftverkmuseum med tilgang for publikum.

### Industrireiseing

Dyrkornanlegga er i full drift med planar om å modernisere kraftverket. Enge Tresliperi sin fabrikkhall er overtatt av Geitbåtmuseet i Halså og omgjort til museumsbygg. Utanom Devoldanlegget i Sula, er det Enge Tresliperi (1912), Geitbåtmuseet og Dyrkornanlegga som er mest interessante som kulturminne frå industrireisinga tidleg på dette hundreåret. Gamle Finnøy motorfabrikk er teken vare på som privat museum på Finnøya.

### Samferdselsminne

Det er heller lite gjort på dette området. Av dei minna som er lista opp under verneoppgåvene/samferdselsminne kan nemnast at delar av postvegen er restaurert på strekninga Amdam-Ørskog prestegard og gamlebrua over Vestnesstraumen er teken i bruk som gangveg etter restaurering. Den gamle postvegen frå Hjelmelandsdalen i Nordfjord, over Bjørkedalen til Volda er delvis restaurert med mellom anna istandsetjing og forsterking av bruer.



Skodjebruene.

Foto: Christ Allan Sylthe/Fylkeskonservatorens arkiv

Det er lagt fram fredingsforslag for Skodje bru som er under handsaming. I samband med planlegging av ny bru over Skodjestrømen, er det laga ein reguleringsplan der det meste av det gamle veganlegget med tunnel og to bruer er foreslått regulert til spesialområde/bevaring.

Ein del gamle steinkvelvingsbruer er restaurert med tilskot frå Vegdirektoratet. Som eksempel kan nemnast: Vadset bru i Haram, Skorgen bru i Vestnes og Gjerset bru i Rauma. Det er også gjort forsterkingar for framleis bruk av Uri bru i Valldal.

### 4.4.07. KOMMUNEPLANAR/KOMMUNEDELPLANAR

Etter Plan- og bygningslova sin § 20-1 skal kommunane utføre ei løpande kommuneplanlegging og kulturminne og kulturmiljø skal vere ein del av kommunen sin heilheitlege miljøpolitikk og tema i kommuneplanen sine langsiktige mål og strategiar.

Hausten 1998 vart det sendt ut rundskriv til kommunane med spørsmål om å rapportere status vedkomande kulturminne i kommuneplanane med tanke på bruke denne oversikta i fylkesdelplanen.

Det vart stil tre spørsmål:

- Har kommunen utarbeidd eigen kommunedelplan for kulturminnevernet?
- Har kommunen laga temakart for kulturminne til kommuneplanen?
- Er freda kulturminne innteikna på hovudkartet til kommuneplanen?

Oversikta over innkomne svar er gjengitt i tabell som er vedlegg til planen (vedlegg side 37). Oversikta syner at alle kommunane har gitt svar etter eit par purrerundar:

- 1 kommune har utarbeidd kommunedelplan for kulturminnevernet
- 13 kommunar laga eige temakart for kulturminne
- 22 kommunar har teikna inn freda kulturminne på hovudkartet til kommuneplanen

### Dispensasjonar.

Etter plan- og bygningslova sin § 7 kan kommunane gi dispensasjonar frå planar på alle nivå. Mest vanleg er det likevel at kommunane gir slikt dispensasjon frå kommuneplanen. Dispensasjon kan berre gjevast i enkeltsaker og der det ligg føre særlege grunnar. Kommunen pliktar å innhente fråsegn frå alle partar som kan ha interesse i saka. Søknad om dispensasjon skal leggast fram for fylkeskommunen til fråsegn når den kan berøre kulturmine, og kommunen vurderar å gi dispensasjon frå vedteken plan i desse tilfella:

- Tiltaket kan føre til fysiske tiltak i marka i LNF- område.
- Tiltaket kan kome i konflikt med automatisk freda kulturminne, f.eks. i LNF- område.
- Tiltaket kan kome i konflikt med verdifulle kulturmiljø og/eller verneverdig busetnad.

### 4.4.08. VERNEPLANAR

Omgrepet verneplan er lite brukt av kulturminnevernet i Møre og Romsdal. Grunnen til det er at omgrepet for mange er "negativt lada" og vert sett i samband med tap av eigedoms-

rett og "umyndiggjering". Det har likevel ikkje vore til hinder for at vi gjennom det som med rette har vore annonsert som reguleringsplanarbeid har vorte fremma det ein andre stader ville ha kalla ein verneplan.

Slike reguleringsplanar med større område som er regulert til spesialområde/bevaring (sjå 4.4.09) har ein i dag for:

- Ona i Sandøy kommune
- Ålesund sentrum, Ålesund
- Bjørnsund i Fræna kommune
- Eikesdalen i Nesset kommune
- Veiholmen på Smøla kommune
- Øksendalsøra i Sunndal kommune
- Grip i Kristiansund kommune
- Vågen, Kristiansund i kommune
- Hønebukta, Innlandet i Kristiansund kommune

Planane er tenkt som reiskap i kommunen si styring av tiltak områda. Reguleringsføresegnene gir heimel for å nekte riving av verneverdige bygningar og gir rammer for eventuelle endringar og materialbruk på bygningane. Som supplement til føresegnene er det for enkelte av planane laga utfyllande/rådgivande retningslinjer som skal vere rettleiande for huseigarane og vere grunnlag for mest mogleg lik behandling frå kommunen si side.

#### 4.4.09. REGULERINGSPLANAR

Etter omorganiseringa av kulturminnevernet og delegering av oppgåver til fylkeskommunen frå staten, har kulturavdelinga i fylkeskommunen ansvar for å sjå til at det er teke omsyn til kulturminneinteressene i utarbeiding av arealplanar, mellom anna reguleringsplanar. Dette har ført til ei stor arbeidsbelastning på kulturvern seksjonen med over 500 plansaker pr. år dei siste åra. Planhandsaming legg beslag på minst tre årsverk i seksjonen.

##### REGULERING TIL SPESIALOMRÅDE/BEVARING, PBL. § 25.6

Plan- og bygningslova (Pbl.) gir i § 25. punkt 6 heimel for å regulere til spesialområde: "herunder områder med bygninger og anlegg som på grunn av historisk, antikvarisk eller annen kulturell verdi skal bevares". Kommunane har reguleringsmynde og godkjenner sjølv sine reguleringsplanar. Reguleringa går ut på at spesialområdet er avmerka på reguleringskartet og har sine reguleringsføresegner knytt til arealet/området. Føresegnene gir rammer for kva ein kan gjere i det aktuelle området. Føresegnene kan innehalde bestemmelse om at fornminne skal bevarast, bygningar ikkje kan rivast, at dei skal istandsetjast etter antikvariske retningslinjer og at tilbygg og eventuelt nybygg på området skal tilpassast det eksisterande.

Eg gjer merksam på at automatisk freda kulturminne (fornminne) som vert omfatta av slik regulering, og har eit vern gjennom Lov om kulturminne.

Hausten 1998 vart det sendt brev til alle kommunane i Møre og Romsdal med spørsmål om å framskaffe oversikt over alle område i kvar kommune som er regulert til spesialområde/bevaring etter § 25.6. i Plan- og bygningslova. Det har kome inn svar frå alle kommunane i fylket som synar at i fylket har vi til saman 149 reguleringsplanar som inneheld område som er regulert til spesialområde/bevaring. I nokre

planar er det meir enn eit område som er regulert til dette føremålet. Den kommunen i fylket som har flest slike planar etter vår oversikt, er Fræna med 11 planar, tett følgd av Ålesund med 10 planar (og sikkert størst areal regulering til spesialområde bevaring). Hareid og Molde har 9 planar kvar og Norddal har 8 planar. Ulstein, Volda og Aure har 7 planar kvar og Ørsta har 6. Ferrast spesialområde har Giske, Vestnes, Rauma, Nesset, Sandøy, Averøy, Rindal og Halså med eitt område kvar.

Kva typer verneobjekt er det som er ivaretekne gjennom reguleringa? Oversikta syner at det er ganske likt fordelt mellom automatisk freda kulturminne (72) og bygningsmiljø/bygningar (71). Av andre typar minne er det registrert 19.

Som ein ser er reguleringsordninga ulikt brukt frå kommune til kommune frå 1 til 11 planar. Gjennomsnittet er ca. 4 planar pr. kommune. Fordelinga mellom fogderia er også ulik med 80 planar på Sunnmøre (snitt 4,7 pr. kommune), 32 i Romsdal (snitt 4,0 pr. kommune) og 36 på Nordmøre (snitt 2,8 pr. kommune). Talet har til ein viss grad samanheng med talet på vedtekne reguleringsplanar.

Som vedlegg til planen (vedlegg side 48) følgjer liste over alle spesialområde/bevaring vi har pr. 01.03.1999 i Møre og Romsdal.

#### 4.4.10. BYGGESAKER ETTER PLAN- OG BYGNINGSLOVA

Det er kommunane som har heimel til å drive byggesakshandsaming etter plan- og bygningslova (PBL). Under pkt. 4.3. Forvaltninga er det gjort greie for kva for paragrafer i lova som vedkjem kulturminnevernet: § 93 gjer greie for kva tiltak som krev byggjeløyve, § 74.2 om estetikk gjeld også for endring av bygningar. Elles ved endring av bygningar kan ein merke seg § 92, tredje ledd:

§ 91 i Plan- og bygningslova omhandlar riving og § 107 gir kommunane heimel til å innføre vedtekter som gir bygningsrådet eit styringsreiskap i høve til utforming og plassering av skilt og reklame.

Plan- og bygningslova gir som ein ser kommunane langt på veg eit brukbart reiskap til å ta omsyn til kulturminneverdiar også i byggesakshandsaminga. Men det er opp til kommunane sjølve i kva grad dei vil nytte reiskapet. Inntrykket er at plan- og bygningslova kan brukast meir aktivt for å ta vare på kulturminneverdiar i byggesaker.

#### 4.4.11. FYLKESKONSERVATOREN I MØRE OG ROMSDAL

Institusjonen vart oppretta som eit "statleg" kontor i 1966 med midlar frå dåverande Kirke- og undervisningsdepartement. Første fylkeskonservator i Møre og Romsdal, Birgitta Rønnestad, vart tilsett i 1967. Frå 1. januar 1976 vart kontoret ein del av fylkeskommunen, lagt til rådmannskontoret i sentraladministrasjonen. Tihøvet mellom fylkeskonservatoren og sentrale instansar i kulturminnevernet er gjort greie for i avsnittet 4.3. Forvaltninga under 4.3.01. Oppgåve- og ansvarsfordeling.

Hausten 1976 vart staben utvida med ei kulturvern-konsulentstilling for primært å ta seg av bygningsvern oppgåver og SEFRAK-registreringa. Jens Peter Ringstad vart tilsett i stillinga. Fylkeskommunen oppretta i 1980 eiga kulturavdeling med kulturvern som ein av seksjonane. Våren 1981

vart staben utvida med ei kulturvernkonsulentstilling til. Christ Allan Sylthe vart tilsett i stillinga.

Etter to år med permisjon slutta Birgitta Rønnestad som fylkeskonservator våren 1984 og Jens Peter Ringstad tok over stillinga. Den kulturvernkonsulentstillinga han hadde hatt vart seinare omgjort til museumsconservatorstilling.

Etter omorganiseringa av kulturminnevernet fekk fylkeskommunen overført midlar frå Miljøverndepartementet til to nye stillinga frå 1. januar 1990. Det vart oppretta ei fylkesarkeologstilling med Bjørn Ringstad som tilsett og ei bygningsantikvarstilling med Christ Allan Sylthe som tilsett. Hausten 1994 vart det oppretta ei 2/3 stilling som kulturvernsekretær. Denne stillinga vart i 1996 gjort om til halv stilling og i 1997 omgjort til kulturvernkonsulentstilling. Heile tida har Brit Hansen hatt denne stillinga. Etter ein periode med arkeologhjelp på engasjement betalt av "oppdragsmidlar" vart det i 1996 oppretta ei fast arkeologstilling i seksjonen med Øyunn Kleiva som fast tilsett frå hausten 1996.

Pr. dags dato har ein desse fast stillingane i seksjonen:

stillingsnemning	still.- prosent	tilsett i stillinga	stilling betalt av
fylkeskonservator	100%	Jens Peter Ringstad	fylkeskommunen
fylkesarkeolog	100%	Bjørn Ringstad	miljøverndepartementet
arkeolog	100%	Øyunn Kleiva	oppdragsmidlar, vegkontor og andre
bygningsantikvar	100%	Christ Allan Sylthe	miljøverndepartementet
kulturvernkonsulent	50%	Brit Hansen	fylkeskommunen
kulturvernkonsulent	100%	Toril Moltubakk	fylkeskommunen

#### 4.4.12. TILSKOT

##### TILSKOT FRÅ MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE OG RIKSANTIKVAREN

Sidan "Arkitekturvernåret" 1975 har det vorte fordelt midlar til kulturverntiltak frå fylkesnivået. I 1975 vart det frå sentralt hald (miljøverndepartementet) løyvt midlar til vidarefordeling i fylka til kulturverntiltak. Til Møre og Romsdal vart det fordelt kr. 35.000 som vart nytta til sju prosjekt i fylket. I tillegg hadde fylkeskonservatoren på sitt budsjett kr.10.300 som vart fordelt til åtte tiltak.

Frå og med 1976 har ein hatt ein budsjettpost på fylkeskommunen sitt budsjett til kulturverntiltak. Første året var posten på kr. 15.000 og auka sidan jamt utover til og med 1991 då posten var på kr.152.000. Etter den tid har den svinga utan å komme opp i tidlegare "høgder". Riksantikvaren har fordelt midlar til viktige tiltak ute i fylka. Fram til 1990 vart alle midlane fordelt frå sentralt hald ut til prosjekta. Det meste gjekk til freda bygningar og anlegg. Eg har ikkje komplett oversikt over tilskot som er fordelt, men kan nemne som eksempel at i 1977 vart det fordelt kr. 396.572,25 til tiltak i Møre og Romsdal. Dette var nok meir enn i eit "gjennomsniittsår".

Frå og med omorganiseringa av kulturminnevernet i 1990 har det årleg vorte overført midlar frå Riksantikvaren til fordeling i fylket (av fylkeskulturutvalet). I tillegg har Riksantikvaren frå anna budsjettpost fordelt nokre summar til større tiltak her i fylket. Av prosjekt i Møre og Romsdal som har fått slik "direkte" Riksantikvarstøtte dei seinare åra er: Tollboden i Kristiansund, Blomberg i Stranda, Sjøholt Hotel i Ørskog kommune, Keiser Wilhelmgate 40 og Lihauggt. 5 i Ålesund.

Frå og med budsjettåret 1993 vart dei to tilskotspostane (kulturverntiltak frå fylkeskommunen og tilskot til tiltak i fylka



Over: Tollboden i Kristiansund. Biletet er henta frå fylkeskonservatoren sitt arkiv. Foto: Christ Allan Sylthe.

frå Riksantikvaren) fordelt i same Ku-sak etter ein felles søknadsrunde og stort sett ved bruk av same søknadsskjema til begge ordningane. Grunngevinga for val av ei slik løysing var at ein rekna med å oppnå rasjonaliseringsgevinst og samordningsgevinst.

Fordelinga mellom dei to postane har vore at fylkeskommunen sin tilskotspost har vore nytta til tiltak som ikkje Riksantikvarmidlane kan dekkje, men som vi har vurdert som "tilskotsverdig". Som eksempel kan nemnast i spesielle tilfelle: tilskot til bygningar som er flytta. Ein føresetnad har vore at det ikkje har vore mogleg å la bygninga stå på opprinneleg plass, og at den har vorte oppattsett i ein ny, høveleg samanheng.

Den fylkeskommunale posten har vore nytta til ein del tilskot til fartøyverntiltak. Sidan posten har vore liten, har det og vore nærliggande å bruke den primært på gode tiltak med lite omfang eller som det kan verte noko av sjølv med eit lite tilskot frå fylkeskommunen. Med andre ord har dei små tilskota kome frå denne posten. Heile tida har ein hatt ein diskusjon og ei vurdering av om det er rette å satse på relativt store tilskot til nokre få av dei søknadsobjekta som ein vurderar til å ha høgst verneverdi, eller om ein skal prøve å nå flest mogleg. Den siste løysinga må føre til at mange av tilskotssummane vert små. Ei løysing med små tilskotssummar har ein funne vanskeleg å kombinere med samtidig å stille strenge krav til søkjaren om å følgje antikvariske retningslinjer i istandsetjingsarbeidet.

Røynslene med aksjonen "Ta eit tak" i 1997 viser imidlertid at sjølv små tilskotssummar (2.500, 5.000, 7.500, 10.000 - kroner etter storleik på taket) har løyst ut store midlar til relativt omfattande tiltak. Til Møre og Romsdal vart det gitt 375.000 kroner fordelt på 78 tiltak.

Årstal	Kulturvern-tiltaksmidlar frå fylkeskommunen	Tilskot frå Riksantikvaren til fordeling i fylket
1975	10.300 (fylkesmannen)	
1976	15.000	
1977	50.000	
1978	54.000	
1979	54.000	
1980	90.000	
1981	100.000	
1982	100.000	
1983	110.000	
1984	116.000	
1985	120.000	
1986	126.000	
1987	135.000	
1988	135.000	
1989	140.400	
1990	146.000	624.000
1991	152.000	888.947
1992	58.000	925.000
1993	60.000	768.820
1994	61.000	739.000
1995	94.000	734.000
1996	134.000	842.400
1997	68.000	930.000
1998	82.000	1.084.000

Oversikt over tilskotspostar frå og med 1975, til og med 1998

#### TILSKOT FRÅ FYLKESMANNEN I MØRE OG ROMSDAL, LANDBRUKSAVDELINGA

Dei "store" tilskotssummane til kulturverntiltak i fylket har dei seinare åra kome frå jordbruksoppgjæret og vorte fordelte av fylkesmannen si landbruksavdeling til freda og verneverdige bygningar i landbruket og til tiltak i landbrukets kulturlandskap. Tilskota skal i hovudsak gå til gardsbruk i drift, det vil seie at søkjarane skal fylle krava til å motta ordinært produksjonstillegg.

Tiltaka skal vere med å ivareta omsynet til miljøverdiane i landbruket sitt kulturlandskap primært på landbrukseigedomar. Siktemålet er å fremme tiltak i landskapet og på freda og verneverdige bygningar ved vedlikehald, skjøtsel og istandsetting som går ut over vanleg landbruksdrift. Frå og med 1991 har det i Møre og Romsdal kvart år vore fordelt tilskot til ivaretaking av biologisk mangfald, tilrettelegging for tilgjenge for ålmenta, istandsetjing av kulturminne og istandsetjing av freda og verneverdige bygningar. F.o.m. 1992 har det og vore gitt tilskot til ivaretaking av gamal kulturmark. Oversikta (nedanfor) syner tal på søknader og sum av tildelte tilskot.

år	Biologisk mangfald		Gamal kulturmark		Tilgjenge		Kulturminne		Freda og verneverdige bygningar		Totalt	
	tal	sum	tal	sum	tal	sum	tal	sum	tal	sum	tal	sum
1991	12	161 000			12	79 000	3	40 000	18	135 000	45	1 630 000
1992	2	53 000	3	50 600	18	264 900	24	631 500	16	540 000	63	1 540 000
1993	5	110 000	35	317 000	35	250 000	83	823 000	18	540 000	176	2 040 000
1994	4	111 750	19	239 100	23	269 500	54	1579 650	21	540 000	121	2 740 000
1995	3	145 000	15	451 000	12	141 000	52	1567 000	21	650 000	103	2 954 000
1996	9	26 000	13	322 000	15	276 000	47	1215 000	23	950 000	107	2 789 000
1997	6	158 800	27	597 000	17	224 100	50	1408 400	36	1235 500	136	3 623 800
1998	6	236 000	26	570 800	12	291 800	47	1558 300	37	1256 000	128	3 912 900

#### 4.4.13. RÅDGIVING

Å drive fagleg rådgiving om istandsetjing og vedlikehald til eigarar av kulturminne har vore ei viktig oppgåve for kulturvernet. Etter at arkitekturvernåret sette fart i interessa for bygningsvernet og ein også fekk tilskotsordningar for støtte til restaurering, auka behovet for fagleg rådgiving innan bygningsvern for å sikre at istandsetjingsarbeidet vart utført etter antikvariske retningslinjer. I løpet av ein femårsperiode (1976-1981) oppretta fylkeskommunen som nemnt tilskotsordningar for i hovudsak å kunne drive slik rådgiving. Og frå 1990 fekk ein, som ein del av omorganiseringa av kulturminnevernet, ei bygningsantikvarstilling betalt av Miljøverndepartementet som har som ei av sine hovudoppgåver å gi råd vedkomande restaurering av freda bygningar. I teorien har vi tre stillingar som skal ha slike rådgivingsoppgåver i Møre og Romsdal. Men på grunn av stor arbeidsmengde på "nye" område etter omorganiseringa (1. januar 1990) har dei nye oppgåvene delvis lagt beslag på dei stillingane som tidlegare arbeidde med rådgiving, slik at kapasiteten på rådgivingsdelen er langt mindre trass i at behovet er svært stort.

For å "effektivisere" rådgivingsarbeidet der det er mogleg, har vi utarbeidd ein del "standard" rådgivingsmateriell i skriftleg form med illustrasjonar – som hjelp til sjølvhjelp til sakhandsamarar ute i kommunane, eigarar av kulturminne og handverkarar som får i oppgåve å setje i stand og vedlikehalde verneobjekt.

Sidan situasjonen er slik at med berre eit unntak (Sunddal) er kommunane i fylket utan stillingar med kompetanse innan kulturminnevern, må vi i stor grad drive "førstelinje" teneste og gi råd ut til dei som står nærast kulturminna i "kvardagen" ofte med synfaringar på staden og utarbeiding av spesifisert beskrivelse for det konkrete tiltaket. Dette er tidkrevjande arbeid.

Etter at ein fekk tilskotsordningar som ein del av jordbruksavtalen til kulturlandskapstiltak og freda- og verneverdige bygningar i landbruket, har vi arbeidd noko med å byggje opp kulturminnevern kompetansen på dei kommunale landbrukskontora slik at dei tilsette der til ein viss grad kan drive "førstelinje" rådgiving til gardbrukarane i fylket som vil setje i stand verneverdige bygningar og anlegg.

Nokre kommunar i fylket har teke initiativ til samarbeid om å utarbeide byggeskikkrettleiar for eit område. Byggeskikkrettleiarane omhandlar også kulturvern. Til no er det laga byggeskikkrettleiarar for Aure/Smøla/Tustna og for Norddal/Stordal/Stranda. Enkelte kommunar i fylket har også innført byggeskikkprisar som også kan gjevast til verneprosjekt. Fortidsminnesmerke foreininga, avdeling Sunnmøre i samarbeid med Sunnmørsposten har kvart år sidan 1985 delt ut ein "Godt vern pris" til vernetiltak på Sunnmøre.

#### 4.4.14. INFORMASJON/FORMIDLING

"Med lov skal landet byggast" var Magnus Lagabøter sin tanke - Ein kan nok drive kulturminnevern med heimel i eit lovverk - og ei lov er naudsynt for å beskytte trua, verdifulle og uerstattelege verneobjekt. Men for å oppnå forståing for vernearbeidet i samfunnet generelt er det naudsynt med informasjons og formidlingsarbeid. Dette var også eit av satsingsområde i Kulturminneåret 1997: "Bli kjent med dine kulturminne" og "kulturminnestafetten" var viktige informasjons og formidlingstiltak som vi tok del i med stor glede og interesse. Forskarane kallar vår tidsperiode for "den postmoderne tid". I forhold til vern av kulturminne kan vi vere glad for at vi har kome ut av modernismen med si sterke tru på framsteget på alle plan. Den gav lite rom for bevaringstanken. I følgje professor Otto Krogseth har ikkje postmodernismen berre positive sider. Den har i følgje Krogseth medført at folk har vorte overfladiske, egoistiske og forvirra. Opp i denne forvirringa dukkar det no opp spørsmål etter verdiforankring (verdikommisjonar o.l.). Som eit svar på dette spørsmålet har kulturminna noko å gi.

Kunnskap om kulturminne i eigne omgivnader styrker identiteten og sjølvkjensla til folk. Ei bevisstheit om sine røter og sitt historiske miljø med fysiske minne vil i neste omgang føre til ei haldning som gir eit sikrere grunnlag for gjennomslag for "vernetanken". Den beste forma for "vernearbeid" er ofte å gi folket bevisstheit og interesse for sine "eigne" kulturminne.

Medarbeidarane på fylkeskonservatorens sitt kontor brukar ein del av si tid til å halde foredrag og skrive artiklar til tidskrift om kulturminnevern som tiltak i dette arbeidet.

Kontoret har også hatt samarbeid og kontakt med skoleverket og enkelte skolar som har fått til gode ordningar og prosjekt på dette feltet. Sogelaget ved Dalsfjord skule i Volda er heilt spesielt der alle elvar og tilsette ved skolen er medlemmar i sogelaget. Aktivitetane er integrert i undervisninga og inneheld drift av ein husmannsplass med dyrking av korn,

kvern for maling av korn til matlaging i husstell osv., sjøhus og bruk av gamle båtar med roing, segling, fiske osv.

På Kvamsøya i Sande har skolen gjennomført prosjekt der elevane har prøvt å leve på "steinaldervis". I Aure har ei skoleklasse innreidd ein bustad med tidstypiske interiør frå 1960-åra. Dette for å nemne nokre smakebitar.

#### 4.4.15. FRIVILLIGE ORGANISASJONAR I KULTURMINNEVERNET

Kulturminnevernet har enno ikkje greidd å mobilisere like mange medlemmer i frivillige lag og organisasjonar som det tradisjonelle natur- og miljøvernet, men foreiningslivet på vår sektor er faktisk av det eldste i Noreg. Mange av organisasjonane har tatt på seg eit tungt forvaltaransvar som eigarar av kulturminne av nasjonal verdi. I 1994 vart KORG, Kulturvernets fellesorganisasjon, oppretta. KORG har 14 medlemsorganisasjonar med i alt 145.000 einskildmedlemmar og rundt 950 lokale lag. I tillegg til at den einskilde organisasjon har mykje å fare med, ligg det eit stort framtidspotensiale i betre samordning og samarbeid om felles innsats, ikkje minst i Lokal Agenda-perspektiv. I tillegg til forvaltninga av eigedomar og andre kulturminne har foreiningane medlemsmøter, faglege ekskursjonar, gjev innspel og fråsegner og driv informasjons- og formidlingsarbeid, ikkje minst ved bok-, tidsskrift- og trykksakproduksjon. Mange deler ut æresprisar. Kulturminnestafetten i Kulturminneåret 1997 var eit felles løft av 1824 lokale kulturvernlag. Det er utrekna at det kvart år vert lagt ned rundt 1000 årsverk i frivillig kulturvernarbeid i Norge. Dette skulle tilseie minst 50 årsverk berre i vårt fylke. I Møre og Romsdal finn vi desse frivillige organisasjonane:

#### MATERIELT KULTURMINNEVERN

*Fortidsminneforeninga* – Foreiningen til norske fortidsminnesmerkes Bevaring – vart stifta 1844 som ein av Europas første kulturminnevern organisasjonar, og er i dag Europas eldste aktive verneforeining. I åra fram til Riksantikvarembetet vart oppretta i 1912, fungerte direksjonen i foreininga som Kyrkjedepartementet sin rådgivar i antikvariske spørsmål. Årboka for 1993 fortel Foreininga si historie, og er nyttig bakgrunnskunnskap også for dei nyare organisasjonane på feltet. Fortidsminneforeninga har sekretariatet for Den Norske Kulturminnedagen, norsk avleggjar av European Heritage Days. Foreininga har tatt ansvaret for ein del spesielt verneverdige bygningar som har stått i fare for å forsvinne grunna riving eller forfall. Lokalforeiningane i vårt fylke har ansvaret for fire sakrale antikvariske hus:

- Nordmøre avdeling (stifta 1974):  
Kvernes stavkyrkje i Averøy
- Romsdal avdeling (stifta 1975):  
Rødven stavkyrkje i Rauma
- Sunnmøre avdeling (stifta 1982):  
Stordal gamle kyrkje ("Rosekyrkja") og
- prestestova i Stordal

(Før vi fekk lokalforeiningar i fylket, vart aktivitetane her leia frå hhv. Trondheim og Bergen). Fylket har 347 av landsforeininga sine 8113 medlemmar. Landsmøtet 1999 skal haldast i Kristiansund/Averøy.

*Møre og Romsdal Husflidslag* skal styrke den levande husflidstradisjonen ved å stimulere interesse, kunnskap, produksjon og omsetning ved å arbeide for å fremja god norsk hus-

flid kulturelt, sosialt og økonomisk. Visjonen er at det skal vere mogleg for alle som bor i Norge å oppleve gleden ved å skape og bruke gjenstandar med røter i folkeleg tradisjon. Det finst 28 lokallag i Møre og Romsdal, dei fleste stifta dei siste 20 åra. Fylket har eigen Husflidskonsulent og fleire husflidsutsal.

*Landsforbundet av Motorhistoriske Kjøretøyklubber* (1979) skal i ei kulturbevarande ånd fremje samarbeidet og einskaplege haldningar i saker av motorhistorisk interesse. Køyretya skal helst vere minst 30 år gamle, og er då fritekne for års- og omregistreringsavgift til staten. I vårt fylke finn vi Nordmøre og Romsdal Kjøretøyhistorisk Klubb (1983), Storfjordens Automobil Klubb, Veteranvognklubben Ørsta & Volda og Søre Sunnmøre Motorhistoriske Klubb. Medlemstalet i dei største laga ligg gjerne kring 200. Det er om lag 1000 aktive veterankøyretyeigarar i fylket. Nokre er berre direkte tilslutta den eldste organisasjonen: Norsk Veteranvognklubb. Mange tradisjonsrike og pondusfylde bilmerker har sine egne eigarforeiningar, t.d. Nordvestlandets Volvo Veteranbil Klubb (Ålesund) og lag for A-Ford, Packard, MG. AmCar klubbane høyrer med i biletet.

*Rutebilhistorisk Forening* har og lokallag, både for Sunnmøre og Romsdal og Nordmøre. Norges eldste bevarte rutebil, ein Unic frå 1907 som gjekk i rute Batnfjord-Molde, står på Romsdalsmuseet. To tilsvarande lag finst innan Norsk Veteranmotorsykelklubb.

*Norsk Jernbaneklubb* har eiga avdeling for Raumabanen.

#### *Forbundet KYSTEN*

Etter kvart som interessa for vern av kystkulturen har fått "vind i segla" og vakse fram dei seinare åra, har det også vorte bygd opp eit organisasjonsapparat for ivaretaking av denne delen av kulturarven. "KYSTEN – forbund for bevaring og bruk av eldre fartøyer og kystmiljø" vart stifta 1979 med målsettinga "vern gjennom bruk" og har desse 9 laga i Møre og Romsdal, oppreknna etter stiftelsesår: Nordmøre kystlag (stifta 1978 som "Nordmøre forening for bevaring av eldre båtar og fartøyer", endra namn 1981, landsstemnet 1988 var i Kristiansund), Geitbåtens Venner (1991, Tustna, bygde nytt stornaust 1998, har nyhetsbrev og internettservice, god nabo med det kommunale sjøbruksmuseet), Romsdal kystlag (1995, restaurerer og bruker geitbåten "Gamlehampen" og utgir medlemsbladet Rakfjøla), Bjørkedalen kystlag (1994, eig fiskeskøyta "Håkon" frå 1952 og åtte andre båtar), Herøy kystlag (1994), Sunnmøre kystlag (1995), Stene notlag (1997, Averøy, eig og driv musealt notnaust frå 1863), Otnesbrygga veteranbåtklubb (1997) og Straumsnes utrorslag (1998, Tingvoll). Fylket har 473 av dei 8200 medlemmane. I tillegg må på denne sektoren nemnast uorganiserte aktivitetar som geitbåtлага i Frei kommune (Refsholmsskjåka og Geitholmsgeita (kommunal båt), og private samlingar som Bergsøy kystkultursamling i Gjemnes kommune, Fiskerimuseet på Vartdal og Fyrmuseet i Dalsfjord (Volda).

Kystlaga tek vare på gamle småbåtar og sjøhus og ikkje minst tradisjonane og handverka som høyrer med, både på land og sjø. Det vert arrangert veteranbåttreff og kappseilasar. Mat- og kledetradisjon høyrer med. På landsbasis har kvar femte kystlagsmedlem eigen tradisjonsbåt, mange datert til 1700- og 1800-talet.

*Norsk Forening for Fartøyvern*. Dette er ei landsomfemnande foreining stifta 1985 for eigarar av antikvariske fartøyer, definert som båtar over 30 fot med dekk. Av dei 99 medlemsfartøya finn vi 11 i Møre og Romsdal: Frimann (1925, 57'), Heland (1937, 63'), Hindholmen (1916, 110'), Kvalsund (1939, 59'), Lyn (1912, 43'), Rakel (1905, 38'), Solli (1908, 48'), Svanen (1937, 36'), Thorolf (1911, 59'), Aarvak (1912, 113') og Borgegen (1942, 156'). Årsmøta har vore lagt til Håholmen (1986), Hareid (1992) og Kristiansund (1995). Mange andre bevarte fartøyer har valt å stå uorganiserte, m.a. stiftelsen d/s Kværnæs (som alle nordmørs kommunane har eigardelar i) og interessentselskapet "Slukk II".

Kulturvernлага arbeider ofte mest med fysiske skjøtsels- eller restaureringsobjekt og er ofte ikkje organiserte på nasjonalt plan. Det viktigaste i denne kategorien er Storfjordens Venner, og andre eksempel på slike er Hjørundfjord kulturvernlag, Solbakkens venner (gamleskulen på Vigra), Fjørtoftas venner (kulturmiljøet), Flåøyas venner (1997, tek vare på Sunndal kommunes valde kulturminne, ein fiskargard), Steffagardens Venner (Ona), Åsan husmannsplass (Rauma), Hjertøyas Venner (Molde) og Foreningen Mellemværftet (Kristiansund). Turistforeninga i fylket forvaltar ein del eldre turisthytter og setrar med antikvarisk verdi. Einskilde velforeiningar arbeider og mykje med kulturmiljøet sitt, t.d. Øksendalsøra Vel i Sunndal, Øras Vel i Surnadal og Foreninga Gripværingen. Det gjer også mange av musea, jfr. deira fylkesdelplan. Mange museum har store vennelag. Det finst eit enormt tal private "mikromuseum" også i vårt fylke. Blant dei mest interessante finn vi Ørsal si hardingfelesamling i Todalen/Surnadal, Fladmark sitt krigsarkiv i Ålesund. Jevanord si 2. verdenskrigsamling på Åndalsnes og Viken sitt kvendhusmuseum i Frei.

Det kan virke urettferdig å trekkje fram enkeltorganisasjonar i denne samanheng. Men eg tillet meg likevel å nemne nokre for å illustrere noko av det arbeidet som vert gjort. Fortidsminneforeninga er den eldste. Det første lokallaga innan fylket kom ikkje før i 1974, men før den tid var fylket tilslutta avdelingane i Bergen (for Sunnmøre) og Trondheim (for Nordmøre og Romsdal). Foreiningane gjorde på mange måtar eit pionerarbeid og la grunnlaget for kulturminnevernet i Norge. Vi kan nok takke foreininga for at nokre av våre mest verdifulle kulturarvestykke er berga. Ikkje minst gjeld det stavkyrkjene. Ei "svakheit" ved foreiningane i tidlegare tider var vel at dei stort sett rekrutterte dei "kondisjonerte" som medlemmar. Men dette er vel også eit trekk frå vår kulturhistorie som vi må ta til vitande.

Ei foreining innan kulturvernet som har vorte lagt merke til i heile nasjonen er Storfjordens Venner. Det dei har fått til imponerar dei fleste som får innsyn i arbeidet. Dei har teke fatt på ei vanskeleg og krevjande oppgåve: å berge bygningar på fråflytta og vanskeleg tilgjengelege gardar der eigarane ikkje maktar istandsetjing og vedlikehald åleine. Foreininga har sett at dei folka som har rydda og budd på desse stadane vert sett opp til som ein "slitet og djervheita sin adelsstand", og foreininga har fått over 1000 medlemmar. Interesse for laget vert halden vedlike mellom anna gjennom årlege sommarstemne på ein av gardane i Storfjorden. Storfjordens Venner har vist stor dyktigheit i å organisere og gjennomføre restaureringsprosjekt.

Ein av dei nyaste medlemmane i "kulturvernlag-familien" er Hjørundfjord kulturvernlag. Hjørundfjorden har sidan 1978 hatt eit aktivt historielag. Men etterkvart vart oppgåve for mange og vidtfemnande for eit lag. Dei stifta derfor eit eige

kulturvernlag for å ta seg av dei meir materielle oppgåvene. Så kan historielaget konsentrere seg meir om det immaterielle. Dette har vist seg å vere ei heldig løysing. Laga driv godt og har på kort tid medvirka til fleire restaureringsprosjekt i området.

Som nemnt har ein frå slutten av 1970-talet og fram mot vår tid hatt ein sterk framgang for kystkulturen, som før den tid var nedprioritert. Det er gledeleg at denne delen av kulturarven kan få sin rettmessige plass. Ikkje minst har frivillige organisasjonar vore med og bore fram kystkulturen. Arbeidet med å ta vare på, restaurere, bygge og bruke gamle båtar og kopiar av gamle båtar med tilbehør treff tydelegvis ein del av befolkninga som vel dette meir eller mindre som ein "livsstil". Som eksempel kan nemnast Romsdal kystlag med sitt restaurering av "Gamlehampen" og støtte til restaureringa av notnauset på Stene på Averøya, der båten opprinneleg høyrde til.

### IMMATERIELT KULTURVERN

På kystkulturens område må her nemnast Norsk Skipsfartshistorisk Selskap, som arbeider for å stimulere interessa for historia bak skip, skipsfart og sjøfartsmiljø og gjev ut bladet "Skipet". Lokallag finst berre to stader i landet, nemleg i Bergen og i Ålesund. "Nordvest Skipsfartshistorisk Selskap" har 100 medlemmar, og er særleg oppteken av den historiske fiskeflåten.

### Historie- og sogelaga

Desse er vanlegvis organiserte i Landslaget for Lokalhistorie (Trondheim), som gjev ut tidsskriftet "Heimen" og får i stand minneinnsamlingar. Dei skal vekke interessa og auke kjennskapen til lokalhistorie og kulturvern og slik arbeide for å gagne lokal og nasjonal kulturarv. Landslaget har 63 000 medlemmar. I Møre og Romsdal finn vi desse 44 historie, soge- og heimbygd laga: Aukra (utgir "Aukra gjennom tidene"), Aure (stifta 1994, årbok: Tu Aurgjelda), Bud og Hustad, Bøfjorden, Dalsfjord, Eide (1980, utg. Eide-minne), Freiøya (1979), Fræna (1981, utg. Gammalt frå Fræna), Giske (1963, årsskrift), Gjemnes (1992, utg. Gjemnesminne), Halså (1995, både heimbygd lag og historielag), Haram (1972), Hareid (1974, årsskrift), Herøy (1936, utg. Folk og fortid), Hessa, Hjørungfjord (1978, utg. Frå Hjørundfjord), Hovdebygda (1984, utg. Mi gamle grend), Hustad (1980, utg. Gammalt frå Fræna), Larsnes (1995), Midsund (1998), Nesset (1988), Nordmøre (1920, utg. Årbok for Nordmøre), Rindal (1974), Romsdal (1921, årsskrift), Sande (1979, utg. Segn og soger), Skodje (1973, årsskrift), Hamnsund (1992, årsskrift), Stranda (1982, utg. Strandaminne/Bygdeminne), Sula (1992, årsskrift), Sunnmøre (1909, utg. Tidsskrift), Surnadal (utg. skriftserie), Sykkylven (1917), Syvde (før 1973), Tingvoll (1945), Ulstein, Vanylven (utg. Tidsskrift), Vartdalstranda, Vatne (1980, årsskrift), Vestnes, Volda (1911, utg. Voldaminne), Voll (Måndalen og Innfjorden i Rauma), Ørskog (1985, årsskrift), Ørsta (1981, utg. Ørstaminne), Åram. Landslaget hadde i 1993 årsmøte i Kristiansund.

*Dei tre heimbygd laga* (Rindal, Surnadal og Halså) er og organiserte i Noregs Mållag, som elles har 21 vanlege mållag og 3 fylkeslag i Møre og Romsdal.

*Den frilynde ungdomsrørsla* i Møre og Romsdal: Noregs Ungdomslag (1896) har lokallag i mest alle kommunar, totalt 93 lag med 1856 medlemmar i fylket. Dei eig sjølve 42 ungdomshus og partar i 15 andre hus, og dei fleste av desse

husa er hundre år gamle kulturminne i seg sjølve. 35 av laga sett opp teater/revy kvart år og 48 lag driv organisert opplæring i folkedans. Bunadsnemnder, tidsskrift. Landsstetnet 1999 vert halde på Sunndalsøra. Sommarkurs i Ørsta.

*Møre og Romsdal Bondelag* med Bondekvinnelag og Bygdeungdomslag har drive verdifullt kulturvernarbeid i over hundre år, sjølv om fylkesorganisasjonen først kom på plass i 1947, likeins Bonde- og Småbrukarlag, Skogeigarlag og Fiskarlag.

*HIFO Nordvestlandet* er lokalforeininga til Den norske Historiske Forening, og omfemner landet frå Nordfjord til Nordmøre. Oppgåva er å utvikle historiefaget og fremje historisk medvit. HIFO arrangerer seminar og er med på å arrangere verds-kongress.

*Norsk Folkeminnelag* skal drive kulturformidling med folkloristisk fagprofil. Laget verker mest som ein bokklubb, og er fødselshjelpar for å få tradisjonsmateriale ut på prent. Laget har aktive medlemmar særleg på Sunnmøre.

*Landslaget for Lokalhistorie i Skolen* er eit forum for lokalhistorieundervisning og arrangerer sommarkurs og vinterseminar. Robert Søvik i Ålesund var redaktør for bladet "Fotefar" i 10 år frå 1978. Medlemmar har t.d. laga pedagogiske opplegg for Norsk Klippfiskmuseum og Frei kyrkje.

*Landslaget for Lokal- og Privatarkiv* arbeider for å fremje vern og formidling av kommunalt og privat arkivtilfang og har 182 medlemsinstitusjonar i landet. Ivar Braaten ved Aalesunds Museum er fylkeskontakt.

*DIS: Databehandling i slektsforskning* er et sentralt og lokalt forum for bruk av dataverktøy i slektsgranskning, og gjev ut bladet "Slekt og data". DIS Møre og Romsdal vart stifta 1994 og har over 300 medlemmar. Gjev ut "Slekstposten". Lokallag finst i Ørskog, Sykkylven, Rauma, Giske, Eide, Sunndal, Ørsta/Volda, Kristiansund, Ålesund og Molde. Sjå internett: <http://www.disnorge.no/>

*Norsk Slekstshistorisk Forening* (Oslo), Norsk namnelag (Bergen) (for namnevitenskap og namnevern) og Norsk Fotohistorisk Forening har ikkje lokalforeiningar, men driv med tidsskriftproduksjon (TNSF/Genealogen, Namn og Nemne/Nytt om namn) og seminar som kjem mange her i fylket til del.

### 4.4.16. SAMARBEID

Samarbeid er eit viktig stikkord i kulturminnevernet. Sett frå fylkeskonservatoren sin ståstad vil ein seie at ein ikkje hadde fått utretta stort i kulturminnevernet i Møre og Romsdal utan samarbeid med andre.

### SAMARBEID MED OFFENTLEGE INSTANSAR

#### Riksantikvaren

Den viktigaste samarbeidspartnaren sentralt i "statsadministrasjonen" er Riksantikvaren (RA) som er eit direktorat under

Miljøverndepartementet. Etter omorganiseringa av kulturminnevernet og delegering av oppgåver til fylkeskommunane frå 1. januar 1990 har samarbeidet vorte utvida. I dag samarbeider vi mellom anna om fredingssaker, faglege fråsegner i større vernesaker (konsekvensutgreiingar o.l.) og oppfølging av viktige restaureringsprosjekt. Fylkeskommunen gir tilrådingar til tilskotssøknader frå fylket som går til sentral vurdering (hos RA). Riksantikvaren pleiar kontakta og gir fagleg opplæring av "fylkesleddet" gjennom årlege landskonferansar, årlege landsdelsvise samlingar og sentralt lokaliserte kurstilbod.

Dei arkeologiske landsdelsmusea og Bergen sjøfartsmuseum. Etter omorganiseringa av kulturminnevernet i 1990 har vi fått eit formelt samarbeid også med landsdelsmusea og Bergen Sjøfartsmuseum. Dei aktuelle landsdelsmusea er Vitenskapsmuseet i Trondheim (for Nordmøre og Romsdal) og Bergen Museum for Sunnmøre og samarbeidet gjeld automatisk freda kulturminne og marinarkologi (for Nordmøre og Romsdal versa Vitenskapsmuseet). For Sunnmøre har vi eit samarbeid med Bergens Sjøfartsmuseum vedkomande marinarkologi.

Samarbeidet vedkomande automatisk freda kulturminne går ut på at vi gir fråsegner til landsdelsmusea vedkomande søknader om dispensasjon frå Lov om kulturminne (frigiving) og at vi utvekslar ein del korrespondanse vedkomande undersøkingar og funn.

Vi sender over alle arealplanar som kan vedkome marinarkologi til henholdsvis Vitenskapsmuseet for saker på Nordmøre og i Romsdal og til Bergens Sjøfartsmuseum for saker på Sunnmøre.

#### **Planforum**

Planforum er ein fellesarena for alle som steller med plan-saker på fylkesnivået. Møte vert halde ein gong pr. måned. Saker av felles interesse vert gjerne på eit tidleg stadium i ein prosess framlagde og drøfta "uforpliktande". Kommunane i fylket kan melde inn saker og sjølv kome og legge fram "plan-skisser" på eit tidleg stadium i ein prosess, og få førebelse tilbakemeldingar.

#### **Statens vegvesen, vegkontoret**

Samarbeidet går særleg ut på avklaring av kulturminneinteressene i høve til vegplanar. Møre og Romsdal fylkeskommune har ein avtale om å utføre slike tenester for automatisk freda kulturminne mot ei årleg godtgjersle. Som nemnt under 4.4.01.4. er det i gang eit arbeid med ein nasjonal verneplan for vegminner, der fylkeskonservatoren er med i plangruppa på fylkesnivået.

#### **Kulturlandskapsgruppa**

I kvart fylke er det oppretta ei kulturlandskapsgruppe som eit rådgivande organ for fylkesmannen i kulturlandskapsaker. Sekretariatet er lagt til fylkesmannen si landbruksavdeling som også har leiaren for gruppa. Avdelinga er representert både frå jordbruks- og skogbruksseksjonen. Fylkesmannen si miljøvernavdeling er også representert. Frå fylkeskommunen har nærings- og miljøavdelinga og kulturavdelinga kvar sin representant. Frå landbruksorganisasjonane har Møre og Romsdal bondelag, Møre og Romsdal bonde- og småbrukarlag og Møre og Romsdal skogeigarlag kvar sin representant i kulturlandskapsgruppa.

#### **Fylkesmannen**

Fylkesmannen sine avdelingar er meir eller mindre viktige samarbeidspartnarar i kulturminnevernet. Størst "samarbeidsflate" har ein mot miljøvernavdelinga og landbruksavdelinga. Kulturlandskapet er ein viktig "felles arena". Miljøvernavdelinga sitt "kontaktsnitt" mot kulturminnevernet ligg særleg i grenselandet mellom naturlandskap og kulturlandskap. Nasjonal registrering av verdifulle kulturlandskap har vore eit viktig samarbeidsprosjekt.

Landbruksavdelinga forvaltar årleg store summar til fordeling i fylket til tiltak i landbrukets kulturlandskap og til restaurering av freda og verneverdige bygningar i landbruket. Ein har innarbeidd den rutina at fylkeskonservatoren får alle innkomne søknader til gjennomsyn og kommentar før landbruksavdelinga tek sine avgjerder. For dei objekta det er aktuelt, prøver ein å samordne "tilskotsstrategien" frå dei to instansane slik at ein oppnår best mogleg resultat av felles innsats. Saker av prinsipiell karakter eller dispensasjonar frå regelverket for tildeling vert drøfta i kulturlandskapsgruppa på fylkesnivået.

Landbruksavdelinga sine BU-midlar kan også nyttast til tiltak av felles interesse.

#### **Fylkeskommunen, andre avdelingar**

Den næraste samarbeidspartnaren i fylkeskommunen er nærings- og miljøavdelinga. Ein viktig samarbeidsarena er fråsegner til planforslag frå kommunane. Ein god dialog med miljø- og regionalseksjonen som har spisskompetanse i planleggingsfaget kan gi gode løysingar. For utvikling av prosjekt som kombinerar kultur og næring er utviklingsseksjonen ein viktig samarbeidspart.

Utdanningsavdelinga er ein samarbeidspart innanfor utdanning av handverkarar. Fagopplæringskontoret er viktig for å få på plass lærlingordningar i "historiske" fag som tømrrar, skipstømrrar, skipssmed, smed, bødtkar, repslugar, garvarar for å nemne nokre.

Kulturavdelinga har felles interesse med utdanningsavdelinga i vidareutvikling av Landbruksmuseet på Gjermundnes som ein ressursstad for Gjermundnes Landbruksskule.

Byggje- og vedlikehaldsavdelinga er viktig samarbeidspart for ivaretaking av fylkeskommunen sine eigne bygningar med arkitektonisk og/eller kulturhistorisk verdi. Det er viktig at fylkeskommunen går føre med eit godt eksempel.

#### **Kommunane**

Kommunane er ein svært viktige samarbeidspartnarar for fylkesleddet i kulturminnevernet. "Det er i kommunane vi finn kulturminna" for å sitere riksantikvar Nils Marstein. Samarbeidet gjeld fleire områder som overordna planar, reguleringsplanar og andre planar, byggesaker, vernetiltak med fagleg rådgiving og økonomisk tilskot, registreringsarbeid og informasjons- og formidlingsarbeid for å nemne nokre stikkord.

Ei viktig oppgåve i kommunane er kommuneplanlegginga der gjerne administrasjonen er lagt til rådmannskontoret. Så langt fylkeskommunen har kapasitet, prøver ein å gi råd i samband med innpassing av kulturminneinteressene i kommuneplanen.

Også i prosessen med denne fylkesdelplanen er det viktig med eit samarbeid med kommunane for å prøve å komme

fram til ei mest mogleg felles forståing av kva ein skal prioritere i vernarbeidet i kommunane. Når denne fylkesdelplanen er vedteken, vert det viktig å ha ei nær samhandling med kommunane i gjennomføringa av vedtekne tiltak.

### **Kommunane, kultursektoren**

Dei fleste kommunane har eigne hovudutval for kultursektoren og ein større eller mindre kulturadministrasjon. Kulturkontoret er eit viktig kontaktledd for samarbeid med kommuneadministrasjonen og som mellomledd og "brubyggar" mot lokallag av frivillige organisasjonar og innbyggjarane i kommunen.

Kultursektoren i kommunen bør også medvirke til at kommunen utarbeidar kommunedelplan for kulturminnevernet. Sektoren har også høve til å følgje opp ein slik plan mellom anna gjennom eigen tilskotspost for kulturvern tiltak i kommunen som eit supplement til fylkeskommunen si tilskotsordning.

### *Kommunane, teknisk sektor*

Teknisk etat og bygningsrådet er viktige som administrasjon og sektormyndigheit for bygnings- og plansaker i kommunane. Plan- og bygningslova som dei forvaltar gir heimel til både vern og riving. Det er viktig med ein god dialog for at kulturminneinteressene kan verte belyste og tekne omsyn til i saker til handsaming. Teknisk sektor bør også ha interesse av at det vert utarbeidd ein kommunedelplan for kulturminnevernet.

### *Kommunane, miljøvernrådgvivar*

I nokre kommunar har kulturavdelinga hatt fruktbare samarbeid med miljøvernrådgvivar. Det gjeld mellom anna organisering og gjennomføring av praktiske restaureringsoppgåver. Dette samarbeidet synest å vere noko personavhengig og har gjerne kome i stand etter initiativ frå miljøvernleiar.

### *Kommunane, landbrukskontoret*

Samarbeidet gjeld særleg to felt. Det eine er planar for landbruksvegar og nydyrking som kontora er pålagt å sende oss til uttale. Det andre knyter seg til tilskotsordningane til kulturminnevern innan landbruket. Søknadane skal sendast inn til fylkesmannen si landbruksavdeling via dei lokale landbrukskontora. I arbeid med slike søknader er det ein del behov for samarbeid om antikvariske retningslinjer for arbeidet generelt og knytt til konkrete tiltak.

## **SAMARBEID MED ANDRE**

### *Musea*

Musea i fylket har ei stor og positiv kontaktflate til folket i fylket. Dei største musea har også kompetanse på fagområdet kulturminnevern som kjem til nytte også utanom "museums-gjerdet". Særleg har opprettinga av regionkonservatorstillingane styrka dette feltet. Musea kan vere kontaktledd mot eigarar av kulturminne og formidle kontakt, innrapporterte om aktuelle verneoppgåver osv.

Romsdalsmuseet og Volda bygdetun har handverkarar som også kan ta på seg tenester utanom musea mot godtgjersle. Dette er ei positiv ordning som gir moglegheit for å bruk "antikvarisk" handverkskompetanse også på bygningar i privat eige. Det garanterar for rett utført restaureringsarbeid. For Romsdalsmuseet betyr det og at ein har "råd" til å ha to

handverkarar som det til tider er nyttig å kunne bruke i eit samarbeid også på museet.

### *Frivillige lag og organisasjonar*

Frivillige lag og organisasjonar er viktige samarbeidspartnarar særleg i lokalmiljøa for å få til positive tiltak. Eit engasjement frå ein organisasjon kan ofte vere det som skal til for å få til eit samarbeid som fungerer. Organisasjonar kan gå meir eller mindre tungt inn i eit prosjekt, motivere eigarar, gjere arbeid med søknader om tilskot, ta kontakt med kvalifiserte handverkarar, få tak i rett material, sørge for transport, arrangere dugnader osv.

Eksempel på grupper av lag og organisasjonar innanfor kulturminnevernet er: fortidsminnesmerkeforeiningar, kystlag, historielag/sogelag, kulturvernlag, bondelag, bondekvinnelag, 4H-lag.

Turistforeiningane er som nemnt forvaltarar av ein del turishyttar og setrar med antikvarisk verdi. Bygningane vert nytta til overnatting og servering i hovudsak for fotturistar.

### *Privatpersonar*

Direkte samarbeid med privatpersonar som ofte er eigarar av kulturminne er ei vanleg arbeidsform for fylkeskonservatoren som på fleire felt driv "førsteline-tenester" sidan kommunane (med eit unntak – Sunndal kommune med kulturvern-konsulentstilling) ikkje har eigen kompetanse på kulturminnevern. Direktekontakta omfattar motivasjon for vern, rettleiing verneoppgåver og rådgiving om økonomiske støtteordningar o.l.

## 4.5. EVALUERING AV "KVA ER GJORT TIL NO"

### REGISTER

#### AUTOMATISK FREDA KULTURMINNE

Det er i dag utgitt ø.k. kommunerapportar for 14 av dei 38 kommunane i fylket. Manus til ø.k. rapportar er ferdig for sju andre kommunar. Det er laga sokalla "førebels" kommune-rapportar med kartfesting på økonomisk kartverk av registrerte, eksisterande fornminne for sju kommunar. For tre kommunar til (Stordal, Sandøy, Midsund) er det registreringar som kan kartfestast på økonomisk kartverk. For fire kommunar er det gjort kartfesting på økonomisk kartverk av registrerte fornminne, men karta er ikkje mangfaldiggjorte og distribuerte. Dei tre kommunane i fylket som har dårlegast registrering av automatisk freda kulturminne er Tingvoll, Sunndal og Aure. Det er uheldig at ein ikkje har same standard på registra i alle kommunane i Møre og Romsdal.

Ein burde hatt ø.k. register (sjå 3.5.08.) med trykte rapportar for alle kommunane i fylket ordna etter matrikkelen og helst overført til edb.

#### SEFRAK

(Om SEFRAK, sjå 3.5.09.) Kart og skjemaopplysningar er digitalisert og puncha til 1. mars 1999 og vil frå då av vere tilgjengeleg på edb. Det er i Møre og Romsdal registrert 44.788 objekt. Det står att å overføre til edb-medium foto og plan-skisser. Det er ikkje gjort val av metoden for dette arbeidet. Kart- og skjemaopplysningane kan nyttast til oversiktar og tabellar. Her vert opna for nesten ubegrensa moglegheiter for variantar og kombinasjonar av spørsmålstillingar og oversikter.

#### Eksempel:

- I. Kor mange stabbur frå 1700-talet har vi i Møre og Romsdal, i Sunndal kommune, i Gjøra krins i Sunndal kommune?
- II. Vi har fått inn ein søknad om riving av ei stove frå første halvdel av 1800-talet i Ørsta sentrum. Kor mange andre stover frå denne perioden er det i Ørsta kommune, i Ørsta sentrum og kva tilstand er dei i?
- III. Teikn ut kart i målestokk = 1:20.000 som syner kvar det er registrert SEFRAK-objekt i eit gitt geografisk område. Teikn ut kart i målestokk = 1:5.000 som syner registrerte objekt i eit mindre geografisk område med påført kortarkivnummer for kvart objekt. Teikn ut kart som viser geografisk plassering av alle SEFRAK-registerte kvernhus i ei kommune osv.

#### TILTAK AUTOMATISK FREDA KULTURMINNE

Sjølv om det er gjort større og mindre tiltak på ca. 40 objekt/område, står det mykje att. Få stadar har ein fått til den standarden ein ønskjer. Mykje kan endå gjerast på alle objekta. Sjølv på dei stadane der det er best tilrettelagt (som til eksempel helleristningane på Boggestranda, Nesset), bør meir gjerast. Tiltaka er avhengige av godt samarbeid med grunneigarar og kommune, og krev god planlegging før ein set i gang tiltak i marka.

Samarbeid med skolar ser ut til å ha den ekstra gevinsten at elevane lærer om kulturminne i sitt nærmiljø og vert opp-tekne av temaet.

### FREDING

I starten var det dei store praktanlegga som vart freda: handshusa i byane og hus på storgardane i bygdene. Spesielle bygningar med høg alder og/eller rik utsmykking vart prioritert. Eit representativt utval av fylket sin byggeskikk og arkitektur har aldri vore målet for utvelging av fredingsobjekt. Seinare suppleringar har vore for å få på plass viktige og verdifulle kulturminne frå utvalde "kulturområde" som har mangla på fredingslista, eller for å gi betre sikring til statens bygningar. Suppleringane har stort sett vore ut frå nasjonale oversiktar med lokale innspel og høyringar ut frå ulike "kulturområde". Det er ikkje gjort noko vurdering der ein tek for seg eit fylke og lagar ei totalvurdering av kva som bør vere freda i det fylket.

Som vedlegg til planen følgjer ei komplett liste med 142 freda objekt. I tillegg er det og ein beskrivande tekst som seier noko om kva freding inneber, korleis forvaltninga av freda bygg og anlegg fungerer og kva problem og utfordringa ein står overfor i samband med freding av kulturminne.

Kva er det som pr. i dag er freda i Møre og Romsdal? I vedlegget og under punktet 4.4.03, freding i planen er det gjort greie for det. Under 4.4.03. freding er det også teke med ei oversikt i tabell form som her vert kommentert.

Oversikta er særskjematisk, og gir ikkje eit heilt nyansert bilete, men vi kan ane enkelte tendensar. Den gamle norske bondekulturen er særskjematisk representert. Av de 142 objekta på fredingslista høyrer heile 99 objekt heime i gardsmiljø. Av desse igjen er 56 del av vanlege gardsbruk, mens 43 objekt er del av embetsgardar. Blant gardsbygningane er det og ei rimeleg god fordeling mellom våningshus/stovehus og andre bygningskategoriar (stabbur/sengbu/uthus), omlag halvparten av kvar.

Kystkulturen er langt dårlegare representert, med i alt berre 14 objekt, av dei høyrer heile 10 objekt heime på Teistklubben i Fræna som vart freda i 1993. Imidlertid kan også 5-6 av dei kulturminna som er ført opp under andre rubrikkar reknast som kystkultur, mellom anna Herøy Prestegard.

Den urbane kulturen er dårleg representert på fredingslista, med berre 12 objekt, dei fleste av desse er bygardar freda som arkitektur frå det 20. århundrede (jugendstilarkitektur i Ålesund, og gjenreisingsarkitektur i Molde).

Industrielle kulturminne er i dag ikkje representert på fredingslista. Det vart starta opp fredingssak for Hjelens notbøteri i 1994, men saka er førebels lagt til sides av ulike årsaker. Det er laga ein nasjonal plan for bevaring av tekniske og industrielle kulturminne. I denne vert det foreslått å frede følgjande tekniske kulturminne i Møre og Romsdal:

- Oddfred Tokles konfeksjonsfabrikk Isfjorden, Rauma kommune
- Mellemværftet, Vågen Kirklandet, Kristiansund kommune
- Brunsvikens Reperbane Kirklandet, Kristiansund kommune

Det er enno ikkje tatt initiativ til å starte opp freding for desse anlegga. Når det gjeld freding av arkitektur frå nyare tid er som nemnt dette fanga opp i ei rad fredingar av arkitektur frå det 20-århundrede. Dette bør imidlertid supplerast med fleire fredingar for å få eit meir komplett bilete når det gjeld bygningstypar.

Arbeidar- og kvinnekultur er lite representert i fredingslista. Når det gjeld samferdselshistoriske kulturminne vil vi vise til at det er starta opp arbeid med ein nasjonal verneplan for vegar og bruer.

Fredingslista er noko tilfeldig når det gjeld å vere representativ for fylkes sin byggjeskikk. Mellom anna manglar døme på kombinasjonen stavline/lafta tømmer, ein kombinasjon som mellom anna er representert i svalgangssjøhusa på Nordmøre.

Til ein viss grad har ein også freda "bygningmiljø" i form av fleire bygningar, (til dømes gardstun). Ofte omfattar imidlertid ikkje verne miljøet mellom bygningane. Det er også døme på at berre ein av fleire verneverdige bygningar i gardstun er freda, men dei andre bygningane ikkje har noko formalisert vern.

Det er naudsynt med meir grundig gjennomgang for å vurdere i kva grad fredingslista dekkjer andre sentrale vurderingskriteriar, så som "hus som fortel om liv og virke gjennom tidene" og "hus med høg kvalitet når det gjeld handverk og dekor". For Møre og Romsdal manglar vi også ein kritisk gjennomgang av eksisterande fredingslista med tanke på "utluking" av objekt der fredinga burde vore sletta pga. at objektet har tappt verneverdi etter endring av objekt eller omgivnader.

*Konklusjon:* Ein bør foreta ein grundig gjennomgang av fredingslista med to føremål for auge. Ein bør vurdere å stryke bygningar som er sterkt modernisert eller som på annan måte ikkje lenger fyller kriteria/krava for freda bygningar. Dessutan bør ein vurdere nye fredingar med tanke på få fredingslista mest mogleg komplett med tanke på utvalskriteria (representativitet m.m).

#### **Oppfølging/økonomi**

Det har så langt berre vore sporadisk kontroll av vedlikeholdstilstanden til dei freda bygningane. Fylkeskonservatoren foretok ein gjennomgang i 1984 etter oppdrag frå Riksantikvaren. Det er viktig å kome fram til faste og godt fungerande rutinar for jamnleg ettersyn. Som del av ettersynsstrategien bør ein vurdere å utarbeide vedlikeholdsprogram (evt. EDB-program) for dei freda bygningane frå nyare tid. Riksantikvaren har allereie laga eit slikt program for freda mellomalderbygningar. Vi vil samstundes presisere at den noverande tilskotsramma for freda bygningar er alt for knapp i høve til det intensjonen om økonomisk kompensasjon som er nedfelt i Lov om kulturminne (jmfør § 15a og § 17). Ei sterk auke av tilskotsramma er særns nødvendig for at ordninga med freding i det heile skal eksistere. Denne ubalansen mellom tilskot ramme og behov bør og vere ei sterk utfordring til å auke tilskotsramma.

#### **VERN- OG VEDLIKEHALDSAVTALAR**

Avtalane er med på å sikre styring av tiltaka som har fått større tilskot, og forplikte noverande og framtidige eigarar til å ta vare på dei omhandla kulturminna. Tilskotet er med på å gi objektet vernestatus. Bør ein utvikle dette vidare til også å omfatte mindre beløp og også tilskot frå fylkeskommunen? *Arealis-prosjektet* som er under gjennomføring leia av Fylkesmannen er eit forsøk på å registrerar ulike data opp mot kartverket. I prøvekommunane Molde, Fræna (og Rauma) har ein registrert alle objekt som har fått tilskot til kulturverntiltak og kartfesta dei. Dette er ein reiskap som kan utviklast og nyttast.

#### **FORSVAR- OG KRIGSMINNE**


Når det gjeld bygdeborgene, må det vere ein samanheng mellom sikker fagleg stadfesting av realitetane, og sikring gjennom planverket. Det er stor interesse frå publikum når det gjeld dei krigsminna som er tilrettelagt for formidling. På dei fleste aktuelle stadane ligg det godt til rette for å kombinere oppleving av krigsminna med friluftsliv.

#### **TEKNISKE OG INDUSTRIELLE KULTURMINNE**

Innanfor denne delen av kulturminnevernet har ein fått til ein god del i seinare tid. Men endå står mykje att. Mellemværtet er i godt gjenge, men bør få status som nasjonalt fartøyversenter. Brunsvikens Reperbane bør etter kvart overtakast av det offentleg og produksjon av rep bør takast opp att. Milnbrygga er i godt gjenge innanfor museumsvesenet. Ein må samarbeide vidare med eigarane av Hjellens Notbøteri for å finne fram til ein god verneplan for anlegget.

Oddfred Tokles Konfeksjonsfabrikk er i godt gjenge som museum. Innanfor møbelindustrien må det satsast vidare i regi av Norsk Møbelfaglig senter (jfr. revidert museumsplan). I tillegg til objekta i Riksantikvaren sin verneplan, må ein vurdere andre anlegg i fylket av regional verdi.

Oljeindustrien ein av dei siste tilvekstane vi har fått i fylket innanfor denne sektoren. Bransjen er endå som "ung" å rekne, men utviklinga går svært raskt på dette området. Ein bør derfor snarast ta initiativ til å ta vare på denne delen av industrihistoria i fylket.



*Kraftstasjon fra 1928 i Geiranger. Biletet er henta frå SEFRAK-registeret. Foto: Morten Roberg.*

## SAMFERDSELSMINNE

### VEGMINNE

Til no er det noko tilfeldig kva som er verna av vegminne. Ein avventar no kva som vert resultatet av den nasjonale verneplanen for vegar, bruar og vegrelaterte kulturminne. Etter framdriftsplanen vil ein få fastlagt kva som har nasjonal verdi i løpet av år 2000.

### KOMMUNEPLANAR/KOMMUNEDELPLANAR

Oversikta som er utarbeidd (sjå vedlegg side xx) syner at når ein ser bort frå innteikning av freda kulturminne på hovudplankartet, står det heller dårleg til med statusen til kulturminnevernet i kommuneplanane i kommunane i Møre og Romsdal, med nokre hederlege unntak. Her må det arbeidast for ei forbetring:

- Automatisk freda og vedtaksfreda kulturminne er premis for kommunal planlegging og skal takast omsyn til i kommuneplanen sin arealdel. Derfor må alle freda kulturminne innteiknast på hovudkartet til kommuneplanen. Pr. i dag er det 16 kommunar som ikkje har dette på plass.
- Verdifulle kulturmiljø bør bandleggast i kommuneplanen dersom det er realistisk at dei kan regulerast til bevaring i planperioden. I alle høve bør verdifulle kulturmiljø synleggjerast i kommuneplanen sin arealdel.
- Verdifulle kulturlandskap bør synleggjerast i kommuneplanen sin arealdel.
- Spesielt verdifulle kulturminne frå nyare tid (etter 1536) bør inngå i kommuneplanen sin arealdel med retningsliner.
- Det bør utarbeidast eige temakart til kommuneplanen for kulturminne. Berre 13 kommunar har temakart pr. i dag (25 kommunar manglar temakart).
- Det bør utarbeidast eigen sektorplan for kulturminnevern i kommunen. Berre ei kommune har slik plan i dag.

### REGULERINGSPLANAR

*Standard på reguleringsplanar.*

Det er grunn til å sette fokus på den store arbeidsbelastninga ein har i dag med handsaming av plansaker i kulturvernseksjonen. Den største gruppa av plantypar er reguleringsplanar. Seksjonen arbeidar med å forbetre rutinane slik at planbehandlinga vert meir effektiv utan at det går ut over den faglege standarden og kvaliteten på arbeidet. Erfaringane tilseier at det ligg eit forbetringspotensiale i standarden på planmateriale frå ein del kommunar. Ofte manglar eit oversiktskart som synar kvar planområdet ligg i kommunen, og i enkelte tilfeller er plankartet uoversiktleg og utydeleg. Dokumentasjonen om kulturmiljø og kulturminne i planområda er ofte mangelfull eller heilt fråverande.

### Gamle reguleringsplanar

Ein bør vere merksam på at i eldre reguleringsplanar kan kulturminneverdiane vere dårleg ivaretekne. Slike eldre reguleringsplanar bør takast til revisjon når tiltak, med heimel i planen, kan føre til øydelegging eller forringing av kulturminneverdiar, spesielt når ikkje slik forhold vart vurdert før godkjenning av planen. Får ei kommune inn søknad om slikt øydeleggjande tiltak i eit område med ein eldre reguleringsplan med dårleg kulturminne ivaretaking, skal kommunen vurdere mellombels bygge- og deleforbod etter PBL §33 for ein eventuelt godkjenner å sette i verk tiltak.

### Verneplanar/regulering til spesialområde

Eg vel å sjå desse to punkta under eitt då dei har ein nær samanheng. Som nemnt under punktet om kva er gjort til no/verneplanar er det i verneplanane i stor grad snakk om regulering til spesialområde/bevaring. Under punktet om spesialområde er det vist til oversikta over område regulert til spesialområde bevaring i Møre og Romsdal. Oversikta syner at dette "redskapet" er brukt ein del, men kan nok brukast i større utstrekning. Hovudregelen vil nok vere at reguleringsføremålet vert vurdert i samband med at det av ulike årsaker er behov for å utarbeide (eller "fornye") ein reguleringsplan for eit område. Kulturavdelinga vil etter avtalte rutinar få slike plansaker til uttale med høve til å spele inn forslag om regulering til spesialområde. Det må nok vere situasjonen framover også, men det kan vere ynskjeleg at kulturavdelinga vert meir "forutsigbar" på dette området. Slik at kommunane og andre som skal utarbeide reguleringsplanforslag har ei aning om kva som bør vere spesialområde/bevaring. Område som er aktuelt å regulere til spesialområde/bevaring er til eksempel:

- dei områda som ein i denne planen har lista opp som verneverdige kulturmiljø (i kombinasjon med freding etter KML §20), fornminne med omgivnader (evnt. i kombinasjon med freding etter KML §19), kulturlandskapsverdiar, bygningsmiljø, vedtaksfreda enkeltobjekt med tilhøyrande omgivnader og andre viktige kulturminne som treng vern i ein reguleringsplan.

### BYGGESAKER ETTER PLAN- OG BYGNINGSLOVA

Plan- og bygningslova gir som nemnt kommunane langt på veg eit brukbart reiskap til å ta omsyn til kulturminneverdiar også i byggesakshandsaminga ved §74.2. når det gjeld estetiske verdiar, ved bruk av §92, tredje ledd når det gjeld fasadebevaring av bygningar med historisk, arkitektonisk eller annan kulturell verdi og § 107 som gir heimel for vedtekter for skilt og reklame. På dette feltet har nok kommunane i Møre og Romsdal kome ulikt langt, men hovudintrykket er vel at det står mykje att før ein er på eit tilfredsstillande nivå.

### FYLKESKONSERVATOREN I MØRE OG ROMSDAL

Det kan vere vanskeleg å gi ei objektiv evaluering av denne "institusjonen". Det ein sikkert kan slå fast er at etter omorganiseringa av kulturminnevernet i 1990 har oppgåvene auka sterkt. Til å ta seg av dei oppgåvene som vart delegert på ein forsvarleg måte burde vi hatt fire stillingar medan vi til no har fått to. Denne situasjonen med for lite ressursar tilført frå sentralt hald i høve til pålagde oppgåver fører til at vi delvis brukar av den personalressursen som fylkeskommunen sjølv har løyvt midlar til og prioritert til formidlings-, informasjons- og rådgivningsoppgåver, særleg på bygningsvernområdet. I dagens situasjon får arkeologane lite høve til å arbeide med skjøtsel og tilgjengleg-gjering fysisk og kunnskapsmessig til dei automatisk freda kulturminna i fylket. Informasjon og formidling generelt er i dag for sterkt nedprioritert.

### BYGNINGSVERN

For å kunne oppnå gode resultat i bygningsvernet er ein ikkje minst avhengig av handverkarar med god fagkunnskap. Det gjeld både materialkunnskap og kunnskap om tradisjonelle byggemåtar. I tillegg må handverkarane kjenne til antikvariske retningsliner og helst vere motivert for vernearbeid gjennom forståing av verdien av tå vare på kulturarven. Det syner seg at ein handverkar som har "yrkesstoltheit" og får

god nok informasjon om bygningsvern, som regel vert ein god kulturvernar.

Det bør leggst til rette for fleire kurs i tradisjonelt bygningsarbeid i fylket. Eit anna viktig element i bygningsvernet er tilgang på godt og rett byggjetilfang. Etter kvart har det kome til ein del leverandørar av tradisjonelle byggevarer, men det står endå att mykje før alle behov er dekt og dei ein alle-reie har er godt nok kjende.

### Kyrkjer

Ein sær viktig bygningskategori med høg verneverdi er kyrkjene. Forvaltningsansvaret for kulturvern interessene knytt til kyrkjene er lagt til Riksantikvaren. Den største trusselen mot dei gamle kyrkjebygga er brannfaren. Dette har på nytt vorte aktualisert jula 1998 med tapet av Herøy kyrkje med inventar. Kyrjeeigarane bør, i samarbeid med Riksantikvaren, gjere det som er mogleg av førebyggjande tiltak for å hindre brann i kyrkjene. Varslingsanlegg som varslar om feil på elektriske anlegg, røyk og varme bør vurderast saman med tenleg slokkingsutstyr og gode rutinar for bruk og tilsyn.

### TILSKOT

#### *Fylkeskommunen*

Oversikta over fylkeskommunen sin tilskotspost til kulturvern-tiltak syner ei utvikling som ein ikkje kan vere tilfreds med. Søknadsbunkane på i overkant av 100 søknader kvart år viser at behovet er stort. Søknadssummane har i mange år vore på eit heilt anna nivå enn budsjetttramma. Tilskotssummen i budsjettet har hatt ei stigning frå 1976 til og med 1991. Budsjettposten hadde ein god auke frå 1976 til 1981 og ei jamn stigning frå 1982 til 1991 som held tritt med prisstigninga. I 1991 hadde budsjettposten kome opp i kr. 152.000. Men etter den tid har det svinga ein del utan att ein har kome opp på 1991-nivå. Reknar ein årleg prisstiging på 4 % frå 1991 skulle posten med ei slik utvikling i 1998 vore på kr. 200.000 (den er på kr. 82.000).

Det er mogleg at det samordningsgrepet som vart gjort frå og med 1993 i høve til tilskotsmidlar frå Riksantikvaren har ført til at fylkeskommunen sin eigen post har vorte meir "vekk-gøymt" og usynleg, og at ein av den grunn ikkje har lagt så godt merke til at den har minka.

Situasjonen i dag er at opp mot 2/3 av søkjarane får avslag på søknadane sine, og dei søkjarane som får tilskot, får berre heilt unntaksvis ein tilskotssum som er på linje med det ein har søkt om.

#### *Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Landbruksavdelinga*

Som det går fram av beskrivelsen under pkt. 4.4.12., har det dei siste åtte åra vore fordelt til saman over 21 mill. kroner til kulturverntiltak innan landbruket i Møre og Romsdal. Samanlikna med ordninga som er omtalt over, gir landbruket si ordning langt større moglegheit til å imøtekome søknadene på ein tilfredsstillande måte. Talet på potensielle søknadsobjekt er langt mindre (i hovudsak berre til gardsbruk i drift) og budsjettposten er tre/fire gonger så stor. Det er viktig at desse midlane vert fordelt til dei "viktigaste" tiltaka og at istandsetjingsarbeidet også her vert utført etter antikvariske retningslinjer.

Tilskottsmidlane til spesielle tiltak i kulturlandskapet og til freda og verneverdige bygningar i landbruket har ført til at mange tiltak er sett i gang. Midlane er finansiert over

Jordbruksavtalen og er dermed ein del av bøndene si "inntekt". Dette gir tyngde og status til ordninga.

Ordninga har utan tvil ført til eit større medvit hos bøndene om kulturminneverdiar innanfor landbruket, både når det gjeld kulturminne som ikkje inngår i drifta og freda og verneverdige bygningar som ein del av drifta på garden. Restaureringstiltak har også ein smitteeffekt i lokalmiljøet – når eitt tiltak har fått støtte, kjem det gjerne fleire frå same område. Ordninga har også eit krav i seg om aktivt engasjement frå brukarane sjølve. Dersom ein ser på kulturminne som verdfullt, vil det krevje noko av ein sjølv, men så skal ein samstundes få hjelp.

Under 20 prosent av søknadene får avslag. Grunnen til avslag, er mellom anna lite gjennomarbeidde søknader og søknader som fell heilt eller delvis utanom forskrifta. Gode søknader har fått maksimalt tilskot, inntil 70 prosent.

Ein ser gjennomgåande gode prosjekt der landbruks-, miljø- og kulturetaten i kommunane går saman om planlegginga. Også kunnskapen i desse etatane er blitt betre etter som ordninga er blitt betre kjend.

Ein føresetnad for tilskota er at desse skal gå til gardsbruk i drift. Fylkesmannen har likevel hatt høve til å gje dispensasjon frå forskrifta. Dette har gjort at ein har kunna gje tilskot til blant anna viktige kulturminne som Blomberg og Ytste Skotet i Storfjorden. I den seinare tida er det varsla ei innstramming frå avtalepartane i jordbruket når det gjeld høvet til å gje dispensasjon.

Det er krav om ekstern finansiering (30 prosent) når det gjeld deltiltaka ferdsel og kulturminne. Her kan for eksempel kommunen eller organisasjonar gå inn med midlar. Mange søknader har ikkje hatt den nødvendige eksterne finansieringa, og er derfor blitt avslått. Her burde fleire kommunar gå inn med den nødvendige finansieringa eller organisering av dugnad for å få tiltaket gjennomført.

Ein bør framover satse meir på samarbeidsprosjekt der grunneigarar og andre interessentar går i lag om å restaurere og ta vare på kulturminne. Slike samarbeidstiltak kan skape engasjement lokalt, og vere med på å oppvurdere verdien av kulturminne i landbruket.

Det må også satsast vidare på oppbygging av kunnskap hos bøndene. Meir kunnskap gir større medvit om kva verdiar landbruket er sett til å forvalte. Større bruk av etterutdanningsmidlane innanfor landbruket kan vere eitt verkemiddel. Samstundes vil det vere bruk for eit forum der handverkarar og bønder kan utveksle erfaringar med for eksempel istandsetjing av gamle bygningar.

Også midlane til bygdeutvikling (BU midlane) er i ein del tilfelle nytta til restaurering og istandsetjing av kulturminne. Særleg gjeld dette eldre bygningar som er brukt i reiselivssamanheng i kystområda.

### Kommunane

Kommunane er i varierende grad inne og gir tilskot til kulturverntiltak, men hovudintrykket er at det er lite midlar frå kommunane til slike tiltak. Også her er heldigvis nokre "hederlige" unntak. Ein kunne ønske seg at kommunane var inne og tok seg av tilskot til tiltak av meir lokal verdi (lokale tiltak) og at fylkeskommunen kunne konsentrere sine midlar om tiltak med regional verdi.

### Rådgivning

Rådgivingsarbeidet er prega av behov for individuell tilpassing til kvar enkelt sak. Men for enkelte oppgåver kan det funge å nytte standardmateriell. I nokre situasjonar kan ein



"Byvandring" i Ålesund. Biletet er utlånt frå Sunnmørsposten. Foto: Roger Engvik.

kombinasjon av standard materiell og individuelle tilføyningar vere tenleg. Ein ser derfor for seg at det er behov for utarbeiding av meir standard rettleiingsmateriell.

Ein bedre kompetanse om kulturminnevern i kommunane ville føre til eit meir desentralisert "førstelinje-arbeid" som kunne gjere kapasiteten større. Det er viktig å nå fram til dei rette personane som har direkte kontakt med eigarar, brukarar av kulturminna og handverkarar som utfører istandsetjingsarbeidet. For dei personane som skal drive slikt arbeid i kommunane er det viktig å vere bevist på sine eigne "begrensningar" slik at ein ikkje tek på seg oppgåver ein ikkje har kompetanse til.

### INFORMASJON/FORMIDLING

Erfaringane syner at dette er eit viktig felt å utvikle og satse på for å nå fram med kulturminnevernet. I dette arbeidet vil ein også kunne få med seg mange gode medarbeidarar og "ambassadørar" dersom ein når ut med god informasjon som også kan "bærast" vidare. Dersom informasjons- og formidlingsarbeidet vart godt nok, ville resten av vårt arbeid nesten verte overflødig. Dit kjem vi nok ikkje med våre ressursar.

Det er mange frontar ein kunne ha gjort ein betre jobb på og mange målgrupper som ein burde ha nådd betre. Ein har i mange høve opplevinga av at vi i vårt arbeid ofte berre møter dei som allereie er "overbevist" og at ein kanskje må gå utradisjonelle vegar for å nå fram med budskapet.

Dei mange by- og bygdevandringane som har vorte arrangert i seinare år (ikkje minst etter førebilde av Harald Grytten sine byvandringar i Ålesund) har hatt "lav terskel" og stor oppslutning. Det er ikkje tvil om at den type arrangement set kulturminnevernet på dagsorden og er haldnings-skapande.

Fylkeskonservatoren sit nok inne med ein del viktig informasjon som gjerne skulle ha vore formidla til publikum. Vi ser at avisene i fylket ofte saksar frå "nøkterne" fagrapportar som vi sender til kommunar og andre. Dersom vi hadde ressursar til det, ville omarbeiding til "populærversjonar" av ein del av dei mange fagrapportane vi lagar, vere interessant stoff for dei

aktuelle lokalmiljøa dei omhandlar. Det kan vere rapportar frå arkeologiske registreringar, restaureringsprosjekt, synfaringar o.l. Samarbeid med frivillige organisasjonar og skoleverket viser seg å vere fruktbart, og bør vidareutviklast.

### FRIVILLIGE ORGANISASJONAR I KULTURMINNEVERNET

Oversikta under statuskapittelet syner at vi har eit stort organisasjonsapparat som arbeider med kulturminnevern i Møre og Romsdal. Nokre arbeider i "snevre" felt av kulturminnevernet, medan andre femner vidare både tematisk og geografisk. Felles for alle er at dei gjer ein uvurderleg god jobb kvar på sin plass og utfyller kvar andre på mange måtar. Samarbeidet mellom dei ulike organisasjonane kan nok utviklast. Den nye tilveksten, KORG er ei lenge etterlengta felles overbygging for heile fjorten organisasjonar på landsplan. Ein manglar i dag ei fellesoverbygging for dei frivillige organisasjonane innan kulturvernet i Møre og Romsdal.

### SAMARBEID

Samarbeid er viktig for å kunne oppnå resultat også innan kulturminnevernet. Sjølv om ein har eit godt samarbeid på mange felt, vil det alltid vere forbettringspotensiale. Eg vil prøve å peike på område som etter mi vurdering kan forberast. Omtalen er ordna i same rekkefølge som i statuskapittelet.

### Riksantikvaren

Med sine rutinar med vår årlege rapportering til RA og årlege samlingar har vi gode kanalar for også å kunne ta opp ønske om forbetringar i samarbeidet. Informasjonsflyten oss i mellom kan nok verte endå betre.

### Dei arkeologiske landsdelsmusea og Bergen sjøfartsmuseum

Vi har ikkje fått oppretta faste rutinar for jamlege møter mellom oss og desse institusjonane. I januar 1998 vart det etter initiativ frå Bergen Museum halde eit møte mellom representantar for muset og dei fylka som soknar til museet (Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane og Hordaland). Møtet var nyttig for alle partar og bør vere eit årleg tiltak. Vi bør også be om å få til tilsvarande for Vitenskapsmuseet sitt distrikt (Møre og

Romsdal, Sør-Trøndelag, Nord-Trøndelag og Nordland). Også i høve til landsdelsmusea bør informasjonsflyten verte betre. Det er særleg viktig å tilstrebe ei mest mogleg felles fagleg haldning overfor kommunar og andre.

### **Planforum**

Det kunne vere ønskeleg med større kontakt med kommunane gjennom eit relativt uformelt "Planforum". Eg har inntrykk av at kommunane kunne ha brukt moglegheita som ligg i planforum betre. Vi har nok eit kapasitetsproblem med våre mange kommunar av avgrensa tid dersom dette skulle bli populært, men førebels ser det ut til å vere god tidskapasitet.

### **Statens vegvesen, Vegkontoret**

Vegvesenet er ein stor og "tung" etat som kanskje ikkje har den beste kultur og tradisjon for samarbeid overfor instansar som i varetek "mjuke verdiar". Men i dei siste åra har vi sett ei klar haldningsendring som særleg har starta frå sentralt hald (Vegdirektoratet) og smitta nedover i organisasjonen. Avtalen vi fekk etablert frå 1990 om godtgjersle for ivaretaking av fornminneinteresser i samband med vegplanar har i hovudsak fungert akseptabelt. Men han må kunne vere gjestand for evaluering og eventuell justering. Deltaking frå kulturavdelinga i arbeidet med nasjonal verneplan for vegminne er positivt for å styrke kontakt og samarbeid. Vegvesenet er flink med severdigheitsskilt og estetisk gode avslutningar av veganlegg.

### **Kulturlandskapsgruppa**

Kulturlandskapsgruppa i Møre og Romsdal bør kunne utviklast til noko meir enn den er i dag, då den fungerer på eit "minimumsnivå". Eksempel i andre fylke syner at her ligg eit utnytta potensiale til betre samarbeid.

### **Fylkesmannen**

Overfor miljøvernavdelinga ligg det til rette for å utvikle samarbeidet på fleire felt. I første omgang er det samarbeid om miljøoppsynet som kan vidareførast. Ei meir felles haldning til spørsmål om gjenreising av bygningar i viktige landskapsområde bør kunne utviklast.

Fylkeskommunen si kulturavdeling såg gjerne at ein fekk til større grad av samarbeid med landbruksavdelinga. Ein har mellom anna felles interesse i å bygge opp betre planleggings- og handverkarkompetanse for å "kvalitetssikre" istandsetjingsarbeid som vert utført med tilskot frå det offentlege.

### **Fylkeskommunen, andre avdelingar**

Når det gjeld samarbeid med nærings- og miljøavdelinga er samarbeidet med miljø- og regionalseksjonen er brukbart, men kan nok utviklast vidare.

Å motivere kommunane til høgare standard på "plandokument" som vert sendt på høyring bør vere eit aktuelt samarbeidstiltak. Ein har allereie innført eit standard planomslag med sjekklister som ein har bedt kommunane om å bruke. Etter ei tid med erfaringar er vurderinga den at omslaget nok kan forbeholdast (jfr. eksempel Oppland) og det er langt frå alle kommunane som nyttar omslaget. Det bør bli obligatorisk. På sentralt hald er ansvaret for tettstadsutviklingsprosjekta overført til Riksantikvaren. I tråd med den omlegginga vil det vere naturleg med eit nærare samarbeid mellom tettstadskoordinatoren og vår afdeling.

Overfor utviklingsseksjonen har samarbeidet kome kortare. Ein ser for seg at det er behov for eit nærare sam-

arbeid om tiltak som kombinerar kultur og næring. Ivaretaking av fylkeskommunen sine eigne bygningar med arkitektonisk og/eller kulturhistorisk verdi er eit felt som treng betre rutinar og eit tettare samarbeid mellom bygge- og vedlikehalds-avdelinga og kulturavdelinga. Det kan vere vanskeleg for kulturavdelinga å pålegge andre å følgje antikvariske retningslinjer i istandsetjing av bygningar når ikkje fylkeskommunen sjølv "går føre med eit godt eksempel".

### **Kommunane**

Kommunane er ein viktig part for samarbeid og samhandling med fylkeskommunen når det gjeld kulturminnevern.

Det er særleg overfor kulturkontoret, teknisk etat og i nokre kommunar miljøvernleiaren ein har samarbeid. I seinare tid har også dei kommunale landbrukskontora kome til i samarbeidet. For å få til samarbeid er ein avhengig av at kontora har "mannskap" til å ta seg av fagfeltet. Største mangelen i kommunane finn ein på kultursektoren. Ein del kommunar burde hatt betre bemanning. Arbeidet på eit kommunalt kulturkontor spenner over eit stort "interessefelt". Prioriteringane av dei ulike felta kan nok vere noko personavhengig. Frå teknisk etat mottek vi årleg svært mange reguleringsplanar o.l. Det bør vere av felles interesse å samarbeide om å heve standarden på "plandokument". Ei forbetring på nokre punkt ville lette arbeidet vårt ein god del (jfr. samarbeid med nærings- og miljøavdelinga).

### **Musea**

Kulturavdelinga har sjølv sagt eit nært samarbeid med musea. Her er eg særleg opptatt av det som vedkjem kulturminne på rot utanom museumsgjerda.

Dei nye regionkonservatorstillingane har ført til at ein har fått eit nytt "kontaktledd" mellom eigarar og brukarar av kulturminne og fylkeskonservatoren. Regionkonservatorane vil og kunne avlaste fylkeskonservatoren i ein del oppgåver også utanom musea.

Erfaringane med ein "overkapasitet" på handverksida på musea som gir rom for å selje fagtenester på høgt kompetansenivå utanom musea er gode og bør vidareutviklast. Ordninga gir høve til å nytte handverkarar med "antikvariske prinsipp" "under huda" til arbeid på verneverdige bygningar ute i "kommunelandskapet", noko som vil garantere for fagkvalitet på arbeidet. Samarbeidar museumshandverkarane med "lokale" handverkarar på slike prosjekt, vil ein også få ein "smitteeffekt" som er gunstig når det gjeld å formidle kunnskap om og haldningar til antikvarisk arbeid..

For Søre Sunnmøre har ein ei halv regionhandverkarstilling knytt til Volda bygdetun. Handverkaren har vore brukt til restaurering av eldre museumsbygningar i regionen, men også i nokon grad til prosjekt utanom musea. Dette har vit seg å vere ei god ordning som burde vidareutviklast og utvidast.

### **Frivillige lag og organisasjonar i kulturminnevernet**

Ein har i hovudsak gode erfaringar med samarbeidet med frivillige lag og organisasjonar. Kulturavdelinga burde arbeide meir for å "lære opp" medlemmane i kulturvernarbeid. Mellom anna kunne det vere nyttig å formidle kva som er antikvariske retningslinjer i vernearbeid. Ei nær kontakt mellom lokale lag og organisasjonar og kommuneadministrasjonen har synt seg å vere fruktbart. I ein del samanhengar hadde det vore ein fordel å ha ei fylkesoverbygging for organisasjonane.

## 4.6. UTVIKLING INNAN ANDRE SEKTORAR SOM BERØRER VERN AV FASTE KULTURMINNE

Med faste kulturminne er her meint kulturminne som framleis eksisterar i sitt opprinnelege miljø. Kulturminna tilhøyre også det moderne samfunnet, og må fungere som ein del av dette samfunnet. Utviklinga innanfor andre sektorar i samfunnet har derfor direkte eller indirekte innverknad på kulturminnevernet.

### 4.6.01. LANDBRUK

Landbruket har i løpet av dei siste hundre åra gjennomgått sterke endringar i driftsformer. Enkelt sagt har utviklinga teke to vegar:

1. Ei stadig sterkare rasjonalisering og effektivisering med meir intensiv bruk av jorda på innmarka.
2. Ei ekstensivering med mindre bruk av utmarksressursane.

*Intensivering:* Auka krav til effektivisering har ført til større, samanhengande jordvidder. Kulturminne som til dømes gamle grensemerke og rydningsrøyser er gått tapt. Arkeologiske kulturminne har ofte forsvunne ved oppdyrking.

*Ekstensivering:* Mindre beiting i utmark og hamnehagar har ført til gjengroing. Mange av landbruket sine kulturminne finst nettopp i randsona mellom dyrka mark og utmark. Dei moderne driftsformene med intensiv drift på innmarka utelet bruk av kvernhus, sommarfjøs, høyløer og setrar. Ein stor del av desse bygningane er alt blitt borte eller er til nedfals.

Utviklinga har også hatt store konsekvensar for bygningane på gardane: Driftsbygningar er blitt modernisert eller rivne. Ofte er utforminga i strid med lokal byggeskikk. Krav om større plass og betre komfort har gjort at mange gamle bustadhus er blitt modernisert. Dette er blitt gjort utan at det er teke omsyn til dei antikvariske verdiane. Nye bustadhus er bygd inn i tun utan tanke på tilpassing og heilskap. Utviklinga dei siste 20 åra, der miljøvernarbeid er slått fast som eit hovudprinsipp, har gjort at landbruket er blitt sitt sektoransvar bevisst. Fleire milepælar har ført til auka bevisstgjering innanfor landbruket endra ved at det gjennom ordninga over Jordbruksavtalen vart stilt krav til bonden om ein miljøretta bruk av kulturlandskapet.

For å få utbetalt produksjonstilskott, må bonden ta miljøomsyn i drifta si. Gjennom aktiv drift skal bonden skjøtte, halde vedlike og utvikle kulturlandskapet. Dette inneber blant anna at åkerholmar og gamle rydningsrøyser ikkje skal dykast opp.

I tillegg kan det gjevast midlar til skjøtsel av kulturlandskapet ut over vanleg landbruksdrift. Tiltak i samband med dette er bevaring av biologisk mangfald, fremje tilgang til kulturlandskap, halde gamal kulturmark i hevd og bevaring av kulturminne/kulturmiljø.

Gjennom ordninga med tilskott til freda og verneverdige bygningar har ein kunna ta vare på eldre bygningsmasse på gardane og bruke den i næringsverksemd. På denne måten har ein kunna berge verdfulle bygningar som elles hadde stått til nedfalls.

I forskrift om hald av storfe er det krav om beiting av dyra. Dette inneber at beitemark igjen kjem i bruk og gamalt kulturlandskap kan bli halde i hevd.

Landbruket er berar av store kulturverdiar, og næringa har forplikta seg til å forvalte desse ressursane på ein tenleg måte. Ein føresetnad for at desse kulturverdiane skal bergast,

er eit levande landbruk. Berre gjennom aktiv drift kan kulturminna takast vare på.

### 4.6.02. FISKE OG FANGST

Innan fiske og fangst står kulturminne i fare på grunn av drifts-omleggingar. Nye produksjonsformer og regelverk i fiskeforedlingsbransjen gjer at gamle brygger/pakkhus vert uegna, går ut av bruk og blir ståande tomme. Den stadig større overgangen frå sjøverts til landverts ekstern transport, gjer det turvande med utbetring av vegframføring til sjøhusa. Dette inneber ofte store og uheldige inngrep i kringliggande, verneverdige miljø. Naust og rorbuer vert ståande tomme. Enkelte slike sjøhus vert tekne i bruk til fritidsføremål. Heile fiskevær blir avfolka, og verneverdige bygningsmiljø knytt til den tradisjonelle kystkulturen er derfor trua. I den seinare tid har frivillige organisasjonar og antikvariske instansar sett søkelys på kor viktig det er å verne om gamle sjøhus, farty og fiskereiskap som historieforteljande kulturminne frå kystkulturen.

SAVOS (Samarbeidsrådet for Vest- og Sørlandet) har sett kystkultur på dagsorden og arrangerar ei rekkje seminar med kystkultur som tema.

### 4.6.03. INDUSTRIVERKSEMD

Naudsynt vekst og modernisering innan ulike industriverksemdar har ført til store direkte og inndirekte inngrep i eldre, verneverdige bygningsmiljø i industrianlegg og i anlegga sitt naboskap.

Bygningsmessige utvidingar resulterer i at verneverdige bygningar enten vert sterkt endra eller må rivast. Auka aktivitet/bruksintensivering påfører omgivnadane miljømessige skadar, t.d. ulemper for bumiljøet. Naudsynt opprustning av vegstandard kan og føre til riving av verneverdig busetnad. Auka krav til industribygningar sin funksjonsdyktigheit gjer at eldre, verneverdige industribygningar og produksjonsutstyr vert ståande tomme.

I den seinare tida har Riksantikvaren gitt vern av tekniske kulturminne høgare prioritet (jfr. verneplanen frå 1994). Ein del verneverdige industrilokale er verna gjennom bruksendring til kontor, museumslokale o.l.

### 4.6.04. VAREHANDEL

I tida etter 1970 er stadig fleire av dei små nærbutikkane nedlagde til fordel for sentrale storbutikker og supermarknader. Tradisjonelle butikkar av typen landhandel/krambu er no eit særsyn. Landhandelen spela ei viktig sosial rolle i lokalsamfunnet som dei moderne butikkkane ikkje kan fylle. Dei gamle nærbutikkane fungerte m.a. som møteplass der ein kunne møte naboar og sambygdingar for å slå av ein prat, frette nytt og vise interesse og omsorg for kvarandre. Kundeservicen var og på ymse vis betre med meir direkte og mellommeneskeleg kontakt mellom kjøpmann og kunde. Kulturhistorisk er dei gamle krambuene interessante, både som vitneprov om daglegvarehandelen i tidlegare tider og som viktig del av bygdesamfunnet sin sosiale struktur. Dei gamle handelsstaden er eit interessant er eit interessant kapittel i

bygde-Norge si handelssoge. Lokaliseringa avspeglar også korleis kommunikasjonane var. Ofte vaks det opp små tettstadar kring handelsbuda på landsbygda, og landhandelen spelar dermed ei sentral rolle i utviklinga av tettstadane våre. Lurvika i Aure er eit godt døme på bevaring av ein slik handelsplass.

#### 4.6.05. REISELIV

Kap 4.1.03 gjer greie for framveksten i reiselivsnæringa her i fylket frå midten av 1800-talet. Den dramatiske vestlandsnaturen og naturressursane lokka norske og utanlandske turistar til Møre og Romsdal. Reiselivsnæringa har sidan med skiftande grad av tilrettelegging vore ei viktig næring i fylket; først i dei indre områda av fylket med fjord og fjell, seinare også i kystdistrikta med båtliv og sjøfiske. Turistnæringa har i sin tur drive fram andre aktivitetar. Ei rekkje faste, meir og mindre iaugefallande, (og lause) kulturminne har sin bakgrunn i framveksten av reiselivet som næring. Ulike overnattingsstader har vorte bygd. Hotella som vart bygde i tiåra kring århundreskiftet i karakteristisk sveitserstil og med fleire etasjar, vart ofte plassert innerst i fjordarmar. Eit særferenomen er jakt- og fiskehyttene som vart reist rundt om t.d. på Nordmøre, ofte eit stykke oppe i fjellet, for å huse mellom anna engelske lakselordar. Campinghytter har i nokon grad vorte reist etter krigen. Tilknytninga til samferdselsutviklinga er ikkje minst viktig; båt- og ferjetrafikken, skysstrafikken med bil og buss og drifta av desse med tilhøyrande verksemder har sett spor. Også småhandel med suvenirbutikkar og tidleg kraftproduksjon kan sporast til reiselivet sine behov. I vår tid har turistskipa vorte stadig større og aktualiserar planar for kaiutviding i fleire kommunar. Tuoperatørane tilbyr ruteopplegg i kombinasjon med buss. Bublurismen inneber ei ny type utfordring kva gjeld overnatting og sanitærtilbod. Utleiehytter med ein viss standard er attraktive tillegg til jordbruksnæringa langs fjorden og på kysten.

Dei som er att av dei gamle hotellanlegga frå turismen sin barndom er på ulike måtar trua av øydande ombygging og forfall. Sterk vekst innan hotellnæringa og strengare reglement for hoteldrift har ført til at fleire av hotella dei siste tiåra har fått skjemma eller har vorte moderniserte for å kome i møte dagens hotellreglement, brannkrav og krav til komfort. Andre hotellbygningar har gått ut av bruk og forfell så lenge ikkje ny bruk gir grunnlag for vedlikehald og drift (t.d. Sjøholt). Vi har likevel dei siste 10-15 åra sett ein tiltakande vilje til å føre vidare dei antikvariske, kulturhistoriske og identitetsberande verdiane som dei gamle hotellanlegga representerar, m.a. ved å avpasse drifta etter dei bygningsmessige føresetnader (t.d. Union hotell på Øye).

Jakt- og fiskehyttene, gjerne av mindre dimensjonar, er ofte overtatt av turistforeiningar eller kristne organisasjonar og fungerer som turisthytter eller leirstader. Dei fleste er tatt i vare på ein antikvarisk tilfredsstillande måte.


Vi ser og døme på at gamle, verneverdige bygningar som opphavelag har hatt ein annan funksjon, blir tatt i bruk og haldne vedlike gjennom etablering av hotell-/pensjonatdrift (t.d. Ringholmen). Andre stader kan småskalareiselivsanlegg med tilrettelegging for t.d. rorbudfunksjonar endre karakteren av naustmiljø/sjøhus på ein uheldig måte.

Interessa i vår tid for tilrettelegging for «aktiv» ferie synest å føre med seg utbyggingsbehov (overnattingskapasitet/aktivitetstilrettelegging) i eit omfang som lett sprenger ramma for eit berekraftig vern av kulturhistorisk interessante miljø. Store turistmagnetar krev arealdisponering særleg med omsyn på trafikkavvikling som også kan gå ut over heilskapen i viktige kulturmiljø. Potensialet for handelsverksemd aktualiserer forretningsutbygging med liten grad av innordning i kulturmiljøet sin skala eller struktur.

Mindre iaugefallande bygningar og anlegg slik som 50-talets campinghytter eller kioskar har fått lite merksemd og er i ferd med å forsvinne til fordel for større og meir komfortable tilbod.



Lurvika handelsstad i Aure kommune. Biletet er henta frå fylkeskonservatoren sitt arkiv. Foto: Christ Allan Sylthe



Noregs første "trafikkmaskin", Knuten bru i Geiranger, Stranda kommune. Biletet er henta frå fylkeskonservatoren sitt arkiv.

#### 4.6.06. SAMFERDSEL

I fjord- og kystlandskapet i Møre og Romsdal har landevegen i dette århundre etter kvart overtatt som den dominerande ferdselsåra i alle høve når det gjeld persontransport. Heilt fram mot andre verdskrig var fjorden den viktigaste ferdselsåra innanfor regionen. Dampbåten var det viktigaste bindeleddet mellom bygdesamfunna langs dei mange fjordarmene i Møre og Romsdal, og dampskipskaia med kaihus har vore eit viktig knutepunkt i mange lokalsamfunn. Havet var bindeleddet langs kysten sørover til Bergen og nordover til Trøndelag og Nord Norge og ut av landet. Hurtigruta med sine kaiar har gjennom 100 år vore særskild viktig både for person- og godstrafikken langs kysten og spelar framleis ei rolle viktig rolle. I dag har vi også hurtigbåttilbod på strekningar innanfor eller ut av fylket.

Over land har ferdselen til fots eller med hest frå gamalt følgd kløvveggar over fjellet. Med etableringa av eit folkeskulesystem auka behovet for vegar mellom spreiddbygde gardar og dei tettare bygdene. Omlegging av mjølkproduksjonen på gardane over til levering til meieri har vore ein drivande faktor i utbetring av køyreveggar. Den gamle postvegen frå Bergen til Trondheim er det første overordna landevegssambandet langsetter landet gjennom fylket. Overgangen til landevogs transport med bil og buss og vegen som den sentrale ferdselsåra har særleg skjedd etter siste verdskrig med igangsetting av store vegbyggingsprosjekt. Knutepunktfunksjonen og grunnlaget for framveksten av tettstader vart flytta frå dampskipskaia til sentrale vegknutepunkt, men ferjekaiar har framleis vore bindeleddet mellom land og sjø. Kaiar og kaihus er viktige faste kulturminne etter ferdselen med båt. Særskilte interessante vegtekniske kulturminne finn ein att etter kjerrevegar og den tidlege framveksten av biltransporten; tradisjonelle brukonstruksjonar som steinkvelvingsbruer og forstøttingsmurar i naturstein o.l. Også mindre anlegg som mjølkkerampene bør ha kulturhistorisk verdi.

Med bygginga av Raumabanen på 1920-talet har også jernbanen sett spor etter seg i fylket. Den nyaste infrastrukturen innanfor samferdselssektoren er utbygginga av fire flyplassar på 60- og 70-talet lokalisert nær til dei største befolkningskonsentrasjonane i fylket og i ope landskap i ytre og midtre delar av regionen.

Romsdalen har vore det viktigaste sambandet mellom aust og vest og er sentral samferdselshistorisk frå 1850-åra; den gamle vegen over til Lesja, samanhengande struktur av skyss-stasjonar, jernbanen og skipstrafikken ut fjorden.

Med endringa i samferdselsstrukturen har kulturminne som er knytt til tidlegare tider av samferdselssoga vorte forsumt. Dampskipskaia har mista sin funksjon som knutepunkt og møteplass, og kaia med tilhøyrande bygningar forfell og blir borte eller har vorte erstatta av nyare kaianlegg. Gamle veganlegg med bruer og liknande blir ståande ubrukte og går tapt som kulturminne på grunn av manglande vedlikehald. Den eksplosive veksten i privatbilismen og den store satsinga på opprusting av vegnettet med nye produksjonsmetodar og byggjemateriale har ført til at kulturminne tilknytt samferdsel ofte har vorte skadelidande; gamle bru- og gatepartiar har vorte erstatta av nyanlegg, gateparti i byar og tettstadar med gamal bruklegging, hellelegging o.l. har vorte dekt av asfalt, vegutvidingar og nyanlegg har i mange tilfelle ført til riving av eldre verneverdige bygningar og miljø. Store bru- og tunnelprosjekt har erstatta ferjeruter på

sentrale samband og innanfor øygrupper. Rasjonalisering i jernbanetilbodet har ført til at dei mindre stasjonsanlegga utanom Åndalsnes delvis har gått ut av bruk eller endra bruk til heilårs-/ fritidsbustader. Vi har særleg det siste tiåret sett ei endring i vegstyresmaktene si haldning til kulturminne både når det gjeld vern og vedlikehald av vegtekniske kulturminne og når det gjeld innordning og tilpassing av produksjonsmetodar og -materiale i nye veganlegg i forhold til dei kulturmiljø som vi etterlet oss til nye generasjonar.

#### 4.6.07. UNDERVISNING

Det har vore ei stor utvikling innan skolesektoren i løpet av dei siste 250 år. Kring 1740 kom den første kongelegge forordninga om skoleplikt. Skolemeistrane reiste rundt om og heldt skole i heimane. Etter av lov om fast skole kom i 1860, tok ein til å bygge eigne skolestover i kvar skolekrins. Dei første skolestovene var små bygningar med berre eit klasserom samt husvære for læraren. Etter kvar vart skolestovene større og meir raffinerte med fleire klasse- og spesialrom.

Som følgje av sentraliseringa i skoleverket og innføring av ungdomsskole på 1960-talet kombinert med stor vekst i elevtalet, har gjort at dei gamle skolestovene har gått ut av bruk og står i fare for å gå tapt som kulturminne.

Dei gamle skolestovene kan vere ein viktig miljøressurs i lokalmiljøet. Det er døme på at gamle skolestover er omgjort til grendahus o.a.. Det er viktig at skolebygginga og skoleanlegget sin antikvariske og kulturhistoriske verdi så langt råd blir teke vare på.

#### 4.6.08. HUSBYGGING

Fram til 1940 dreiv ein innan norsk bustadbygging og anna byggeverksemd stort sett med vidareutvikling av gamle norske byggeskikkar og arkitekturtradisjonar. Ofte blanda norske tradisjonar seg med utanlandske stilimpulsar i form av stilforvirringa i siste halvdel av 1800-talet, jugendstil og sveitserstil kring århundreskiftet og funksjonalismen i mellomkrigstida. Dette gjorde at ein i Norge i 1940 trass i mange stilvariantar fann ein tydeleg norsk fellesnemnar i arkitekturen.

I gjenoppbygginga etter krigen viste ein sterk vilje til vidareføring av denne gamle bygningsarven. I dei brende byane og tettstadane i Norge vart gamle stilførebilete ført vidare i gjenreisingsarkitekturen. I nye bustadhus brukte ein klassiske tema som portalar rundt inngangsdøra og smårutevindaug i delar av fasaden.

På 1960- og 70-talet skjedde mykje i byggebransjen som langt på veg øydelagde den gamle, nedarva bygningstradisjonen. Byggeskikk og arkitektur med sterke regionale særtrekk vart avløyst av den internasjonale funksjonalismen. Arkitekturen si utforming vart meir og meir diktert av den stadig aukande standardiseringa og rasjonaliseringa innan byggevarerindustrien. Ferdighusa dominerte snart all bustadbygging. Gamal handverks- og materialkunnskap gjekk tapt saman med stoltheita for tomrarfaget. Gamle verneverdige bygningar vart enten sterkt moderniserte eller rivne og erstatta av "tidsmessige" nybygg. Teknikk og økonomi vart sett i høuset.

Arkitekturvernåret 1975 var eit varsko for å redde restane av tradisjonell norsk byggeskikk og arkitektur. Resultatet vart ei aukande vilje og interesse for å rehabiliterare verneverdige

bygningar framfor å bygge nytt. Verneinteressa vart følgd opp av Den Norske Stats Husbank og Landbruksbanken som innførde eiga låneordning for istandsetjing av eldre verneverdige bustadhus. Det oppstod eit stort rettleiingsbehov som dei antikvariske instansane i første omgang ikkje makta å ta seg av. Ein har prøvt å rette på dette med å styrke kapasiteten på rådgivingssida kombinert med utarbeiding av rettleiingshefte som hjelp til sjølvhjelp.

Som ein reaksjon på all bustadbygginga utan regionalt særpreg, har det vore produsert nostalgiske ferdighustypar som ofte er ei nokså krampaktig kopiering av tilfeldige detaljar og enkelttema i eldre norsk og utanlandsk bygge skikk og arkitektur. For å prøve å rette på dette er det arrangert konkurransar om "typehus" tilpassa byggeskikken mellom anna for Vestlandet. Meininga var å prøve å omsette dei karakteristiske i regional byggeskikk til dagens materialbruk, funksjon og teknologi. Det kom fram ein del interessante forslag, men forslaga har ikkje resultert i så mange oppførte bygningar.

Sentralt har det vorte oppretta eit Statens Byggeskikkutval som driv rettleiing og held fram gode eksempel på byggeskikk.

Lokalt har det dei seinare åra vore to samarbeidsprosjekt i Møre og Romsdal om utarbeiding av byggeskikkrettleiarar for eit geografisk område. Det eine gjeld kommunane Aure, Tustna og Smøla og det andre er kommunane Norddal, Stordal og Stranda.

#### 4.6.09. FRILUFTSLIV/REKREASJON

Friluftsliv i fylket i den forma vi kjenner i dag har ei historie tilbake til siste halvdel av 1800-talet med dei tilreisande laksefiskarane og dei første fotturistane og fjellklatrarane. For folk flest har behovet for meningsfylte aktivitetar innanfor friluftsliv og rekreasjon grodd fram saman med regulert lengre ferie og kortare arbeidsdagar; turar i skog og fjell til fots eller på ski, båt- og badeliv, fiske og fangst. Friluftslivet har i seg sjølv ikkje produsert vesentleg av aktuelle kulturminne i dag, men aktivitetane og tilrettelegging for desse får innverknad på kulturminnevernet direkte ved bruk eller indirekte ved påverknad, i særleg grad på minne som er knytt til primærnæringane; naustmiljø og sjøhus, kulturlandskap etter gardsdrift, stølsområde.

I nokon grad kan vi seie at kvaliteten ved dei fysiske omgjevningane våre med omsyn på rekreasjon er avhengig av ei god og aktiv forvaltning av kulturminne, -miljø og -landskap. Godt halde kulturmiljø og -landskap så vel som enkeltbygningar eller -anlegg ber i seg eit tidsperspektiv som går ut over kvardagen vår, og formidlar ein annan rytme enn i vår tid. Ved sidan av den historieforteljande verdien er kulturminna også viktige berarar av identitet. Dei gamle kulturlandskapa inneheld gjerne visuelle strukturar som underbyggjer, differensierar og klargjer innhaldet i landskapet, og busetnaden har i stor grad eintydig og fatteleg brukstilhøve til det kringliggjande landskapet. Alt dette tilseier at eit godt kulturminnevern bør vere i samsvar med friluftslivsinteressene.

Store utfartsstader og viktige utgangspunkt for turar skaper behov for større tilrettelegging når det gjeld parkering og sanitæranlegg. Desse innfallsportane til fjellet er svært ofte samanfallande med stølsområde som kan vere meir eller mindre viktige i kulturhistorisk samanheng. Stor utfart kan innebære slitasje på dei næraste områda. Presset for hytte-

bygging i slike område utgjer ein viktig trussel mot heilskaplege kulturmiljø.

Nye hytter eller tilrettelegging for friluftslivet med rorbuer og spreidd utbygging av moloar for småbåthamnar medfører på same vis eit endringspress mot sjøhus, naustmiljø og kulturlandskap ved fjorden og i kyststrøka med øyer og holmar.

Ny bruk knytt til friluftslivet kan i ein del tilfelle vere med å halde i hevd viktige kulturminne. Vi har tidlegare nemnt lag og organisasjonar sin bruk av gamle jakt- og fiskebuer frå lakselordane si tid. Turistforeiningar har hand om og tar i vare ein del enkeltbygningar og -anlegg i fjellet. Fyrlykter har vorte tatt i vare med bakgrunn i ferie- og friluftsliv. Aktiviteten til friviljuge organisasjonar som Storfjordens venner er ikkje retta mot friluftslivet men får merksemd og skaper interesse for kulturmiljø som turmål både til fots og med båt.

Vi ser i fleire samanhengar at tilrettelegging for friluftsliv og istandsetting/informasjon om kulturminne og -miljø blir samla innanfor eit prosjekt ut frå gjensidig nytte og forståing av ei heilskapleg tilnærming. Til dømes har Elvadalprosjektet i Volda med turveg og kulturminne knytt til elva utløyst statlege tilskotsmidlar (Aksjon vatn miljø).

#### 4.6.10. NATURVERN

Både naturvernet og kulturminnevernet har hatt ei utvikling frå å ha fokus på enkeltobjekt til å vere meir opptatt av større heilskap og miljø. Ein ser på kulturminne som del av eit kulturhistorisk miljø, som element i eit kulturlandskap. Grensegangen mellom urørt natur og menneskjespåverka natur er ofte uklar. Kulturlandskapet er ein møteplass for dei to fagfelte. Naturvernsektoren bør derfor vere ein naturleg samarbeidspartnar for kulturminnevernet på mange område. I den samanheng kan nemnast at Veøy i Romsdal var det første området som med kongeleg resolusjon (6. mai 1970) vart etablert som "vernet natur- og kulturlandskap". Føremålet var å verne både Veøya sitt særprega naturmiljø og øya sitt historiske kulturlandskap – sjå foto neste side. (Veøykaupangen frå mellomalderen, Veøy si romanske steinkyrkje og prestegarden frå 1700-talet). Vern av kulturlandskap har her heimel i naturvernlova sin § 5.

I enkelte utbyggingssaker kan det oppstå konflikt mellom kulturminnevernet og naturvernet. Det gjeld saker der alternativa står mellom inngrep i kulturminne eller inngrep i urørt natur.

#### 4.6.11. VASSDRAGSUTBYGGING/ELEKTRISITETSFORSYNING

Frå 1920-åra og framover, men særleg i etterkrigstida er det bygt ein del store kraftverk med oppdemningar, vassdragsreguleringar og kraftliner som har gjort store inngrep i kulturlandskapet og kulturminne. Seinare planlegging har i større grad teke kulturminneinteresser inn i vurderinga. Det siste steget i utviklinga er planar om utbygging av vindkraft på kysten. Prøvedrift har ein allereie hatt ei tid ved Veidholmen, Smøla. Det er i gang planlegging for utbygging på Harøya i Sandøy, Hustad-Bud i Fræna og på "fast-Smøla". Eit av problema med plassering av store, roterande vindpropellar på høge master er at dei vert svært "visuelle" og kan endre landskapsopplevinga og ta merksemda vekk frå viktige landskapselement som er planlagt bevist med markant plassering og utforming som kyrkjer med tårn.

#### 4.6.12. ANDRE GREINER AV KULTURSEKTOREN

##### *Kyrkje og kyrkjelydsliv*

Statskyrkja er brukara av nokre av dei mest verdfulle kulturminna i Møre og Romsdal, dei gamle kyrkjebygga. Og Opplysningsvesenets Fond er eigar av ei anna gruppe "kulturminne", dei gamle prestegardane. Det var gjerne i utforminga av mellom anna desse bygningskategoriane at nye utanlandske stilimpulsar vart introdusert i Norge.

Det har i fleire høve oppstått konflikt mellom kyrkjelyden som brukar og dei antikvariske styresmaktene når det gjeld vedlikehald, istandsetjing og forslag om ombygging av kyrkjene og prestegardane. Eit problem i gamle kyrkjer med måla dekor er konflikta mellom kyrkjelyden sitt ønskje om behageleg romklima og dekoren si varheit for endringar i temperatur og luftfuktigheit. Eit anna konfliktområde er innpassing av nye orgel i eksisterande kyrkjeinteriør.

I prestegardane kan det vere vanskeleg å fullt ut kombinere bebuarane sine krav til moderne bokomfort med vern av store antikvariske verdiar i hovudbygninga.

##### **Musea**

Fleire av musea i fylket har verneverdige bygningar innanfor museumsområdet. Dette gjeld både dei musea som er på tilskotsordninga og andre museum. I kap 4.4.03 og vedlegg til planen er det gjort greie for freda bygningar på museum og bygningar som er flytta til museum.

Neset prestegard er ei avdeling av Romsdalsmuseet og utgjer vel den største samlinga av freda bygningar (frå same gard) som er knytt til eit museum her i fylket.

Ei problemstilling som har vore reist i høve freda bygningar på museum, er om ein i slike høve skal fjerne vernestatusen. Dette med tanke på at museet står som «garantist» for at dei inngrepa som blir gjort av bygningsmessig karakter, vil vere i tråd med dei tilrådingane som fylkeskonservatoren har gitt. Dette er ei sak som må diskuteras på breitt plan, med alle dei partane det vedkjem.

Dagens museumspolitikk er i langt større grad å bevare bygningar "på rot" fram for å flytte dei til eit "museumsreservat" dersom det er mogleg å få til.

Det har etter kvart utvikla seg haldningar innan museumsvesenet til at det vil vere naturleg at musea (der det er tilsette og/eller aktive styre) er nære samarbeidspartar både for fylkeskonservatoren og kommunen i høve fornminne på eller ved museumsområdet. Både med omsyn til å drive skjøtsel og pleie av slike kulturminne og med omsyn til å formidle kunnskap om fornminna og skape forståing for kvifor vi skal ta vare på dei.



*Veøy med kaupangbukta. Biletet er henta frå fylkeskonservatoren sitt arkiv.*

PLAN FOR KULTURMINNE-  
VERNET I MØRE OG ROMSDAL

DEL AV FYLKESDELPLAN FOR  
KULTUR

**P L A N H E F T E 2**



MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE  
KULTURAVDELINGA

FYLKESHUSET, 6404 MOLDE